

Institutt for ingeniørvitenskap og sikkerhet

Fremjande og hemmande faktorar i samvirke mellom politi og redningstenesta

- Fokus på redningsaksjonar

—

Maria Eknes

Masteroppgave i Samfunnssikkerhet juni 2014

Forord

Denne oppgåva er den avsluttande delen av masterstudiet i samfunnssikkerhet – med fordjupning i sikkerhet og beredskap i Nordområdene. Mastergrada er tatt ved institutt for ingeniørvitenskap og sikkerhet, UIT Norges arktiske universitet. Teljande sider i studiet er 81 sider, medan vedlegga er på 146 sider. Det er vald å ha med alle dei kvantitative funna i vedlegg slik at lesar kan sjå nærare på dei om ynskjeleg.

Eg har hatt fleire viktige hjelparar under arbeidet med masteroppgåva. Difor ynskjer eg her å retta ei takk til dei som har gjeve meg innspel, støtte, vegleiing og motivasjon.

Den viktigaste hjelparen har vore min fabelaktige vegleiar ved UIT, Aud Solveig Nilsen. Takk for eit godt samarbeid. Det at du er tilstades, dine klare tankar og gode poeng, har hjulpet meg. Vidare vil eg retta ei stor takk til Jens Andreas Terum ved UIT. Terum var til stor hjelp ved utarbeiding av det kvantitative studiet. Innleiingsvis fekk eg og gode innspel frå forelesaren som vekte den store interessa mi for krisehandtering, Bjørn Ivar Kruke ved UIS. Den siste eg vil takka frå UIT er min medstudent, Marit Skar. Takk for all den tida vi saman har fordjupa oss i fagteori, og støtta kvarandre, gjennom dette masterstudiet.

Utan tildelinga av forskarstipend frå Frivillige organisasjoners redningsfaglige forum (FORF), hadde ikkje dette studiet fått den breidda den har fått, ved bruk av trianguleringsmetode. Så takk til FORF, og særskilt Siv Hilde Berg, som har lagt til rette for mitt arbeid med denne masteroppgåva.

Takk til alle som har gjeve meg innspel, informasjon og forståing rundt temaet eg har skrive masteroppgåve om. Ikkje minst vil eg takka dei åtte som deltok i kvalitative intervju, og dei 204 stykk som svarta på den kvantitative spørjeundersøkinga.

Til slutt ei stor takk til min sambuar, Ove. Du har vore tolmodig, og ein god motivator!

Oslo, 20. Juni 2014

Maria Eknes

Samandrag

Noreg har ein særeigen redningsteneste. Me har ein redningsteneste der mykje er tufta på dugnad og samvirke. Den seinare tida har fleire kritiske hendingar, både menneskeskapte og naturskapte, ramma Noreg. Terrorhendinga 22 juli 2011 førte til at samvirke har vorte nedfelt som eit prinsipp for den norske redningstenesta.

Denne masteroppgåva ser på kva faktorar som kan fremja og hemma samvirke i den norske redningstenesta. Eg ser særleg på grensesetting til samvirke mellom aktørane politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane, under ein redningsaksjon. Problemstillinga lyder: *Kva faktorar fremjar og hemmar samvirke rundt redningsaksjonar mellom politiet og frivillige redningsorganisasjonar?*

For å kunne svara på denne problemstillinga er det i hovudsak brukt fagteori frå fagfeltet krisehandtering, leiing og avgjerdstaking. Med emne som: planlegging, øvingar, leiing og læring. Studiet er utarbeida ved bruk av trianguleringsmetode. Det er gjennomført kvalitative intervju, og kvantitativ spørjeundersøking. Dette har gjeve oppgåva både djupne og breidde.

Studiet visar fleire fremjande og hemmande faktorar for samvirke mellom aktørane. Felles arenaer for nettverksbygging, som felles sosiale arrangement, øvingar, debriefing og evaluering, er ein fremjande faktor for samvirke. Det kan hemma samvirke når disse arenaane blir brukt i liten, eller ingen grad. Dette vert ofte grunngeve med den faktoren at aktørane har ulike tidsrammer. Vidare treng samvirke ein trygg leiar som kan ta avgjerder, men og er lydhør. Mismatch av leiarrolla er derimot ein hemmande faktor for samvirke. Bruk av rett øvingsform til rett øvingsmål fremjar og samvirke. Her kjem det fram at å gjennomføre felles småøvingar, kan vera vel så effektivt som store felles øvingar.

Innholdsliste:

1.0 Innleiing	15
1.1. Oppgåva sitt formål og problemstilling:	17
1.2. Oppgåva si grensesetting og oppbygging	18
2.0 Presentasjon av aktørane i studiet:.....	21
2.1 Den norske redningstenesta:	21
2.2 Redningsaksjon.....	22
2.3 Politiet:	23
2.4 Frivillige redningsorganisasjonar:	23
2.5 Samvirke	24
3.0 teoretisk rammeverk.....	27
3.1 Definisjon av krise:.....	27
3.2 Krisefasar:	27
3.3. Førfasen av ein redningsaksjon	30
3.3.1 Øvingar	30
3.2.3 Planlegging	32
3.3 Underfasen av ein redningsaksjon	34
3.3.1 Leiing	34
3.3.1.1 Leiingstilnærming	34
3.3.1.2 Leiingsstil	35
3.3.1.3 Avgjerdstaking	35
3.3.1.4 Leiing og organisasjonsstruktur	37
3.4 Etterfasen av ein redningsaksjon.....	39
3.4.1 Læring	39
3.4.2 Debriefing	40
4.0 Metode:.....	43
4.1 Forskingsstrategi:	43
4.1.1 Forskingsparadigme:	43
4.2 Metodeval:.....	44
4.2.1 Kvalitativ metode:	44
4.2.2 Kvalitative intervju	45
4.2.3 Dokumentanalyse:	46
4.2.4 Kvantitativ metode:	46
4.2.4.1 Survey	47
4.2.5 Trianguleringsmetode:	47
4.3 Utval:	49
4.4 Innhenting av data:	50
4.5 Analyse av data:	51
4.6 Utfordringar og avgrensingar:	53
4.6.1 Metodeval:	53
4.6.2 Utfordringar og avgrensingar si påverknad på studiet:	53
4.7 Reliabilitet og validitet	54
4.8 Ethiske vurderingar:	57
5.0 Analysekapittel:	59
5.1 Kvalitativ analyse:.....	59
5.1.1 Førfasen av ei redningsaksjon:.....	59
5.1.2 Underfasen av ein redningsaksjon:	63
5.1.3 Etterfasen av ein redningsaksjon	65
5.2 Kvantitativ analyse:	67

5.2.1	Deskriptiv statistikk over utvalet:	68
5.2.2	Deskriptiv statistikk over faktorar som kan påverke samvirke:	69
5.2.3	Førfasen av ei redningsaksjon:.....	70
5.2.4	Underfasen av ei redningsaksjon:	76
5.2.5	Etterfasen av ei redningsaksjon:	79
6.0	Drøfting	83
6.1	Førfasen	83
6.1.1	Nettverksbygging	83
6.1.1.1	Nettverksbygging som suksessfaktor:.....	83
6.1.1.2	Manglande arena for nettverksbygging er ein hemmande faktor:	84
6.1.1.3	Arenaar som kan føre til meir nettverksbygging:	84
6.1.2	Planlegging.....	85
6.1.2.1	Planlegging, ein alfa og omega-faktor for godt samvirke:.....	85
6.1.2.2	Informasjonsinnhenting og informasjonsdeling ein suksessfaktor for samvirke:.....	85
6.1.2.3	God planlegging fører til rett bruk av ressursane og vice versa:	85
6.1.2.4	Tidleg varsling og innhenting av nok ressursar som ein fremjande faktor for planlegging og samvirke:	86
6.1.2.5	Planlegging som ein prosess:.....	86
6.1.3	Øvingar.....	87
6.1.3.1	Småøvingar sett opp mot storøvingar:.....	87
6.1.3.2	Aktørane inviterar kvarandre til øvingar, men møter ulike hinder som stoggar deltaking:	87
6.2	Underfasen.....	88
6.2.1	Ein trygg og lydhør leiar fremjar samvirke:	88
6.2.2	Ein leiar må kunne ta avgjerder:.....	88
6.2.3	Mismatch av leiarrolla:	89
6.3	Etterfasen	90
6.3.1	Læring	90
6.3.1.1	Debriefing	90
6.3.1.2	Evaluering.....	91
6.4	Drøfting del to:	91
6.4.1	Refleksjonar rundt det metodiske rammeverket:.....	91
6.4.2	Andre studiar funn og refleksjonar rundt nokon hovudfunn:	92
6.4.3	Prøveprosjekt:	96
7.0	Konklusjon:.....	99
8.0	Kjeldeliste.....	101
	Andre kjelder:	103
9.0	Vedlegg.....	105

Liste over tabellar, modellar og figurar:

Tabell nr. 1 Oppbygging av oppgåva. s. 19.

Tabell nr. 2 Ei eksempelvis oversikt over deltakande aktørar under ein redningsaksjon. s. 22.

Tabell nr. 3 Øvingsformane sitt virkeområde. s. 31.

Tabell nr. 4 Retningslinjer for kriseplanlegging. s. 33.

Tabell nr. 5 Oversikt over metodisk bruk. s. 48.

Tabell nr. 6 Oversikt over informantane i det kvalitative studiet. s. 49.

Tabell nr. 7 Hovudfunn i den kvalitative analysen. s. 67.

Tabell nr. 8 Svaralternativa i matrisespørsmåla. s. 68.

Tabell nr. 9 Utvalet sin organisasjonstilhøyring. s. 68.

Tabell nr. 10 Utvalet si geografiske fordeling. s. 69.

Tabell nr. 11 Arenaar brukt for nettverksbygging. s. 71.

Tabell nr. 12 Læringsutbytte av stor øvingar og mindre øvingar. s. 75.

Tabell nr. 13 Funn rundt tillit til innsatsleiar og fagleiar. s. 76.

Tabell nr. 14 Funn rundt leiingsevna til innsatsleiar og fagleiar. s. 77.

Tabell nr. 15 Fasar og faktorar som vert drøfta. s. 83.

Modell nr. 1 Samvirke og redningstenesta. s. 16.

Modell nr. 2 Fasar i krisehandtering. s. 29.

Modell nr. 3 Påverkande faktorar i dei ulike fasane av kriseutvikling. s. 29.

Modell nr. 4 Slutningsprosess i innsatsleiing. s. 37.

Modell nr. 5 Analyse av kvalitative data. s. 52.

Modell nr. 6 Felles retningslinjer som fremjande faktor. s. 70.

Modell nr. 7 Etablert felles arena som fremjande faktor. s. 72

Modell nr. 8 Tidlig varsling som fremjande faktor. s. 73.

Modell nr. 9 Informasjonsinnhenting før aksjon som fremjande faktor. s. 74.

Modell nr. 10 Planlegging mellom aktørane i KO som fremjande faktor. s. 74.

Modell nr. 11 Felles øvingar som fremjande faktor. s. 76.

Modell nr. 12 Erfaren innsatsleiar/fagleiar som fremjande faktor. s. 78.

Modell nr. 13 Lydhør innsatsleiar/fagleiar som fremjande faktor. s. 79.

Modell nr. 14 Lite læringsfokus som hemmande faktor. s. 79.

Modell nr. 15 Gjennomføring av debriefing. s. 80.

Modell nr. 16 Debriefing som ein fremjande faktor. s. 80.

Figur nr. 1 Krisefaser som en sirkulær prosess. s. 28.

Liste over forkortinger:

ELM = Experiential Learning Model

FORF = Frivillige Organisasjoners redningsfaglige forum

HRS = Hovedredningssentral

KO = Kommandoplass

LRS = Lokale redningssentral

NDM = Naturalistic Decision Making. Norsk oversetjing: Naturalistisk slutningstaking

NOU = Noregs offentlige utredninger

NSD = Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste

SKL = Skadestedsledelse

St.meld. = Stortingsmelding

Definisjonsliste:

Redningsteneste: «Med redningstjeneste forstås den offentlige organiserte virksomhet som utøves i forbindelse med øyeblikkelig innstas for å redde mennesker fra død og skader som følge av akutte ulykkes- eller faresituasjoner, og som ikke blir ivaretatt av særskilt opprettede organer eller ved særlige tiltak» (Det Kgl. Justis og politidepartementet, 1999).

Ansvarsprinsippet: «Ansvarsprinsippet innebærer at den etat som har ansvar for et fagområde i en normalsituasjon, også har ansvaret for å håndtere ekstraordinære hendelser på området» (Det kgl. Justis- og politidepartementet. St.meld. nr. 22, 2007:10).

Likhetsprinsippet: «Likhetsprinsippet betyr at den organisasjon man opererer med til daglig skal være mest mulig lik den organisasjon man har under kriser» (Det kgl. Justis- og politidepartementet. St.meld. nr. 22, 2007:10).

Nærleiksprinsippet: «Nærhetsprinsippet innebærer at kriser organisatorisk skal håndteres på et lavest mulig nivå» (Det kgl. Justis- og politidepartementet. St.meld. nr. 22, 2007:10).

Samvirkeprinsippet: «Samvirkeprinsippet stiller krav til at myndighet, virksomhet eller etat har et selvstendig ansvar for å sikre et best mulig samvirke med relevante aktører og virksomheter i arbeidet med forebygging, beredskap og krisehåndtering» (Det kgl. Justis – og beredskapsdepartementet. Meld. St. 29. 2011-2012:39)

Dugnadsprinsippet: Ideèn med dugnadsprinsippet er at alle ressursar på ulike nivå frå statlege til frivillige skal registrerast, trenast, organiserast og mobiliserast for innsats i redningstenesta (Det Kgl. Justis og politidepartementet, 1999).

Kommandoplass: ”Sted hvor innsatsleder fra politiet og andre lederressurser koordinerer og leder søket fra. Da kalles det IL-KO (innsatsleders KO)” (Nasjonalt redningsfaglig råd, 2013, s. 7).

1.0 Innleiing


Samfunnssikkerhet er eit omgrep som har fått stadig større merksemd dei siste åra, blant styresmakter, privat og offentlig sektor, og lekfolk. Definisjonen på samfunnssikkerhet lyder slik; *”(...) den evne samfunnet har til å opprettholde viktige samfunnsfunksjoner og ivareta borgernes liv, helse og grunnleggende behov under ulike former for påkjenninger ”* (St.meld. nr.17, 2002:4). For å nå målet om god samfunnssikkerhet treng vi eit robust samfunn som forebyggjer, planlegg og handterer hendingar på best mogleg måte med bruk av rette menneskelege og tekniske ressursar. Ulike hendingar treng ulik handtering. I denne masteroppgåva er fokuset sett på redningstenesta si handtering av redningsaksjonar. Noreg er eit langstrakt land i nord med variert natur. Veret er også skiftande frå fine solfylte dagar til meir krevjande forhold med sterk vind og store nedbørmengder. Temperaturen kan variere frå minus 50 til 35 varmegrader (Det Kgl. Justis og politidepartementet, 1999). Menneske er busett i ulike delar av landet. Dette er forhold som har vore med på å utarbeide Noreg sin særeigne oppbygging av redningstenesta. Redningstenesta er definert slik;

Med redningstjeneste forstås den offentlige organiserte virksomhet som utøves i forbindelse med øyeblikkelig innstas for å redde mennesker fra død og skader som følge av akutte ulykkes- eller faresituasjoner, og som ikke blir ivaretatt av særskilt opprettede organer eller ved særlige tiltak (Det Kgl. Justis og politidepartementet, 1999).

Ei kort historisk gjennomgang av redningstenesta og samvirkeprinsippet: I 1970 vart det vedtatt ein organisasjonsmodell for Norsk redningsteneste. Med små endringar brukar vi same modell i dag. Ingen etat, institusjon eller organisasjon har det overordna ansvaret for redningstenesta. Utøvinga er eit samvirke mellom ei rekkje etatar og organisasjonar (sjå modell 1). Slik er tenesta organisert ved bruk av naudetatar, frivillige redningsorganisasjonar og private ressursar (Det Kgl. Justis og politidepartementet, 1999). Det er fire styrande prinsipp som ligg til grunn for norsk samfunnssikkerhet- og beredskapsarbeid. Disse er; ansvarsprinsippet, likskapsprinsippet, nærleiksprinsippet og samvirkeprinsippet (for definisjon av disse, sjå definisjonslista). Dei tre fyrstnemnte prinsippa, og den eksisterande redningsorganisasjonen, er fastsett i Kongelig. res. av 4. juli 1980¹, medan samvirke vart stadfesta som eit prinsippet i samfunnssikkerhetsarbeidet etter 22 juli 2011. Dette studie vil sjå vidare på samvirkeprinsippet og korleis ein kan fremja og hemma samvirke gjennom ulike påverkande faktorar. Samvirkeprinsippet er ein av berebjelkane i den norske redningstenesta

¹ Ei ny Kongelig res. er no på høyring.

og er definert slik: «Samvirkeprinsippet stiller krav til at myndighet, virksomhet eller etat har et selvstendig ansvar for å sikre et best mulig samvirke med relevante aktører og virksomheter i arbeidet med forebygging, beredskap og krisehåndtering» (St.meld. nr. 29 2011, s. 39). Dette prinsippet plikter alle offentlige etatar med søk – og redningsressursar til å delta i redningsarbeid. Dette inneber også planlegging, øvingar, personell og mannskap som kan handtere rådgjevingsfunksjonar. Dette skal vera til kostnadsfri disposisjon for landets 2 hovudredningsentralar (HRS) og dei 28 lokale redningsentralane (LRS) (Det Kgl. Justis og politidepartementet, 1999). St.meld. nr. 86 (1961-62) skildrar korleis alle offentlege etatar må delta i redningsaksjonar med eigna og tilgjengelege ressursar. Dette er fyrste gong samvirkemodellen vert forslått. Vidare visar NOU 2001: 31 til at samvirkemodellen vart etablert då den moderne organiseringa av redningstenesta vart etablert i 1970. Samvirke vart etablert som eit prinsipp innan samfunnssikkerhetsarbeidet etter 22 juli 2011. Per dags dato vert samvirkeprinsippet belyst som eit viktig og prioritert moment for norsk samfunnssikkerhet (NOU 2012: 14).



Modell 1. Samvirke i redningstenesta.

(NOU 2001: 31, 2001, s. 23).

Sidan slutten av 1990 talet har Stortinget og regjeringa satt sikkerhet og beredskap høgt på dagsorden, gjennom stortingsmeldingar, offentlige utredningar og lovgivingsarbeid (NOU, 2012: 14). Samstundes har Noreg vorte råka av fleire alvorlege hendingar den siste tida. Både menneskeskapte hendingar som 22 juli 2011, og naturskapte hendingar som ekstremværet Dagmar i 2011, storbrannen i Lærdal i 2014 og skogsbrannen i Trøndelag i 2014. Vidare ser vi nasjonale endringar som at bruk av naturen på fritida har auka² (Ssb, 2011).

Ekstremporten når stadig nye høgder med talet på deltakande og størrelsen på risikoen dei

² Tal frå statistisk sentralbyrå visar at åtte av ti nordmenn var på fottur på fjellet eller i skogen i 2011 (Ssb, 2011).

tek. Samstundes med disse endringane ser ein ei auke av redningsaksjonar (Kulø, O., Tronstad, S., Gladsø, O., og Halvorsen, J., 2007). Internasjonalt er og risikobilete i endring som førar til at vi må handtere samfunnsutfordringar som terror, klimaendringar, stadig fleire humanitære kriser, kjemisk krigføring, fare for epidemiar med meir (St.meld. nr. 22, 2007). Dette kan føre til fleire og krevjande redningsaksjonar for den norske redningstenesta i tida som kjem.

I offisiell samanheng i Noreg omfattar uttrykket redningsteneste akuttinnsats, herunder leiteaksjonar for å redde menneske frå død eller skade (NOU, 2001: 31). Politiet har den leiande rolla i ein redningsaksjon og er dermed ein viktig aktør med mykje ansvar. Politiet lyt difor kunne samhandla med dei andre aktørane. Vidare er Noreg sin redningsteneste spennande grunna at den er tufta på dugnadsånd, med andre ord dei frivillige organisasjonane. *«Et meget viktig element i norsk redningstjeneste er de frivillige redningsorganisasjonene (...) Det er særlig ved leteaksjoner i skog og fjellterreng og ved førstehjelpsinnsetts at de frivillige kan stille store lokalkjente og trenede styrker til rådighet»* (St.meld. nr. 22, 2007, s. 58). Det er såleis viktig å få fram det beste i ressursane ein har til rådvelde. Dette krev godt samvirke mellom dei ulike aktørane. Då Noreg vart utsett for terror den 22 juli 2011 var både politietaten og tre av dei frivillige redningsorganisasjonane deltakande i redningsaksjonen³. Gjørv rapporten gjer ros til redningsorganisasjonane, mens politietaten får konstruktiv kritikk (NOU 2012: 14).

1.1. Oppgåva sitt formål og problemstilling:

Gjennom masterfaget krisehandtering vart det presentert fleire faktorar som kan påverka i førfasen, underfasen og etterfasen av ei krise. I dette studiet vert det stilt spørsmål om disse fasane, samt faktorar som eg har henta informasjon om ut frå anna litteratur og nøkkelpersonar, kan fremja eller hemma samvirke mellom aktørane politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane.

Samvirkeprisnippet får stadig meir fokus i takt med at vi har opplevd fleire krevjande hendingar den seinare tida. Når ein og ser ei auke i redningsaksjonar viser dette at vi treng ein godt førebudd redningsteneste som kan samhandla på best mogleg måte under redningsaksjonar. Kanskje kan faktorar som i dag hemmar samvirket, med små grep bli ein fremjande faktor? Kanskje betre kjennskap via øvingar og felles kurs kan føra til betre

³ Norsk Folkehjelp Sanitet, Norske Redningshunder og Norsk Røde Kors Hjelpekorps.

samvirke? Små grep kan kanskje gje eit betre samvirke under redningsaksjonar og slik føre til betre samfunnssikkerhet i Noreg. Dermed synest eg dette er eit viktig samfunnstema som treng å bli tatt opp i tida vi no er inne i, med stadig nye utfordrande samfunnshendingar. Underteikna har fått tildelt forskarstipend frå Frivillige organisasjonar redningsfaglige forum (heretter kalla FORF). Problemstillinga er dermed utarbeida i samarbeid med styret i FORF.

Problemstilling:

Kva faktorar fremjar og hemmar samvirke rundt redningsaksjonar mellom politiet og frivillige redningsorganisasjonar?

1.2. Oppgåva si grensesetting og oppbygging

For å klara svara på problemstillinga lyt ein sette avgrensingar for studiet. Studiet er grensesett til samvirke mellom politiet og frivillige redningsorganisasjonar rundt ein redningsaksjon. I dette studiet gjeld det dei redningsaksjonar der det er akutte situasjonar, med fare for helse og liv. I det kvalitative studiet er det vald å ha med to politidistrikt, medan det er tatt med tre politidistrikt i det kvantitative studiet. Det kunne tenka seg å vera interessant å sjå på samvirkeprinsippet mellom dei frivillige redningsorganisasjonane og alle naudetatane, men her vart det grensa til politiet.

I dette studiet er det brukt både kvalitativ og kvantitativ metode, dermed er det brukt trianguleringsmetode. Dermed har eg gjort to ulike studie i ei oppgåva. Dette har ført med seg fordeler, som eit styrka studie med breidde, samt gjeitt innsikt i ulike metodar og dermed auka læringsverdien for underteikna. Vidare er ein konsekvens at oppgåva, med bruk av trianguleringsmetode, har vorte noko lenger enn det rammeverket UIT Noregs arktiske universitet sette. Likevel er mykje av innhaldet på sidene tabellar og modellar, dermed kan omfanget av oppgåva opplevas som lengre enn kva det er.

Tabell nr. 1 Oppbygging av oppgåva.

Kapittel	Sidetal	Kapittelet sitt formål
Kapittel 1 - Innleiing		Utgreiing av oppgåva sitt tema og problemstilling. Presentere studie si grensesetting og oppgåva si oppbygging.
Kapittel 2 – Presentasjon av aktørane i studiet		Informasjon om den norske redningstenesta samt presentasjon av politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane.
Kapittel 3 – Teoretisk rammeverk		Teoretiske rammeverk.
Kapittel 4 - Metode		Metodiske val, samt gjennomføring av studiet. Det vert også lagt fram kritisk refleksjon rundt påverknad av dei metodiske val og grensesettingar som er gjort.
Kapittel 5 - Funn		Kapittelet deles i to: - kvalitativ analyse og funn. - kvantitative analyse og funn.
Kapittel 6 - Drøfting		Det teoretiske rammeverket vert sett opp mot funna som er gjort. Faktorar som svarar på problemstillinga vert reiegjort for og drøfta.
Kapittel 7 - Konklusjon		Konklusjonen svarar på problemstillinga, samt gjer ei oppmoding om kva forskning som kan belysa temaet ytterligare.

Her har vi sett på bakgrunnen for temaet som er vald. Problemstillinga og grensesettinga til studiet har og vorte presentert. I neste kapitel vert redningstenesta og dei aktuelle aktørane presentert ytterlegare.

2.0 Presentasjon av aktørane i studiet:

I dette kapitelet skal vi bli betre kjent med det særleine norske redningstenesta. Vi skal sjå på kva ei redningsaksjon er og kva rolle politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane har under i redningsaksjon.

2.1 Den norske redningstenesta:

I innleiinga har eg allereie definert og presentert noko informasjon om redningstenesta. Med bakgrunn i det skal vi her sjå litt nærare på redningstenesta. Redningstenesta i Noreg er særleien og i stor grad tufta på dugnadsprinsippet. Dugnadsprinsippet er definert slik: Ideèn med dugnadsprinsippet er at alle ressursar på ulike nivå frå statlege til frivillige skal registrerast, trenast, organiserast og mobiliserast for innsats i redningstenesta (Det Kgl. Justis og politidepartementet, 1999). Dugnadsprinsippet sin ide er å inkluderar alle ressursar i redningstenesta (Det Kgl. Justis og politidepartementet, 1999). Dugnadsprinsippet er og brukt i anna redningsarbeid og beredskapsarbeid enn akutte redningsaksjonar, som vi ser på i dette studiet. Alle ressursar (statlige, fylkeskommunale, kommunale, private eller frivillige), som er egna for akuttinnsats for å redde liv, vert registrert, organisert og trent, for å bli brukt i innsats i den offentlege koordinerte redningstenesta NOU, 2001: 31

I offisiell samanheng i Noreg omfattar uttrykket redningsteneste akuttinnsats, herunder leiteaksjonar for å redde menneske frå død eller skade (NOU, 2001: 31). Stortingsmelding nummer 22 frå 2007 visar til at Noreg er eit tynt folkesett land med store land og havområde. Å bygga opp eigne, faste redningsstyrkar er difor verken hensiktsmessig eller mogleg. Dermed vert ressursane frå det offentlige, frivillige og privat nytta (St.meld. nr. 22, 2007).

Redningstenesta har ansvar for redning til sjøs, på land og i lufta. Koordineringa av redningsaksjonar vert gjort av Noregs Hovudredningssentralar(HRS)⁴, eller dei underordna Lokale redningssentralane(LRS)⁵. Ved luft – og sjøredning har HRS det overordna operative ansvaret, medan landredning i dei fleste tilfella vert handtert av LRS. Kjernen i redningstenesta sitt arbeid til lands består av akuttetatane politi, brannvesen og helsetenesta (NOU, 2001: 31), saman med frivillige redningsorganisasjonar og Sivilforsvaret (NOU, 2001: 31). Ressursane deltar i ein redningsaksjon etter oppmoding frå leiinga ved HRS eller LRS (St.meld. nr. 22, 2007).

⁴ Det er to HRS i Noreg, lokalisert på Sola og Bodø (Det Kgl Justis – og politidepartementet, 1999)

⁵ Det er 28 LRS, lokalisert ved alle landets 27 politidistrikt samt Sysselmannen på Svalbard (Det Kgl Justis – og politidepartementet, 1999)

2.2 Redningsaksjon

Den operative styringa av ein redningsaksjon skjer på 3 nivå; på skadestaden, LRS og HRS⁶.

Dei to fyrste nivåa handterer dei fleste redningsaksjonane. Alle søks – og redningsaksjonar vert rutinemessig rapportert inn til HRS. HRS overtar sjeldan den direkte styringa, men overvakar det heile. Dei har og ein rådgjevande rolle, og framskaffar ressursar utanfor politidistriktet om det er naudsynt (Det Kgl Justis – og politidepartementet, 1999).

Ein redningsaksjon startar ved at hendinga vert rapportert inn til redningstenesta (Det Kgl Justis – og politidepartementet, 1999) Operativleiar vurderar meldinga og informerer vidare til eventuelle aktørar. Det er politiet som er skadestadsleiar. Hovudoppgåvene til skadestadsleiar, (heretter kalla innsatsleiar) er å tilrettelegga for faginnsetts og koordinering av ressursar og støttefunksjonar (NOU, 2001: 31). Innsatsleiar har dermed overordna styring, etterretning, sambandsleiing og logg-føring. Det vert kontinuerlig haldt kontakt med LRS som gjer naudsynt støtte, samt står for innkalling av eventuelle rådgjevarar. LRS tar seg og av informasjonsverksamheita i forbindelse med redningsarbeidet (Det Kgl Justis – og politidepartementet, 1999).

Det vert oppretta eit kommandoplass (heretter kalla KO). Det skal fungere som eit samlepunkt for dei involverte aktørane i redningsaksjonen. Frå politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane vil det vera fleire delaktige under ein redningsaksjon. Tabellen under visar eit eksempel på eit typisk oppsett på kva ressursar som er med under ein redningsaksjon. Dette oppsettet vart vist til underteikna under det årlege FORF seminaret i 2013.

Tabell nr. 2 Ei eksempelvis oversikt over deltakande aktørar under ein redningsaksjon.

	Innsatsleiar	
Politi: hundeførar	Norske Redningshunder (NRH): leiarhund	Frivillige redn.org.: fagleiar
Politi: loggførar	NRH: redningshundar	Frivillig redn.org.: samband mannskap

I *Den norske redningstjeneste* utgitt av Det Kgl Justis – og politidepartementet i 1999 vert det påpeika at etter at redningsapparatet har vorte varsla om ei fare- eller ulykkessituasjon, er det

⁶ 1. Operativ styring og koordinering på skadested – Skadestedsledelse – SKL

2. Samordning av innsats fra lokal redningssentral – LRS

3. Overordnet koordinering fra vedkommende hovedredningssentral på Sola eller i Bodø – HRS – ved meget omfattende eller langvarige aksjoner som krever mobilisering av sentrale ressurser og faglig kompetanse ((Det Kgl Justis – og politidepartementet, 1999:27).

avgjerande at den etterfyljande redningsaksjonen føregår så effektivt som mogleg. Her treng ein å setje inn dei rette ressursane så fort som mogleg, og ein må bruka dei på ein effektiv måte.

”Det må være et klart definert styringsapparat med omfattende fullmakter som operer i samsvar med et planverk og forberedte prosedyrer og rutiner. Disse prosedyrene må være aksepterte og velkjente i alle deltakende ledd gjennom informasjon, grunnutdanning, kurs og øvelser” (Det Kgl. Justis og politidepartementet, 1999, s. 27).

2.3 Politiet:

Politiet er ein av Noregs tre naudetatar. Ved eit ulykkestilfelle har politiet ulike oppgåver. Dette er nedfelt i § 12-2 i politiinstruksen⁷.

Politiet plikter å sette iverk, lede og organisere ettersøking- og/eller redningsaksjoner av en hvilken som helst art i samsvar med organisasjonsplan for redningstjenesten, fastsatt ved kgl. res. av 4. juli 1980. (...) Hvis ikke annen myndighet er pålagt ansvaret, skal politiet også ellers forestå redning av person eller gods som er eller står i fare for å bli skadet, og i tilfelle gjøre det som er mulig for å begrense skaden eller avverge faren (NOU 2001: 31, s. 35).

Vidare pålegg § 27 i politiinstruksen og Direktiv for politiet om redningsteneste at politiet i dei fleste tilfella har ansvaret for å samkøyra og koordinera innsatsen i redningsaksjonen (NOU 2001: 31).

2.4 Frivillige redningsorganisasjonar:

Eit sentralt element i redningstenesta er frivillige redningsorganisasjonar. Disse organisasjonane bidrar på frivillig basis. Alle medlemma i dei ulike frivillige redningsorganisasjonane har gjennomgått utdanning og trenar jamnleg. Dei frivillige er registrerte hjå redningssentralen og kan dermed vert oppmoda om innsats viss det er behov for disse ressursane (Det Kgl. Justis og politidepartementet, 1999) ”*Det er særlig ved leteaksjoner i skog og fjellterreng og ved førstehjelpsinnnsats at de frivillige kan stille store lokalkjente og trenede styrker til rådighet* (St.meld. nr. 22, 2007, s. 58). Den frivillige innsatsen består av fleire større og mindre organisasjonar som er under samordningsorganet Frivillige organisasjoners redningsfaglige forum (FORF). Det aktive medlemstalet er rundt 20 000 (St.meld. nr. 22, 2007). Dei ni store organisasjonane i den frivillige redningstenesta vert representert i FORF⁸.

⁷ Resten av § 12-2 i politiinstruksen:

(...) og for øvrig sørge for opprettholdelse av den alminnelige orden og sikkerhet på stedet. Så langt tjenesten og forholdene ellers tillater, kan politiet også bistå ved berging av gods. Videre har politiet plikt til å ettersøke personer som er kommet bort under omstendigheter som gir grunn til å anta at det har skjedd eller kan skje en ulykke (...) (NOU 2001: 31, s. 35).

⁸ Dei redningsorganisasjonane som er medlem i FORF er: Norsk grotteforbund, Norsk Radio Relæ Liga, Norsk Folkehjelp Sanitet, Norske Redningshunder, Redningselskapet Sjøredningskorps, Rovernes Beredskapsgruppe,

Spennvidda til disse organisasjonane går frå beredskap på ope hav, til lands, i snødekte vinterland og til krevjande alpin fjellredning⁹. Den Noregs redningstenesta er heilt avhengig av dei frivillige redningsorganisasjonane (NOU 2001: 31, St.meld. nr. 22, 2007, Det Kgl. Justis og politidepartementet, 1999) Dermed er ein og avhengig av ei stor nok, og kompetent medlemsmasse. Ein lyt difor driva eit aktivt arbeid med medlemsverving. Samstundes som ein må vera bevisst på å bruke dei frivillige under redningsaksjonar og gje dei utfordrande oppgåver som appellerer til vidare innsats (St.meld. nr. 22, 2007). ”Ved å involvere de frivillige i fleste mulig aksjoner og andre aktiviteter bidrar man til å styrke motivasjonen blant medlemmene, styrke rekrutteringen og øke kompetansen” (St.meld. nr. 22, 2007, s. 58).

2.5 Samvirke

Som vi ser her er det fleire etatar og organisasjonar involvert i redningsaksjonar. For ein god aksjon er det viktig å fylgja prinsippa redningstenesta er bygd på, og her særskilt samvirkeprinsippet. Som kjent er samvirkeprinsippet eit viktig prinsipp for den norske redningstenesta. NOU 2001: 31 ser på nokon fortrinn som kjem med bruk av samvirkeprinsippet. Disse er at prinsippet gjer alle offentlige ressursane tilgjengelige, samstundes som det opnar for deltaking frå frivillige og private aktørar. Ein forutsetning for samvirkeprinsippet er ei særskilt samordning mellom aktørane som er involverte (NOU 2001: 31). I FORF sin rapport *What if*, frå 2007 påpeikar forfattarane at dei frivillige redningsorganisasjonane møter velvilje frå dei nasjonale myndigheta. Dei påpeikar og at det skjer mykje godt samvirke rundt søk etter sakna personar, og andre redningsaksjonar. Likevel slår dei fast i rapporten at samvirke må få fornya kraft (Kulø et al., 2007). Om samvirke mellom dei frivillige redningsorganisasjonane og dei aktuelle myndigheter hevdar NOU 2001: 31 at det er fleire betingelsar som må føreliggja. Disse betingelsane har både det offentlege og dei frivillige redningsorganisasjonane ansvar for å oppfylle. Kortfatta er desse betingelsane:

- Dei ansvarlege myndigheitane må kjenna dei ulike organisasjonane og deira ressursar.

Norges Røde Kors Hjelpekorps, Kontaktutvalget for de alpine fjellredningsgruppene, NAKs Flytjeneste (Kulø et al., 2007).

⁹ Kort oppsummert har FORF beredskap for:

Bruk av hunder til søk under alle forhold.

Mannskaper til søk og redning under alle forhold. Redningsskøyter til søk og redning under alle forhold, på sjø og vann.

Ressurser til forsterkning av samfunnets innsats ved katastrofer og større hendelser.

Evne til å støtte aksjoner med fly.

Evne til å støtte aksjoner med samband som gir dekning under alle forhold.

Ressurser til alpin fjellredningstjeneste, alene eller sammen med helikopterressurser.

Ressurser til redning i grotter (Kulø et al., 2007)

- Organisasjonane må oppgje kva menneskelige og materielle ressursar dei har, samt responstida deira.
- Varslingsrutine skal vera avtalte og må øvast på.
- Det må vera samordning i forhold til det offentlege (her politiet), og dei frivillige organisasjonane sitt utstyr, sine rutinar, og deira kompetanse.
- Samspel med redningsleiinga og eventuelle andre innsatsstyrkar må vera øvd på.
- Dei frivillige organisasjonane må bli tatt i bruk. Dette vert grunngjeve både ved at erfaring gjer ei god øving, men og det faktum at motivasjon og verving stoppar viss ikkje det er eit synleg behov for dei frivillige (NOU 2001: 31).

I dette kapitelet har vi fått eit innblikk i den norske redningstenesta, samt politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane si rolle. I neste kapitel skal vi sjå på teori rundt ulike faktorar som kan tenkjast på påverka samvirke mellom disse to aktørane.

3.0 teoretisk rammeverk

I dette kapitlet vert den teori som ligg til grunn for utarbeiding av dette studiet presentert. Tema som er tatt med er i hovudsak henta frå fagfeltet krisehandtering, leing og avgjerdstaking. Dette er tema underteikna tenkjer kan ha forklaring, i fremjande eller hemmande retning, for samvirke rundt redningsaksjonar, mellom politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane.

3.1 Definisjon av krise:


I Rosenthal, Boin og Comfort (2001) er krise definert slik: *Alvorlig trussel mot grunnleggende strukturer, eller fundamentale verdier og normer av et system som under tidspress og høgt usikre forhold nødvendiggjør bruken av kritiske avgjørelser* (Rosenthal et al., 2001, s. 8). Denne definisjonen er her oversatt frå engelsk til norsk (av underteikna).

3.2 Krisefasar:

Kruke samt forskarar som Turner, Ursano og Olsson presenterar krisa i ulike fasar (Kruke, 2012, Turner 1976, Ursano 1995). Turner (1976) har studert tidligare storulykker. Ut frå dette viste det seg fleire like fasar i utvikling av disse ulykkene. Turner har dermed funne at ein kan dele kriser inn i seks krisefasar. Disse er 1. *Normalfasen*. 2. *Inkubasjonsfasen*. Her vert det utspelt ulike faktorar som påverkar hendinga vidare. Nokon av disse faktorane er den enkelte si tru og persepsjon av situasjonen, ignorering av innrapporterte avvik og klagar, lokkeduefenomen (merksemda vert retta mot ein anna retning, enn der faren faktisk utspelar seg), informasjonsproblem og bakgrunnsstøy, involvering av utanforståande, utdaterte forskrifter, og minimering av det gjeldande problemet. 3. *Den utløysande hendinga*. Dette førar vidare til fase 4. som er *onset-fasen*, sjølv utbrotet av hendinga. For å handtere situasjonen går ein inn i fase 5. *rednings og bergingsfasen*. I den siste fasen 6. er det eit kulturelt endringspunkt. I denne fasen definerar ein nye retningslinjer og forhandsreglar, og ein avdekkar dei eventuelle problemområda som vart synlege under hendinga (Turner, 1976). Slik vert det som ei lærande og endrande fase etter sjølv hendinga. I kapitlet om avgjerdstaking, side 35, vert det vist eksempel på fase 3 og fase 4.

Gjennom teksten over har vi sett litt på ein teoretikar sin krisefase. Vidare vert det kort presentert eit par teoretikarar til, slik at ein får ei større oversikt over måtar å dela krisefasar inn. Ursano delar krisefasane inn i: steady state, crisis, disaster impact og afterperiods. Medan Olsson har fasane: Før katastrofen, katastrofen utspiller seg, respons, gjenvinning og gjenoppbygging (Kruke, 2013).

Kruke (2012) har ein enklare inndeling av krisefasar, med tre fasar; før- under- og etterfasen. Han ser på korleis disse prosessane påverkar kvarandre og er ei sirkulærprosess. Kruke (2012) ser at kriser oppstår, men etter ei krise kjem ei ny normaltilstand. Dette skjer før ei ny førkrisefase oppstår. Han påpeikar at det under etterfasen er viktig å ta lærdom av den tidligare hendinga og førebu seg best mogleg til kommande hendingar. Ein treng dermed å evaluera og læra av erfaringar. Slik når ein ei ny førkrisefase med større robust evne til å takle denne. (Kruke, 2012)




Figur nr. 1 Krisefaser som en sirkulær prosess (Kruke, 2012).

Gjennom dette ser vi at det er fleire ulike måtar å dela inn krisefasane på, men alle har ei før, under og etterfase viss ein prøver å dele det inn slik. Sjølv synes eg Kruke sin inndeling er oversiktlig og godt forståeleg. Denne faseinndelinga er den som er mest aktuell for dette studiet. Sjølv om Kruke skriv om krisefasar, kan modellen overførast til å sjå på desse tre fasane opp mot redningsaksjonar. Difor er den vald som eit verktøy som fylgjer oppbygginga av dette studiet vidare.


I undervising med Kruke (2013) vart studentane vist korleis krisehandtering utartar seg via disse tre krisefasane. Denne modellen er laga med utgangspunkt i David Kolb (1984), sin modell av erfaringsmessig læringssystem (Experiential Learning Model, ELM). Kolb er ein amerikansk teoretikar innan fagen pedagogikk. Han har fokus på mellom anna erfaringsbasert læring og individuell og sosial endring.

Her har eg vald å ta med førebygging som eit ledd under førkrise fasen.



Modell nr. 2 Fasar i krisehandtering (Kruke, 2013).

Modellen under visar kva faktorar som påverkar kriser si utvikling. Her ser vi at det er eit stort spenn og mange faktorar som kan påverke utviklinga.



30

Modell nr. 3 Påverkande faktorar i dei ulike fasane av kriseutvikling (Kruke, 2013).

3.3. Førfasen av ein redningsaksjon

Førfasen kan mellom anna brukas til nettverksbygging, øvingar og planlegging.

Stortingsmelding nr. 22 (2007) visar til at danning av eit planverk, og samkøying av øvingsmønster mellom aktørane er positivt. Dette ”(...)bidrar til politiet i samarbeid med andre aktører er godt forberedt på å håndtere et bredt spekter av hendelser som kan kreve en større organisert innsats. En slik tilnærming forutsetter et godt samspill mellom politiet, nødetater, frivillige organisasjoner (...)” (St.meld. nr. 22, 2007, s. 60).

3.3.1 Øvingar

Ein gjennomfører øvingar som ein førebyggjande faktor for god handtering under ein reell situasjon. Vidare fungerer øvingar som ei førebuing, og som ein styrkande faktor i samvirke mellom ulike aktørar i felten (Fimreite, A.L., P. Lango, P. Lægerlid, og L. Rykkja, 2011) ”Øvelsen tjener derfor som en god illustrasjon på hva som kan skje når ulike enheter på forskjellige nivåer skal arbeide sammen mot et felles mål” (Fimreite et al., 2011, s. 159). Øvingar har fleire virkeområde. Øvingar er eit viktig verktøy for å oppdaga styrkar og veikskarar. Ved å evaluere øvingane kan ein dermed ta med seg det som fungerte godt vidare, og laga nye rutinar og/eller planar for det som ikkje fungerte like bra. Eit resultat av ei øving kan vera oppfylgjingstiltak som eksempelvis organisasjonsendring, revisjon av planar og oppgradering av utstyr. Ei øving kan synleggjera behovet for øvingar på andre eller meir spesifikke område. Vidare er øvingar eit fint verktøy for å gjennomføre ynskte endringar i ein organisasjon. Auka kunnskap og forståing av andre aktørar er og ein god effekt av samøving mellom fleire aktørar. Ei øving kan og avdekka eventuelle ukklarheiter i rolle – og ansvarsfordeling (Fimreite et al., 2011). Ei heil rekkje med positive utfall av øvingar og sist, men ikkje minst: ”Øvelsen kan også ha som mål å forberede deltakernes samarbeidsevne i bestemte krisesituasjoner” (Fimreite et al., 2011, s. 162).

Øvingar skal gjennomførast med jamne mellomrom. Dei skal gjennomførast i ulik skala og med ulik innretning. Perry (2004) visar til fleire moglege øvingsformar. Disse er tabeltop-øvingar, funksjonelle øvingar og fullskala øvingar (Perry, 2004). I tabellen nedanfor ser vi på dei ulike øvingsformene sitt virkeområde.

Tabell nr. 3 Øvingsformane sitt virkeområde.

Øvingsform:	Virkeområde:
Tabeltop-øving	<ul style="list-style-type: none"> - kan og kallas for papirøving - ei ikkje operativ øving - lite kompleks øvingsform - deltakarane drøftar korleis dei ville handtert øvingsscenarioet - aktuelle løysingar og problemstillingar vert diskutert over "bordet"
Funksjonell-øving	<ul style="list-style-type: none"> - operativ øving i felten - større kompleksitet enn tabeltop-øving, krev meir planlegging - funksjonsøving der ein får testa planar og trent på spesifikke situasjonar.
Fullskalaøving	<ul style="list-style-type: none"> - operativ øving i felten - ei kompleks øvingsform - målet er å øve alle ledda i dei deltakande organisasjonane og etatane - her trena rein og på samhandling på tvers av etatane

Kjelda til innhald i tabellen over er Perry, 2004.

Perry (2004) har gjennomført eit eksperiment der det vart gjennomført ei øving ved ein flyplass med aktørane; politiet, brannvesenet og uorganiserte frivillige. Alle vart spurde fleire spørsmål både før og etter øvinga. Nokon av disse spørsmåla var: Tillit til dei andre etatane? Trua på at dei andre aktørane arbeidde godt i fellesskap? Tillit til dei andre aktørane, og tillit til seg sjølv? Resultatet visar at øvinga påverka til auka kunnskap. Vidare lærte dei ulike aktørane meir om kvarandre sine ressursar. Begge naudetatane starta med stor tru på sin eigen etat si handtering og aktøren si evne til å arbeida godt som team. Denne trua auka etter gjennomført øving. Før øvinga hadde alle aktørane rangerte tilliten gjennomsnittlig til nær midten av skalaen. Etter øvinga dobla denne verdien seg hjå alle tre aktørane. Dei profesjonelle hadde ei stor auke i trua på samvirke på tvers av etatene (Perry, 2004). Utvalet som har skrive NOU 2001: 31 meiner at det vert halde for få rednings – og katastrofeøvingar. Dei visar til særleg behov for samøvingar der ein kan øve på leiing og samvirke. Vidare visar dei til at beredskapen er best i dei ledd og nivå der planverk og ressursar byggjer på konkrete erfaringar og/eller øvingar.

I NOU 2001: 31 kjem det fram at låg prioritering av beredskapsarbeid, og dårleg fokus på samordning og leiingsfunksjon kan vera grunnleggande årsaker til få øvingar. Praktiske problem påverkar og gjennomføring av planlegging. "(...) offentlige etater avholder øvelser i vanlig arbeidstid og at personell fra frivillige organisasjoner da ikke kan delta" (NOU, 2001: 31, s. 98). Vidare presiserer NOU 2001: 31 at øvingar av enkeltfunksjonar, ved eksempelvis bruk av tabeltop-øving ikkje treng å vera særleg krevjande.

3.2.3 Planlegging

Planlegging er å forbereda seg (Perry & Lindell, 2003). Ei rekkje teoretikarar som Boin et al. (2005), Fimreite et al. (2011), og Kruke (2012) vektlegg at førebuing og planlegging er ein viktig suksessfaktor for god krisehandtering. I arbeidet med samfunnsikkerhet og krisehandtering er det å ha ein god plan i botn viktig. Perry (2004) ser planlegging som eit verktøy for behovs avklaring, danning av strategiar, og moglegheit for å ta lærdom av tidligare hendingar. Ein plan strukturerer og dei handlingane ein gjennomføre under handtering av ei hending. Likevel ser ein fleire negative moment med bruk av store kriseplanar. Perry (2004) visar til 1: store planar vert fort sette i hylla og gløynde, 2: ein kan ikkje forutsei utfallet av ei hending, dermed er det vanskeleg å planleggje handteringa, 3: Planar som forutset mykje førar til at leiaren ikkje har evna til å tenkje innovativt og opptre fleksibelt. Perry og Lindell (2003) ser samanheng mellom planlegging, trening og utarbeiding av ein beredskapsplan. Dette resulterer i at dei ser beredskapsplanen som eit "levande" dokument. Vidare har dei laga 10 retningslinjer for kriseplanlegging (Perry & Lindell, 2003). I tabellen, øvst på neste side, er dei retningslinjene som er aktuelle for planlegging i forkant av ei redningsaksjon tatt med.

Tabell nr. 4 Retningslinjer for kriseplanlegging (Perry og Lindell, 2003).

Retningslinje:	Viktighet under det aktuelle retningslinja:
1. Planen bør baserast på så korrekt kunnskap som mogleg om hendinga, og kunnskap om sannsynlege menneskeleg reaksjon	- i dette studiet kan ein her bruke LRS og politiet sin etterretningsinformasjon for å innhenta kunnskap om hendinga - viss hendinga er ein leiteaksjon kan sykkelhjulmodellen ¹⁰ og liknande modellar vera effektive for å få ei sannsynleg bilete av kor vedkommande kan vera.
2. Effektiv planlegging bør oppmuntra til hensiktsmessig handling under ei krisesituasjon.	- evaluere bilete kontinuerlig under hendinga. - rask handling basert på ukorrekte antakingar eller ufullstendig informasjon, kan føra til utilstrekkelege tiltak.
3. Planleggingsprosessen bør fremja fleksibilitet i krisesituasjonar, slik at involverte kan tilpassa seg den aktuelle situasjonen.	- ha fokus på prinsipp for krisehandling, ikkje på detaljar. - for detaljert plan gjer det til eit mindre eigna arbeidsverktøy og lar seg vanskelegare implementera på ein effektiv måte.
4. Beredskapsplanlegging bør fokusere på tverrfaglig koordinering	- suksessfaktoren for handtering av hendinga avhengar av kor effektivt samarbeidet mellom hjelpeaktørane er
5. Kommunikasjon og trening er ein viktig del av planleggingsprosessen	- dei som har ansvaret for planlegging lyt sørge for at alle involverte aktørar får tilstrekkelig informasjon. - trening av planen fører til avdekking av styrkar og veikskapar i planen.
6. Effektiv planlegging bør innehalde øvingar med alle aktørane	- ei øving sett kritisk søkjelys på planen som heilskap og detaljvis.
7. Beredskapsarbeidet føregår innanfor rammene av konflikt og motstand	- ressursar skal fordelas og makt skal utøvas. Dette gjer grobotn for konflikhtar mellom både enkeltindivid og ulike etatar.

Disse retningslinjene gjeld i førfasa der ein utviklar plan for handtering av ei hending. Ved å ha ein god og kjent plan rundt handtering av redningsaksjonar, vil aktørane kjenna sine arbeidsoppgåver og sin rolle. Fleire av retningslinjene ovenfor kan og brukas til planlegging mellom aktørane i førfasa, men og under sjølve redningsaksjonen.

Njå og Sommer (2010) ser på fire fasar i ein redningsaksjon og korleis ein treng å planlegge under dei ulike fasane. Dei har teke utgangspunkt i ein redningsaksjon for snøskred, men fasane kan og overførast til andre redningsaksjonar. Den fyrste fasen er alarmfasa. Dette er fasa frå alarmen går til redningsressursane er på veg til skadestaden. Her er informasjonsinnhenting og informasjonsprosessering viktig. Slik gjer ein redningsgruppa meir forberedt på det dei møter i redningsaksjonen og treng ikkje bruke like mykje tid på

¹⁰ Fyrsteinnsats - sykkelhjulmodellen er utvikla av Norsk Folkehjelp. Denne ser på korleis ein kan setja i gang og utvida søk. Denne malen er laga på bakgrunn av statistikk over kor menneske oftast vert funne i fht staden der dei var ”siste sett”.

situasjonsvurdering når ein har kome til skadestaden, som ein som er utan informasjon, kan trenge. Den neste fasen er på veg til skadestaden, fasen er kalla "En route". Her føregår førebuing til innsats som eksempelvis; mental simulering, kommunikasjon, og planlegging av dei innleiande aktivitetane i redningsaksjonen. I denne fasa treng innsatsleiar oversikt over kva ressursar som er varsla og er på veg til redningsaksjonen. Den tredje fasen er "size up" fasen. Denne utspelar seg når ein kjem til skadestaden. I denne fasa vurderer ein situasjonen og organiserer ressursane og innsatsen slik at ein kan møte eventuelle eskaleringar av situasjonen. Deretter kjem responsfasen. Denne fasen varar ofte lengst. Eksempelvis i snøskred inneheld responsfasen: søk, framgraving og pasientbehandling. Alle disse område er krevjande og krev rett handtering frå dei ulike involverte frå redningstenesta. Organisasjonen som jobbar saman vert etablert, der og då. Her med mange ulike personar med ulik kompetanse og ulike rollar (Njå og Sommer, 2010). Dermed krev det planlegging slik at ein kan bruke ressursane på ein mest effektiv måte.

3.3 Underfasen av ein redningsaksjon

3.3.1 Leiing

3.3.1.1 Leiingstilnærming

Handtering av kriser involverer handling; korrekte, beskyttande og koordinerte handlingar som ein har lagt opp gjennom planleggingsprosessen (Perry & Lindell, 2003). Det er fleire leiingsformer under ei krisehandtering, i dette studiet ein redningsaksjon. Thierny (2003) Ser på to ulike leiingsformer. Den fyrste stammar frå forsvaret si leiing under krig. Her ligg gamle myter til grunn. Myter som at det vil oppstå kaos i form av panikk, plyndring, hjelpeløyse, og eit samfunn utan evne til å byggje seg opp att (Helslott og Ruitenber, 2004). Under denne militære tilnærminga leiar ein handteringsarbeidet med; kaos, kommando og kontroll. Den andre leiingstilnærminga er problemløysing og brukar verktøy som; kontinuitet, samarbeid og koordinering (Thierny, 2003). Her vert mytane avliva. Når ikkje menneske får panikk og ikkje vert handlingslamma, vert dei her sett på som ei ressurs som kan brukas i handteringa av hendinga (Helsloot og Ruitenber, 2004). Eit eksempel på slik ressursbruk er når uorganiserte frivillige evakuerte menneske i sine private båtar under terrorhendinga i Noreg den 22/7 2011 (NOU 2012: 14). Dei norske prinsippa for krisehandtering¹¹ visar til at den problemløysande tilnærminga er mest i tråd med dei norske retningslinjene (Kruke, 2013).

¹¹ Ansvarsprinsippet, likskappprinsippet, nærleiksprinsippet og samvirkeprinsippet. Sjå definisjonar i definisjonslista om ynskjeleg.

3.3.1.2 Leiingsstil

Larsson et al., (2003) delar inn i tre ulike leiarstilar. Disse er 1: *utviklande leiarskap*. Her opptrer leiaren som eit eksempel for mannskapet. Vidare får den enkelte merksemd frå leiaren. Dette fremjar kreativitet og deltaking frå mannskapet. 2: *konvensjonelt leiarskap*. Her set leiar krav til mannskapet og lønner dei når dei gjer slik han ynskjer. Difor er kontrollering eit viktig aspekt i denne leiarforma. 3: *ikkje-leiarskap*. Her er leiaren fråverande. Dette kan dreie seg om at leiar overser oppmodinga, eller ikkje tek på seg det ansvaret han egentlig har (Larson et al., 2003). Njå og Sommer (2010) påpeikar vidare at ein leiar ofte brukar ein kombinasjon av disse leiarstilane. Den utviklande leiarstilen er i vekst. Dette førar med seg betre organisatoriske og individuelle resultat.

Som leiar må du få mannskapet til å ha lyst til å gjennomføra, og klara å gjennomføra, dei oppgåvene leiaren delegerer dei (Furnham, 2005). Dette inneber at innsatsleiar og fagleiar må kunne vurdere situasjonen og tilpassa leiarforma ut frå den enkelte situasjonen. Det vert dermed stilt store krav til innsatsleiar med hensyn til situasjonsvurderinga, slutningstaking og samarbeid (Njå og Sommer, 2010)

3.3.1.3 Avgjerdstaking

Det skjer stadig uønska hendingar. Viss disse ikkje vert godt handterte, kan dei eskalera og ein kan få store materielle, menneskelege og økonomiske tap. Eit eksempel på dette er Piper Alpha ulykka (Rosenthal, Boin og Comfort, 2001). I 1988 oppstod det ein gasslekkasje som medførte brann og eksplosjon på oljeriggen Piper Alpha. 167 menneske døyde som utfall av denne hendinga. Gransking av hendinga visar at spesielt avgjerdstaking blant leiarane og trening av kriseleiarane i forkant var årsak til at krisa fekk det utfallet den fekk. Brannen oppstod grunna dårleg kommunikasjon frå dagskiftet til nattskiftet. Dermed fekk ikkje nattskift beskjed om at det var fjerna ein ventil på ei kondenspumpe (dette er eit eksempel på Turner (1976) sin inkubasjonsfase av kriser). Onset-fasen (Turner, 1976) oppstod med brann og eksplosjon. Mange av dei tilsette flykta til området der dei rekna med å få vegleiing frå leiinga, dei fekk ingen beskjedar. Leiar sendte ut maydaysignal, og informerte om at dei skulle forlata riggen. Etter det høyrde ein ikkje meir frå riggen, og leiar og hans team vart funne døde om bord. Leiar har fått mykje kritikk for mangel på handtering av denne ulykka. Likevel vert det vektlagt at han truleg gjekk i sjokk. Samstundes hadde han ikkje den opplæring han trengte for å takle ei slik hending. Konklusjon frå Piper Alpha-krisa er at ein leiar må ha tilstrekkelig opplæring og trening som førebuing til eventuelle hendingar.

Kriseleiar treng og eit breidt spekter av sosiale ferdigheitar, samt evna og kapasitet til å tenkja klart (Rosenthal et al., 2001). Det er dermed viktig at ein har tilsett rett person til rett stilling.


Ei avgjerd kan definerast som ”en forpliktelse til en handling som har til hensikt å skape et tilfredsstillende utfall” (Njå og Sommer, 2010, s. 7). Leiar ved ein ulykkesstad er den som skal ta avgjerande avgjerder. Dette er ofte avgjerder som må takast under tidspress (Rosenthal et al., 2001). Trening som vert gitt i avgjerdstaking er ofte basert på analytisk avgjerdstaking eller sannsynsmodellar. Dette er lite gunstig sidan ein i ei krisesituasjon ikkje brukar analytisk avgjerdstaking. Ved analytisk avgjerdstaking analyserer ein situasjonen og handterer hendinga ut frå denne analysen. Dette lar seg vanskelig gjera i hendingar med høgt tempo og stadige endringar. Ei anna innfallsvinkel for å ta avgjerder er å bruke tilnærminga naturalistisk avgjerdstaking (NDM) (Rosenthal et al., 2001). NDM:

”asks how experienced people, working as individuals or groups in dynamic, uncertain, and often fast paced environments, identify and assess their situation, make decisions and take actions whose consequences are meaningful to them and to the larger organization in which they operate” (Zsombok, 1997, s. 5, sitert i Rosenthal et al., 2001, s. 109).

I avgjerdsteorien vert NDM forbunde med avgjerder i krisesituasjonar (Njå og Sommer, 2010) Forsking på NDM visar at realistiske øvingar er viktig for rett avgjerd under ei reell hending (Rosenthal, 2001).

Det er viktig å huska at ulike hendingar treng ulike avgjerdsmetodar. I Rosenthal (2001) skil dei mellom fire hovudtypar av avgjerdsmetodar. Disse er 1: Intuitiv avgjerdsmetode, og kalla attkjenningsbasert avgjerd. Her får ein ei oversikt over situasjonen og tek ei avgjerd ut frå tidligare erfaringar frå hendingar med likskapstrekk. 2: Regelbasert avgjerdsmetode. Her ligg både formelle og uformelle reglar og prosedyrar i botn for avgjerda. 3: Analytisk slutningstaking. Her vert to eller fleire løysingsalternativ vurdert før ein vel det ein anslår som det beste alternativet. Den siste metoden er nummer 4: Kreativ avgjerdsmetode. Når situasjonen er ukjent og ein ikkje har ei kjent måte å handtere situasjonen på, vert den kreative avgjerdsmetoden nytta. Dermed vert det danna eit nytt løysningsalternativ (Rosenthal, 2001, Njå og Sommer, 2010). Her ser vi at den som har ansvar for leiinga og avgjerdene bør kunne diagnostisera situasjonen og ut frå det vita kva avgjerdsmetode han bør bruka til handtering

av den gitte situasjonen. Modellen nedanfor visar prosessen for å ta ei avgjerd.



Modell nr. 4 Avgjerdsprosess i innsatsleiing (Flin et al., 2008, sitert i Njå og Sommer, 2010, s. 8).

Etterkvart som tida går under ei krise kan det byggjast opp eit stort press for den som er leiar av krisehandteringa. Dette presset kallar Hart og Boin, i Rosenthal (2001) day-to-day pressure. Eit slikt press medfører to farar for leiar. Disse er 1: *kriseleiar avsluttar krisehandteringa for tidleg*. Dette ved at ei vakumtilstand i avgjerdstaking oppstår og leiar går i frå det kortsiktige fokuset, som trengst når raske avgjerder framleis trengs, til eit langsiktig fokus. Dette kan generera vantru og kritikk frå offer og andre interesse organisasjonar. 2: *kriseleiar vert så opptatt av handteringa av hendinga at han mister sikten av "det store bilete"*. Kriseleiar kan oppleva det Hart og Boin kallar "bunker syndrome". Ei tilstand som oppstår viss ein har jobba med same sak dag etter dag. Det kjem stadig inn ny og viktig informasjon. Verda utanfor går vidare, men i dette vakumet er du og krisa det einaste som gjeld. Vidare kan dette føre til ei leiarlaus krise. Då treng andre å gripa inn og ta avgjerder og delegera som ein leiar skal gjera (Rosenthal, 2001).

3.3.1.4 Leiing og organisasjonsstruktur

Ein leiar skal halde mannskapet sitt samla og delegera oppgåver slik at mannskapet veit kva den enkelte si rolle er. Dette krev ein leiar som kjenner sin plass i organisasjonen, samt ei god organisasjonsstruktur. Weick (1993) ser på korleis brot i organisasjonskultur og fråver av

stabil leiing førte til ei dramatisk utvikling av ein brann. I 1949 skulle eit brannlag ut i skogen i Mann Gulch for å slukke det dei kalla ein 10.00 brann¹². Brannmannskapet trudde dermed dei skulle møte eit kjent brannscenario, som var godt handterbart. Brannkorpset var oppbygd på ein klar hierarkisk måte. Med leiar, Nk, og kvar enkelt brannmann hadde sine oppgåver. Det var fleire forhold som ikkje gjekk etter planen, i korte trekk var dette at leiaren var lite til stades. Nk, som ikkje hadde opplæring som gruppeleiar vart sendt i førevegen med manskapet, før leiar kom etter seinare. Dermed mista leiar oversikt og mykje informasjon. Vidare påverka tekniske faktorar som at radioen var i uorden. Dette påverka kommunikasjon mellom brannlaget og omverda, men og innad i brannlaget. Situasjonsforståinga vart og sviktande når brannen tok ei anna vending enn forventa og kom raskt mot brannlaget. Fyrst beordra leiar manskapet til å sleppe utstyret sitt og springja. To stykk gjorde det. Etter dette var leiar snart tenkt og tente motbrann for å lage ei brannfri område dei kunne søkja dekning i. Dette var ikkje vanleg praksis på denne tida og det er antatt av brannlaget ikkje skjønnte kva leiar prøvde å gjera. Han bad dermed manskapet sleppe utstyret sitt og fylje han. Dette var ei overraskande ordre. Manskapet fylgde ikkje ordre. Tretten stykk omkom under brannen, medan tre stykk overlevde. Dette var dei to som sprang bort, samt leiar som var i den brannfrie lomma. Dette er ei hending som kunne enda annleis viss leiaren hadde vore meir tilstades frå starten av. Weick visar og fire element som er viktige for å skapa ein robust og trygg organisasjon. Disse er 1: *Improvisasjon og bricolage* (evne til improvisasjon). Dersom ein klarar å bruke den kjennskap og erfaring ein har frå tidligare kombinert med å bruka kreativitet, kan ein skape tiltak som hindrar organisasjonen i å kollapse. 2: *Virtuell rolle system*. Ved å kjenne til, og ha klart for seg oppbygginga av systemet kan ein unngå oppløysing av organisasjonen. Her ser ein at eins eigne handlingar vil ha konsekvens for den heilskaplege organisasjonen. 3: *anerkjenning av kunnskap*. Her anerkjenner ein dei andre sin kunnskap og ser at klokskap inneber meir enn haldning og kunnskap. Kvar hending er ulik og ein må difor vera open for ulike handteringsløyser. 4: *respektfull interaksjon*. Her godtar ein at alle er ulike individ med ulike tankesett. Med god kommunikasjon, respekt for kvarandre og tillit til kvarandre kan ein tilstreba å oppleve situasjonen likast mogleg (Weick, 1993).

¹² 10.00 brann betyr at brannen skulle vera slukka til klokka 10.00 dagen etter.

3.4 Etterfasen av ein redningsaksjon

3.4.1 Læring

Å ta lærdom ut frå erfaringar frå tidlegare hendingar, her redningsaksjonar, er viktig (Fimreite, et al., 2011) Kruke er opptatt av å bruke etterfasa av ei hending, til læring. Boin A., Hart, Stern og Sunderlius (2005) har og med læringsfasen i si inndeling av ei krise. Her vert fasa kalla ”Kriselæring” og vektlegg at ein må ta læring av erfaringane ein får. Her vektlegg dei viktigheita av læring både under krisa men og i etterkant av krisa (Boin et al., 2005) Her kan ein sjå på kva høve erfaringa gjev for forbedringar i rutinar og prosedyrar (Fimreite et al., 2011).

For å få kunnskapsutvikling og kunnskapsdeling er læring ein forutsetning. Stadig fleire organisasjonar kallar seg for ein lærande organisasjon. Filstad (2010) skildrar organisasjonslæring som læringsprosessar som skjer i organisasjonen, samt organisasjonen, og dei tilsette, sin relasjonar til kvarandre og til individuell læring. For at organisasjonen skal oppnå læring, er det menneska som er i organisasjonen, som må oppnå læring. Dermed må ein leggje til rette for øvings – og læringsforhold i organisasjonen.

Dårleg praksis vert overført på lik linje som god praksis (Argyris, 1974). Dermed må ein ha fokus på kva som vert lært og hensikta med denne kunnskapen. Ein treng ressursar og fokus på kontinuerlig læring i ein organisasjon (Filstad, 2010). Dette bekreftar og Njå og Sommer (2010) som vidare stillar eit viktig spørsmål, korleis kan vi sikre oss at læring skjer? For at ein skal ha lært noko, skal ein ha tilverva seg ny kunnskap som vidare påverkar endra oppfatting og åtferd. Kunnskap kan og gje oss ei djupare forståing av eit område som i utgangspunktet var kjent eller ukjent for den som mottok læring. Dermed påpeiker Njå og Sommer at det ikkje berre er nok å ha fokus på læring og øvingar. Ein må i tillegg til dette tilstreba at læringsforma og/eller øvinga treffer den målgruppa den er tenkt til, og at ein oppnår den læringseffekten som var målet. For å sikre seg rett læringsform til rett målgruppe ser Njå og Sommer (2010) det som eit verktøy å evaluere læringsforma eller øvinga som er brukt i etterkant av utføring. Slik kan ein finne eventuelle endringsmoment.

Kruke (2012) skriv i klartekst at alle gjer feil i krisehandtering, sidan krisehandtering vert definert som avgjerder under usikkerhet (Aven, 2010). Dermed meiner han det er svært viktig å ta lærdom ved å stilla dei kritiske spørsmåla etter handtering av ei krise. ”(...) spørsmål hvor vi risikerer å trampe på ømme tær” (Kruke, 2012, s. 15). Vidare påpeikar han at både

krisehandtering og gransking av hendingar har politiske dimensjonar som kan legge skuggar over det som eigentleg hendte. Dette kan vidare føre til at sårbare sider ved krisehandteringa ikkje vert stilt spørsmål om i ettertid, sidan ein heller brukar denne tida som eit politisk spel for å fordele skuld (Kruke, 2012). Torer vi å stilla dei vanskelige spørsmåla vil vi gjennom dette betre effektiviteten av beredskapssystema, og betre krisehandteringa ved neste hending (Kruke, 2012). ”Læring handler på mange måter om endring av atferd” (Kruke, 2012, s. 16).

3.4.2 Debriefing

Debriefing er ei læringsform, som stadig vert brukt hyppigare, i etterkant av ei redningsaksjon. Dette er eit fint verktøy for læring. Debriefing er og kalla ”samtalen etterpå”. Ein debriefing skal skje umiddelbart etter ein redningsaksjon er over. Her skal alle dei delaktige aktørane samlas for å gå gjennom redningsaksjonen. Kruke (2013) ser på fleire virkeområde for ei debriefing. Disse er:

- Klargjera misoppfattingar rundt hendinga.
- Kartleggja belastning.
- Akseptera og diskutera stressreaksjonar.
- Redusera symptom som kan gje langvarige stressymptom, utbrentheit osb.
- Identifisera risikopersonar
- Auka evna til å hjelpa kvarandre
- Oppmuntra og informera om moglegheita for å søkje hjelp med etter-reaksjonar viss det er naudsynt.
- Forsterka gruppesamhaldet.
- Forsterka læringa av redningsaksjonen.
- Førebu gruppa for ny innsats (Kruke, 2013).

Effektiviteten av debriefing etter ein redningsaksjon vil vera påverka av aktørane/gruppa sin stresstoleranse, gruppesamanhald og kjenslemessige openheit. Ved svært spesielle hendingar kan det og vera aktuelt med ei samling nokon dagar i etterkant. Under sjølve debriefinga er det viktig å skjerme pårørande/dei ramma, frå personell og frivillige redningsorganisasjonar. Dei pårørande skal ikkje ha same informasjon og gjennomgang som mannskapet (Kruke, 2013).

Gjennom teorikapitlet har vi vorte kjende med Kruke sin framstilling av krisefasar som ei sirkulærprosess. Vi har sett nærare på nokon teoretiske omgrep som er aktuelle i førfasen, underfasen og etterfasen av ein redningsaksjon. Med denne teorien i bakhand skal vi no sjå

vidare på kva funn det kvalitative studiet og det kvantitative studiet visar. Seinare vert teorien og funna kopla opp mot kvarandre i drøftingskapitelet.

4.0 Metode:

Denne masteroppgåva skal svare på problemstillinga:

Kva faktorar fremjar og hemmar samvirke rundt redningsaksjonar mellom politiet og frivillige redningsorganisasjonar?

For å svare på ei problemstilling kan ein som forskar velje mellom ulike forskingsmetodar og forskingsparadigme. Kva forskingsmetode ein vel kan påverke korleis ein innhentar data og vidare korleis ein analyserer disse. Forskingsparadigmet vil seie lesaren noko om kva ”briller” forskaren ser verda og problemstillinga med. Dermed har sjølve valet av forskingsmetode og forskingsparadigme påverknad på denne masteroppgåva. Eg vil i dette kapitlet vise til kva metodiske val eg har tatt. Arbeidet med masteroppgåva skulle bli gjennomført i tidsrommet januar – mai 2014. Det vart utarbeida ein tidsplan for utføringa av arbeidet med masteroppgåva, sjå vedlegg nr. 1. Allereie i februar var tidsplanen noko framskyvd sidan det tok lengre tid enn førespegla å bruke trianguleringsmetode. Dermed vart det søkt utsetjing og oppgåva vart levert inn i siste del av juni 2014.

4.1 Forskingsstrategi:

4.1.1 Forskingsparadigme:

Som forskar må ein ta stilling til kva innfallsvinkel ein har til dei ontologiske og epistemologiske retningane. Dei ontologiske føresetnadane ser på naturen av den sosiale verkelegheita. Her er spørsmål som; kva sosiale fenomen som eksisterer, kva påverknad disse fenomenena har, eksistensvilkår, og korleis dei er relaterte. Epistemologiske føresetnadar ser på kva kunnskap som er tilgjengelig, korleis ein kan kjenne denne kunnskapen, med ulike kriterium for kva kunnskap som er tilstrekkeleg og legitim (Blaikie, 2010). I denne masteroppgåva blir det brukt trianguleringsmetode. Kva metode ein brukar skal ikkje vera det som avgjer kva paradigme ein fell inn under (Ryen, 2002). I dette studiet er det valt å bruke realismen som forskingsparadigme.

Realismen er nærliggande til mi oppgåve sidan realistar har ei beskrivande og induktiv tilnærming. Samstundes ser eg etter mønster gjennom mi kvantitative tilnærming, dette i eit realistisk aspekt. I realismen meiner ein verkelegheita består av tre ulike domene; det som kan observerast, gjennom det som eksisterer uavhengig av observatør, til det underliggjande domenet sosiale strukturer og mekanismar som vanskeleg let seg observera. Dei sosiale strukturane si eksistens er avhengig av aktivitetane dei påverkar og aktørar si oppfatning av disse aktivitetane (Blaikie, 2010). Vidare er det fleire retningar innan realismen. Den retninga

eg har valt å bruke i dette studiet, er den sosiale realismen. Sosial realisme er eit moderne forskingsparadigme som meiner verkelegheita ikkje berre består av dei hendingane som er erfarte. Verkelegheita består og av nye hendingar som kan oppstå, og av strukturer og mekanismar som produserer disse hendingane (Blaikie, 2010).

Problemstillinga vert danna på grunnlag av kva tema ein vil vita noko om. Tema vart tidlig identifisert gjennom interesse for den norske redningstenesta. Redningstenesta arbeider ut i frå fire prinsipp og samvirkeprinsippet er eitt av disse. Samvirkeprinsippet har fått stor merksemd etter alvorlege hendingar i det norske samfunnet den seinare tida, både frå redningsaktørar og politikarar.

Problemstillinga lyt dannast på grunnlag av tilgjengelig teori og eventuell empiri. Det vart valt å stille eit *kva* spørsmål i problemstillinga sidan eg søker beskriving rundt tema. Rundt dette tema var det lite teori og empiri å finne. Dermed vart det valt ei induktiv strategi, som er ein eksplorerande metode der ein prøver å finne ny kunnskap, frå empiri til teori. Her innhentar ein fyrst data før ein generaliserer disse. Denne metoden er sentral i forståinga av fenomen og avdekking av meiningar. I slike studiar har forskar eit utforskande perspektiv. Blaikie (2010) påpeiker at det er viktig at forskar huskar at dei finn ein finn ved induktiv forskning er grensa til tid og rom, dei er ikkje dei universelle lovar.

Det seies at alle forskningsdesignar har veikskapar. Eg stiller eit *kva*-spørsmål. Blaikie (2010) skriv at dette er det enklaste spørsmålet å svare på, og kanskje ikkje det mest interessante for lesar. Likevel er dette det fyrste steget i forskning av temaet. Det er eit spørsmål som kan gje mange svar. Med min bakgrunnskunnskap rundt temaet og det eg fann av teori, trong eg å byrje med å svara på *kva*-spørsmålet rundt samvirke mellom disse to aktørane.

4.2 Metodeval:

4.2.1 Kvalitativ metode:

Med kvalitativ metode kan ein identifisere lite kjente eller ukjente fenomen. Dermed vert kvalitativ metode ofte sett i samheng med eksplorative studiar sidan ein ynskjer å finne ut meir om eit tema. Observasjon, intervju og dokumentanalyse er metodar i kvalitativ tradisjon. Jacobsen (2005) skildrar kvalitativ metode som eit verktøy der ein utfører empiriske undersøkingar for å finne kunnskap. Kvalitativ metode har og svakheit, som forskarar sin ueinigheit rundt metodebruk, samt det faktum at ulike teoretikarar vil kome fram til ulike resultat ved å gjere nye analysar av andre sine data (Ryen, 2002). Grunnen til eventuelle ulike

resultat er fordi forskarar har ulik bakgrunn og dermed ulike perspektiv. Trass det som Ryen skildrar som svakheit, kan kvalitativ metode gje eit godt bidrag ved å kunne innhenta data rundt temaet samvirke mellom politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane. Dette er eit tema eg i startfasen av studiet hadde lite kunnskap og teori om. Det føreligg og lite forskning rundt temaet ut i frå den vinklinga eg valde å møte temaet på.

Eg skal sjå nærare på intervju og dokumentanalyse som metode for innhenting av kvalitative data. Observasjonar vert det ikkje sett nærare på, sidan denne tilnærminga ikkje vert brukt i dette studiet.

4.2.2 Kvalitative intervju

Kvalitative intervju er den mest brukte forma for innhenting av kvalitative data. Kvalitative forskningsintervju er karakterisert som ”en samtale med en struktur og et formål”

(Johannessen, Tufte og Christoffersen, 2010, s.135). Slike intervju vert ofte utført via ein samtale, framfor ein rein spørsmål-svar seanse (Johannessen et al., 2010). Det er ulike måtar å samle inn data gjennom kvalitative intervju. En kan velja mellom ei strukturert innhenting og ikkje strukturert innhenting (Ryen, 2002). Mellom ytterpunkta av strukturert og ikkje-strukturert, finn ein semi-strukturerte intervju, og kalla intervju basert på intervjuguide (Johannessen et al., 2010). Det er denne intervjuforma det er vald å bruka i dette studiet.

Semi-strukturerte intervju brukar ein intervjuguide, ofte utforma med deltema som inngår i den overordna problemstillinga det er spurd om. Vidare vel nokon å ha med underspørsmål. Dette for å få meir informasjon rundt dei ulike temaa. Denne guiden har ofte i rekkjefylje, som ein kan endre undervegs om ein ynskjer det (Johannessen et al., 2010).

Intervjuguiden som er brukt i dette studiet vart utarbeida ved bruk av fagteori, mellom anna frå krisehandtering og leiingsfag, samt innspel frå personar som kjenner temaet. Dei tema som vart tatt med er; nettverksbygging og øvingar, kommunikasjon og informasjonsflyt, leing og tillit, roller, læring. Alle disse temaa hadde fastsette underspørsmål. Dette vart ikkje opplevd som ei hindring i å få den informasjonen dei kunne gje meg, men gav meg heller gode knaggar å hengja den ulike informasjonen på. Det gjorde det og enklare å halda system, og å kategorisere funna under analysearbeidet. Dei siste spørsmåla i intervjuet var meir opne og oppfordra informant til å kome med eigne meiningar. Her var det mange som trekte fram att dei faktorane dei synest var viktigast av dei eg tok opp, medan nokon la til faktorar som; framsnakk, motivasjon, debriefing og gode forhold i KO.

Ryen (2002) forklarar intervjuprosessen slik ”hver gang man foretar et nytt intervju, deltar man i en dialog mellom teori, tidligere intervju og det pågående intervjuet. Allerede under selve intervjuet får man assosiasjoner både til teori og til tema” (Ryen, 2002, s.146). Slik opplevde og undertekna det. Dermed hadde eg mykje meir kunnskap og ein breiare forståing under dei siste intervjua enn kva eg hadde tidligare i prosessen. Her visar det at forskingsstrategien som vert brukt i praksis er induktiv sidan teorien spring frå data og ikkje omvendt.

4.2.3 Dokumentanalyse:

dokumentanalyse studerer ein aktuelle dokument, statistisk materiale med meir for å finna relevant informasjon og funn. Slike innspel kan ha to formål, enten ved å bruke det til bakgrunnsinformasjon for studiet, eller for å sjå på dei litterære funna opp mot eigen empiri. I dette studiet er det valt å bruke dokumentanalyse med ynskje om å innhenta relevant bakgrunnsinformasjon (Johannessen, et al., 2010). Dette sidan det er innhenta mykje primærempiri, og analysekapitelet er stort. Dermed var det ikkje aktuelt å bruke litterære funn som sekundærempiri i tillegg til den eigeninnhenta empirien.

Via litteratursøk og litteraturbidrag frå nøkkelpersonar i FORF er det innhenta tre litterær kjelder som har gitt god bakgrunnsinformasjon til utarbeiding av den kvalitative og det kvantitative undersøkinga. Disse er; Rapporten *WHAT IF – hva om ingen gjorde noe?* er utgitt av styret i FORF i 2013. Denne rapporten ynskjer å synleggjera dei frivillige redningsorganisasjonane sin viktighet i den norske redningstenesta. Rapporten ser på fire viktige satsingsområde der samvirkeprinsippet ligg til grunn (Kulø. O., Trondstad. S., Gladsø. O., Halvorsen. J., 2013). Vidare har FORF utført questback undersøking blant alle dei frivillige representantane i dei lokale redningssentralane(LRS) i 2009 og 2012. Undersøkinga ynskjer å kartleggja status og utfordringar i forbindelse med dei frivillige organisasjonane sine representantar hjå LRS. Undersøkinga tek opp ulike tema, mellom anna hyppigheit av øvingar. Det tredje og siste dokumentet er Lena Ronge (2014) sin artikkel *På kurs med dem som skal redde oss*. Artikkelen ser på dei frivillige redningsaktørane i Røde Kors hjelpekorps sin innsats under ein redningsaksjon og føl dei gjennom ei storøving på Finse. Forfattar er kontakta og har gitt meg lov til å bruke artikkelen som kjelde.

4.2.4 Kvantitativ metode:

Kvantitativ metode er ein samlebetegnelse for studie der ein systematisk innhentar informasjon/funn som kan kvantifiserast. Denne metoden kan ein bruke både for å hente data til utarbeiding av deskriptiv, beskrivande statistikk, eller induktiv, analytiske statistikk. Med

kvantitativ metode ynskjer ein å kartleggje det generelle og brukar dermed eit større utval enn ein gjer ved kvalitativ metode (Grenness, 2012). Kvantitativ analyse kan avdekkje sosiale prosessar, men metoden kan og tilsløra dei via feilkjelder (Ryen, 2002). Ein del teoretikarar meiner og denne metoden ikkje fangar opp djupna i temaet og dermed er noko svak. Eg opplever det både spennande og viktig å finne breidda og det generelle rundt temaet eg har tatt opp i studiet. Eg ynskjer å kunne vise mine funn grafisk, slik at lesar fort kan oppfatta kva faktorar som fremjar og hemmar samvirke. Bruk av kvantitativ metode vil mest av alt føre til eit meir solid studie der eg har innsikt frå kvalitative intervju og det generelle frå kvantitativ spørjeundersøking. Dermed valde eg å bruke kvantitativ metode, i tillegg til kvalitativ metode.

4.2.4.1 Survey

Kvantitative studiar fell oftast innan beskrivande undersøkingssopplegg. Survey eignar seg godt til dette (Grenness, 2012) og er den måten eg har innhenta kvantitative funn. Ei survey undersøking er ei spørjeundersøking der ein brukar relativt stort utval (Grenness, 2012). Her innhentar ein data ved å bruke eit spørjeskjema som måleinstrument der informantane er undersøkinga si enhet. Variablane som vert målt er oftast holdningsvariablar og åtferdsvariablar. Å utarbeide ein god survey-undersøking krev at ein er medviten kva ein spør om, og at svaralternativa gjer ein data som ein kan bruka. Sidan eg brukte dei kvalitative funna som bakgrunn for utarbeiding av spørjeundersøkinga hadde eg god hjelp i det. Likevel var det samtalar og vurderingar med min vegleiar innan kvantitativ metode, Jens Andreas Terum, som gjorde at eg klarte finne spørsmål som eg opplevde gav meg dei svara eg ynskte til dette studiet.

4.2.5 Trianguleringsmetode:

Fleire ser på både kvalitativ metode og kvantitativ metode som noko svake når dei vert brukt åleine. Dermed har trianguleringsmetodar vakse fram, etter introduksjon av Denzin på 1970-talet (Ryen, 2002). Dette er ein metodeform som ein kan bruke viss rein kvalitativ, eller kvantitativ metode ikkje er tilstrekkeleg for å kunne svara på problemstillinga, eller oppgåva vil få svakheiter ved bruk av berre ein metode (Jacobsen, 2005). Her ser ein dei ulike metodane sine funksjonar, og vurderer korleis ein kan kombinere disse metodane for å få data frå ulike vinklar. Slik kan ein oppnå meir heilskaplege og breiare svar på problemstillinga. Ein kan og avdekke om dei ulike metodane gjer ulike og avvikande svar. Denzin ser på fire ulike formar for triangulering; data-triangulering, teori-triangulering, metode-triangulering og forskar-triangulering. Kva metode ein vel å bruke er avhengig av kva kunnskap ein søkjer å

produsera (Ryen, 2002). I denne oppgåva er det brukt metode-triangulering, her med kombinasjon av kvalitativ metode og kvantitativ metode.

Det er fleire fordelar ved å bruke trianguleringsmetode. Det aukar truverda til data, gjer undersøkinga meir heilskapleg, opnar for å stille fleire og komplementære spørsmål i same studiet, og eitt datasett kan gje utgangspunkt til å forstå eitt anna. Ryen (2002) skriver ”Dersom man foretar semistrukturerte intervju om folks forklaring på handling eller bestemte aktiviteter, kan man triangulere med en undersøkelse for å finne ut hvor vanlige disse aktivitetene er” (Ryen 2020, s. 195). Disse linjene beskriv min tanke bak å velje denne tilnærminga. Grunna lite litteratur rundt redningstenesta ligg kvalitativ metode til grunn for vidare studiar i denne oppgåva. På bakgrunn av dei funn og den innsikt dei kvalitative funna gav rundt temaet i oppgåva, vart det arbeidt vidare med kvantitativ metode. Dette vart gjort for å få breidde og målbare kategoriar. Både den kvalitative metoden og den kvantitative metoden har blitt likt vektlagt, sidan dei begge har gitt nyttige funn og svar til problemstillinga. Difor vert også funna lagt fram i kvar sitt kapittel, kvalitative funn og kvantitative funn. Ein ser at fleire av funna frå den kvalitative undersøkinga også samsvarar med funn i den kvantitative undersøkinga.

Tabell nr. 5 Oversikt over metodisk bruk.

Hovudaktivitet	Underaktivitet
<p>Kartlegging av samvirke mellom aktørane</p> <p>Formål: Kartlegge korleis samvirke er mellom politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane under ein aksjon. Få informasjon om kva faktorar som kan fremja og hemma dette samvirket.</p>	<p>Kvalitativ metode</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide intervjuguide på bakgrunn av teori og dokumentanalyse - Semi-strukturerte intervju av informantar - analysere funn og kartlegge viktige faktorar <p>Kvantitativ metode</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide spørjeundersøking på bakgrunn av kvalitative funn og dokumentanalyse - Utsending av undersøking - Analysere funn og kartlegge viktige faktorar

4.3 Utval:

Studiet er grensesett til gjennomføring i nokon utvalte politidistrikt. I den kvalitative datainnhentinga vart det hente data ved å intervjuje fire politibetjentar og fire frivillige redningspersonar i to politidistrikt. For å samle informantar og knyte nøkkelpersonar som kunne hjelpa med å sende ut informasjon og spørjeskjema vart snøballmetoden nytta. Ved denne metoden knyter ein kontakt med ein eller fleire som gjer relevant informasjon og/eller tips om andre ressurspersonar i eigen eller andre organisasjonar (Jacobsen, 2005), slik ruller snøballen vidare. Dei utvalte distrikta vart Rogaland og Sogn og Fjordane. Underteikna har kontaktar innan politietaten og frivillige redningsorganisasjonar i Rogaland politidistrikt. Dei fortalde om nokon suksessfaktorar, men og områder det må jobbas meir med for å betre samvirke. Dermed var det både praktisk, og spennande, å ha med Rogaland politidistrikt i studiet. Her var det lett å få tak i informantar og eg møtte stor velvilje i begge organisasjonane. Sogn og Fjordane er eit politidistrikt som har fått kjenne røynsla av fleire aksjonar den seinare tida. Dette var og ei av årsakene til at dette distriktet vart vald. Intervjua vart tatt ei kort stund etter storbrannen i Lærdal, likevel møtte eg stor velvilje og tilgang på informantar, trass ei travel tid i distriktet deira.

Pålitelegheita til utvalet vert vurdert som høg. Informantane verka interesserte i temaet, med ynskje om å gje informasjon som kan gjere at ein kan avdekka kva faktorar som fremjar og hemmar samvirket. Alle informantane var opptatt av å ha eit godt samvirke mellom aktørane under ein redningsaksjon.

Tabell nr. 6. Oversikt over informantane i det kvalitative studiet.

Stilling:	Organisasjon:
Inf. Nr. 1 Hundefører i politiet	Politiet i Stavanger
Inf. Nr. 2 Innsatsleiar	Politiet i Stavanger
Inf. Nr. 3 Sentralt verv i Røde Kors	Røde kors, Stavanger
Inf. Nr. 4 Sentralt verv i Norske Folkehjelp	Norsk Folkehjelp, Stavanger
Inf. Nr. 5 Sentralt verv i Røde Kors og Norske redningshunder	Røde Kors, Norske redningshunder, Førde
Inf. Nr. 6 Sentralt verv i Røde Kors	Røde Kors, Florø
Inf. Nr. 7 Politibetjent tilsett ved operasjonssentralen	Politiet i Sogn og Fjordane
Inf. Nr. 8 Politibetjent	Politiet i Sogn og Fjordane

Til utvalet i den kvantitative undersøkinga vart Rogaland og Sogn og Fjordane politidistrikt tatt med vidare i studiet. For å sikre nok svar vart også Sunnmøre politidistrikt lagt til i studiet. Dette distriktet vart vald grunna fleire store redningsaksjonar den seinare tida.

4.4 Innhenting av data:

Den kvalitative intervjuguiden (vedlegg nr. 3) vart sendt ut til informantane ei veke i forkant av intervju, saman med informasjonsskriv (vedlegg nr. 2) og samtykkeskjema (vedlegg nr. 4). Fleire av informantane var dermed godt forberedt til intervju og mesteparten hadde lest gjennom skriva. Førespegla tidsaspekt til intervju var rundt ein time per intervju. Opptaka varde frå 45 minuttar til 100 minuttar. Intervjua vart gjennomført på arbeidsplass eller organisasjonslokal til informantane. Intervjua vart teke opp på ein digital opptakar. Filene vart lagt over på data og vart transkribert. Gjennom intervjua møtte eg informantar med ulike alder, ulike bakgrunnar og ulike fartstid. Alle viste interesse for temaet og kunne bidra med informasjon. Fleire uttrykte sterke meininger, særskilt dei med lang fartstid i sitt yrke/verv og/eller mykje erfaring frå aksjonar. Informantane verka trygge i sin atmosfære. Likevel opplevde eg nokon av dei som noko ukomfortable i svar rundt spørsmål om øvingar og leiing. Dette kunne ein sjå når det vart spurd om øvingar og det viste seg at dei hadde lite av dette. Eller når det kom spørsmål om leiarstil og informant hadde ein del negative aspekt rundt dette tema. Eg oppfatta at den eventuelle usikkerheita fort gjekk over og at informantane svara reelt og ærleg.

Ved utarbeiding av surveyen vart fleire av kategoriane som er brukt i den kvalitative intervjuguiden teke med vidare; nettverksbygging, kommunikasjon, tillit, roller, leiing. Vidare er nokon variablar lagt til på bakgrunn av kvalitative funn frå intervju og dokumentanalyse, samt fagteori. Hovudkategoriar her var; læringsutbytte, fremmande faktorar, hemmande faktorar. Underspørsmål som vart lagt til er; debrief, tekniske verktøy, KO, med meir. Spørjeundersøkinga (vedlegg nr. 5) består av 17 hovudspørsmål, med fleire underspørsmål. Mesteparten av spørsmåla er matrix-spørsmål der eg har brukt skala frå 1 «ikke i det heile tatt» til 5 «i svært stor grad». Survey og informasjonsskrivet i denne delen av studiet er det einaste som er utarbeida på bokmål. Grunnen til bruk av bokmål her var at eg ikkje viste kva grad informantane meistra nynorsk, og eg ynskte at alle skulle oppfatte informasjonen og spørsmåla eg spurde dei. Det var stipulert at utføring av undersøkinga ville ta rundt fem minutt. Resultatet visar at tida har variert med alt frå 2 minutt til fleire dagar, men snittet ligg mellom fire og åtte minutt.

Eininga i denne undersøkinga består av to aktørar: tilsette i politiet og medlem i dei ulike frivillige redningsorganisasjonane. Her er alle frivillige organisasjonane som er lokalisert i disse tre politidistrikta inkludert i studiet.

For å hente data er det brukt sjølvadministrerande spørjeskjema via det elektronisk verktøy Qualtrics. Link til spørjeundersøkinga samt informasjonsskriv (vedlegg nr. 6) vart sendt til nøkkelpersonar innan politietaten og dei frivillige redningsorganisasjonane. Nøkkelpersonar i både Rogaland og Sogn og Fjordane visste at dei skulle vera med i den kvantitative undersøkinga, og var behjelpelig med å sende ut spørjeskjema og informasjon til sine kollegaer/medlem. Tidlig i prosessen vart også nøkkelperson i Sunnmøre politidistrikt kontakta så dei var og førebudde og gav meg god hjelp. Undersøkinga vart sendt ut i veke 11 med svarfrist den 5 april. Allereie den fyrste veka hadde over 100 personar svara på undersøkinga. I alt opna 204 stykk surveyen.

4.5 Analyse av data:

Etter å ha gjennomført åtte intervju i det kvalitative studiet sat eg att med mange og interessante funn. Dermed vart det særskilt viktig å redusere data og analysere funna grundig, for å sikre at dei tydelegaste funna vart teke med vidare. Analyse av både kvalitative og kvantitative data har same formål, å gje oversikt og orden i funnmaterialet (Grenness, 2012). Dette kan gjerast ved å bruke ulike analysemetodar, og vil vera påverka av kva forskingsparadigme ein høyrer til. Sidan tilnærminga til dette studiet er via eit realistisk forskingsparadigme, har dette påverka analysearbeidet. Allereie i forkant av undersøkinga var det laga god orden og lagt til rette for innsamling av data. Det vart laga klare kategoriar i intervjuguiden. Transkriberinga vart reinskrive og det vart lagt til kommentarar frå underteikna om korleis sjølve intervjusituasjonen utarta seg. Alt vart lagt i system og klart til å hentast fram for analyse.

Hubermas og Miles har sett opp eit punktvis oppsett på korleis ein kan generere meiningar (Ryen, 2002). I dette oppsettet har dei teke med 12 punkt, der dei fire siste går inn under punktet ”å finne faktorar”. I tabellen øvst på neste side har eg teke med dei fem punkta eg har brukt hyppig i denne prosessen. Mønster og tema har vorte notert gjennom heile prosessen frå intervju til ferdig analyserte data. Her er det brukt mykje tid og det er teikna mange tankekart og modellar. Når ein byrjar å sjå mønstre og tema, vert det også naturleg å setja desse inn i ein

kategori eller ei gruppe. Denne prosessen byrja og relativt tidleg. Punkt 3 og nedover er ulike strategiar for å finne faktorar.

1.	å notera mønstre og tema
2.	å kategorisere eller gruppere
3.	å finna faktorar
4.	å merka seg relasjonar mellom variable
5.	å laga begrepsmessige eller teoretisk samanheng

Modell nr. 5 Analyse av kvalitative data.

Fleire av punkta i Hubermas og Miles sitt oppsett har vorte nytta i noko mindre grad; *å merka seg det sannsynlige, å laga kontrastar og samanlikningar, å trekkje det spesielle inn i det generelle, det vil seie å gå fram og tilbake mellom data på fyrste nivå og generelle kategoriar, å byggje ei logisk kjede av bevis* (punkt for å finne faktorar), og *å finna mellomliggande variablar* (punkt for å finne faktorar). Nokon av variablane vart brukt i det kvantitative analysearbeidet; *å telja, å dela variable*. Punktet *å laga metaforar* ikkje vart brukt.

Dette oppsettet samsvarar i stor grad med min framgangsmåte for å analysere data. Med åtte forholdsvis lange intervju med mykje informasjon og mange meiningar rundt temaet vart analyseprosessen noko krevjande. Ryen (2002) beskriv denne fasen som "(...) rotete, tidkrevende, ikke-lineær, kreativ prosess med rom for mye tvil, en prosess som skal bringe orden, struktur og mening inn i alle innsamlede data" (Ryen, 2002, s. 145). Dette vart og tydeleg for underteikna. Samstundes var kategoriane i intervjuguiden godt etablert og kunne enkelt jobbast med vidare. På same tid var fleire av informantane innom dei same faktorane, og slik vart det tydeleg kva faktorar som var viktige. Det tok ei tid frå eg tok opp intervjuet og fekk transkribert dei til eg var moden for å analysere funna. Eg opplever at dette påverka til at informasjonen hadde blitt meir moden og tydeleg for meg, før eg byrja analyse arbeidet. Svar på kategoriar som var teke med i intervjuguiden kunne seia meg ein heil del om kva faktorar som påverkar samvirket. Samstundes opna spørsmåla til at informantane kom inn på andre tema dei synest er viktige for samspelet under ein aksjon. Dei funna som var mest tydelege utover dei tema informantane vart spurd om, er fylgjande: motivasjon, nasjonale retningslinjer, tidlig varsling, planlegging, debriefing og eit fungerande KO.

Analysering av dei kvantitative funna er noko mindre tidkrevjande enn analyse av kvalitative funn. Arbeidet tok likevel lengre tid enn planlagt grunna større deltaking på undersøkinga enn førespegla. Sidan eg med den kvantitative undersøkinga ynskjer å gje ei skildring er det valt å

bruka deskriptiv statistikk. Deskriptiv statistikk viser utvalet sine særtrekk (Grenness, 2012). Som eksempelvis kor stor del av utvalet som svarta 4 «i stor grad» på spørsmålet om felles øvingar mellom aktørane fremmar samvirket. Ein kan vise grensesnittet, som er utvalet sitt gjennomsnitt. Og ein kan sjå på forskjellar i utvalet, eksempelvis mellom dei frivillige redningsorganisasjonane og politiet.

Analysearbeidet i det kvantitative studiet starta med å overføre svarta frå Qualtrics slik at dei kunne brukast i det statistiske data programmet SPSS. Funna er lagt fram ved å sjå på kor mange som har svarta på dei ulike spørsmåla, kor stort standardavviket er og kva gjennomsnittet av svarta er. Det er og brukt grafiske illustrasjonar ved bruk av tabellar og pai-diagram.

4.6 Utfordringar og avgrensingar:

4.6.1 Metodeval:

Når ein brukar fleire metodar krev dette at forskar har god kompetanse innan dei ulike metodane som vert brukt. Eg har måtta hatt god plan og struktur gjennom prosessen, og har tidvis følt metoden som krevjande grunna at ein må kjenne godt til mange ulike aspekt. Samstundes krev det meir tid til å gjennomføra studiet når ein triangulerar. At eg ville arbeide mot tida var kjent før eg valte denne metoden, likevel tok eg denne avgjersla for å gje best mogleg svar på problemstillinga. Belastinga det gjer å bruke fleire metodar har ført til nokon avvik frå tidsplanen. Det krev og eit noko større økonomisk bidrag for gjennomføring enn det ofte gjer ved å bruke ein einskild metode. Her var eg heldig som fekk tildelt midlar via forskarstipendet frå FORF.

Skulle eg tatt avgjersla på ny ville eg likevel valt same forskingsdesign. Dette sidan eg opplever at masteroppgåva, gjennom bruk av metodisk-triangulering, har blitt svarta på med god djupne og heilskap.

4.6.2 Utfordringar og avgrensingar si påverknad på studiet:

Det er berre teke med to politidistrikt her, og ein må huske at disse intervjuar dermed ikkje speglar heile landet. Samstundes var informantane både i Rogaland og Sogn og Fjordane opptatt av mange av dei same problemstillingane og suksessfaktorane. Dette på tross av ulik størrelse på distrikta, ulike avstandsforhold, ulik størrelse og fungeringsnivå på dei ulike frivillige redningslaga osv. Dette kan indikere at fleire av temaa kan vera aktuelle i andre politidistrikt i Noreg, men at det også vil vera lokale forskjellar. Med dette utgangspunktet valde eg å ta med desse to politidistrikta vidare i studiet, men la til eitt til politidistrikt for å få stort nok utval og god breidde i det kvantitative studiet.

Tidspunktet for innhenting av data har truleg ikkje påverka funna. Det er redningsaksjonar og samvirke mellom aktørane heile året. Det kunne tenkjast at skisesong kunne påverke til fleire aksjonar og dermed økt samvirke mellom aktørane i denne perioden, dette verkar likevel ikkje som det var tilfelle. I Rogaland fortalde dei om svært mange redningsaksjonar frå 1. januar til medio februar. Dette vart ikkje sett i samheng med skisesong, men det vart stilt spørsmål om ein har stramma inn rutinar for tidleg varsling og at dette er årsak til mange redningsaksjonar der aktørane har hatt samvirke i 2014.

I eit samfunnsvitskapeleg studie med bruk av menneske som aktørar, vil studiet kunne bli påverka av at verdiar stadig endrar seg ut i frå menneske sine innspel og sluttingar. Heilskapen kan vera svært annleis enn det eit enkelt menneske legg fram (Ryen, 2002). Dette vart teke omsyn til under intervju, og var noko av bakgrunnen til at eg valde å intervju heile åtte informantar. Det har og påverka val av å trianguleringsmetode, for å prøve å innhente ei meir heilskapleg syn på temaet.

4.7 Reliabilitet og validitet

Studiet treng reliabilitet, med andre ord pålitelegheit og truverd. Eit spørsmål ein kan stille seg her er om ny gjennomføring av same undersøking ville gjeve same resultat (Jacobsen, 2005). Reliabilitet kan (likt som validitet) vurderast ut frå interne og eksterne nivå. At forskarar identifiserer same konstruksjonar, kan vera ei defineringsprosess på intern reliabilitet. Medan å reprodusere resultat i nye studiar er ekstern reliabilitet (Ryen, 2002). Å måle påliteligheten er i stor grad basert på vurderingar.

Eg opplever påliteligheten i dei kvalitative intervju til å vera god. Samstundes ser eg at det var noko forskjell på intervjuprosessen og tryggheten til informantane. Då tenkjer eg på det Jacobsen (2005) kallar for kontakteffekten som er forskjellen mellom overraskande og planlagt intervju. Alle intervju var planlagt, men to av dei som vart intervju hadde ikkje sett intervjuguiden, og visste difor ikkje kva tema studiet hadde. Eit positivt aspekt med dette, er at det kan ha ført til meir spontane svar, men eg opplevde også at dei var noko usikre på kva eg spurde etter, og tidvis mista tema litt av syne.

Ei kvantitativ studie kan ha fleire feilkjelder. Grenness (2012) skriv at informanten sjeldan bruker heile svarskaalen og at dette kan indikere systematiske feil. Ved gjennomgang av svara

på den kvantitative undersøkinga, ser eg at heile skalaen er brukt ved mange av spørsmåla. Ein kan og tenkje seg at informantar kan ha svara noko upresist og heller kryssa av for det som er nærast det dei kunne ynskje, i staden for sanninga. Ein kan også verte ute for tilfeldige feil. Dette er feil som kan oppstå fordi informanten er usikker på kva det er spurd om, eller svarar i høgt tempo og ikkje les spørsmålet og svaralternativa tilstrekkeleg for å gje eit oppriktig svar (Grenness, 2012). Her ser ein at både menneskelege og metodeval vil spela inn på reliabiliteten i det kvantitative studiet, og eg kan ikkje vita med sikkerheit kva grad av reliabilitet studiet har. Likevel oppfattar eg at det kvantitative studiet har ei høg reliabilitet. Dette grunna at eg har 204 informantar som kjenner temaet og kan gje truverdige svar. Det at heile svarskalaen er brukt, er og eit godt teikn.

Rapporten *WHAT IF – Hva om ingen gjorde noe?* er skrevet av fire personar frå FORF styret. Det er ikkje brukt støttande teori eller andre referansar i teksten, og det er heller ikkje brukt kvalitativ eller kvantitativ metode. Dette er eit litterært verk basert på forfattarane sin erfaring, kunnskap og kompetanse og er meint for å setja fokus på ei viktig problemstilling. Vidare finn undertekna dei definisjonar og tal, som er teke med i rapporten, att i annan teori. Dette bekreftar at informasjonen er sann. Scenarioet som er teke opp er konstruert, meint som ein tenkevekkjar, og treng dermed ikkje teoretiske kjelder. Ut frå dette oppfattar undertekna at rapporten har reliabilitet.

Eg oppfattar at questback-undersøkinga har høg reliabilitet. Utvalet som er teke med vert oppfatta som påliteleg til temaet det vert spurd om i FORF si undersøking. Undersøkinga er også utført to gonger (i 2009 og 2012) med ganske like resultat, dette fører og til at eg lit på resultatet dei viser i rapporten.

Forfattar Ronge har møtt ei gruppe menneske som er pålitelige til temaet ho skriv om. Her er det ikkje gjort undersøkingar, teksten er basert på observasjon og samtalar. Dette er også informasjonskjelder som eg ser som truverdige. Dette er ein enkelt artikkel, og ein kan ikkje etterprøve dette. Eit spennande moment er at forfattar via artikkelen og epost-utveksling med undertekna skisserer eit bilete av temaet som samsvarar med dei funna eg har innhenta via mine studiar. Dette gjer at eg trur på denne artikkelen. Eg opplever at alle tre dokumenta er gjennomført/utarbeida på tilfredsstillande vis.

Den interne reliabiliteten til denne masteroppgåva er ikkje målt sidan studiet er utført av ein person. Det er heller ikkje gjennomført like resultat i ei ny kvalitativ undersøking, men ein del av resultata er bekrefta gjennom den kvantitative undersøkinga. Slik har eg skaffa ei form for ekstern reliabilitet.

Etter å ha stadfesta om studiet har reliabilitet, kan ein sjå på validiteten av studiet. Når ein samlar empiri må ein forsikre seg om at empirien er valid, altså at empirien er relevant og gyldig. Dette betyr at ein måler det teoretiske omgrepet ein ynskjer å måle, og kalla begrepsvaliditet. Vidare må det ein måler hjå nokon informantar, og vera gjeldande for andre. ”(...) induktiv forskning bygger på antakelser om visse lovmessigheter eller regulariteter som uttrykkes gjennom teorier utviklet ved å utforske eksempler, som så modifiseres eller gjøres mer raffinerte gjennom nye eksempler” (Ryen, 2002, s. 156). Når ein her snakkar om validitet betyr det at det er truleg at konklusjonen er sann (Ryen, 2002).

I kvalitativ metode er openheit eit moment. Kva undersøkinga leiter etter, er difor mindre definert før gjennomføring enn den er ved ei kvantitativ undersøking. I dei kvalitative intervjuar har eg spurd spørsmål rundt konkrete faktorar, men også hatt med spørsmål der informanten skulle svara opent rundt sine meiningar. Disse svara har i stor grad påverka studiet vidare. Dermed opplever eg at gyldigheita i den kvalitative undersøkinga er stor. Eit av momenta for validitet i kvantitative studiar er overflatevaliditet. overflatevaliditet ser på om ein har undersøkt det ein hadde hensikt om å undersøkje. Eg opplever at overflatevaliditeten i det kvantitative studiet er høgt. Vidare ser ein på innhaldsvaliditet. Dette ser på om innhaldet i spørsmåla dekkjer det undersøkinga er meint til å måla. Her meiner eg at bruk av det kvalitative studiet i forkant av utforminga av det kvantitative spørjeskjemaet, har bidrege til at innhaldsvaliditeten i studiet er høg.

Dokumenta som er brukt i dokumentanalysen, har alle data som er relevante for temaet som er tatt opp i denne oppgåva, og har slik sett høg validitet for dette studiet. Vidare opplever eg at dokumenta har gyldig informasjon og at dei svarar på det dei ynskjer å svara på. I questback-undersøkinga utført av FORF har representantar frå 26 av 28 LRS delteke og ved 12 av redningssentralane har to eller fleire svara på undersøkinga. Slik kan ein anslå at utvalet i undersøkinga har høg validitet, og at svara visar eit godt bilete for heile landet. Artikkelen skrevet av Ronge (2014) er utarbeida medan ho observerte rundt 70 frivillige, politi og andre aktørar som var på kurs saman. Forfattar har vore i kontakt med mange menneske, og fått

innspel rundt redningsaksjonar og øvingar som eg kjenner att frå mine møter. Eg opplever difor utvalets validiteten til å vera høg i denne artikkelen.

Ein kan måle begrepsvaliditeten ved å mellom anna sjå på korrelasjon mellom resultat frå ulike undersøkingmetodar. Det er høg korrelasjon mellom dei ulike undersøkingane og funna i dette studiet. Dermed har trianguleringsmetoden som er brukt i dette studiet, bidrege til å gje ei høg begrepsvaliditet.

4.8 Etiske vurderingar:

Gjennom utarbeiding av eit studie er ein i kontakt med mange menneske som gjev av sine erfaringar, sin kompetanse, sine meiningar og tankar. Alle gjev på kvar sin måte innspel rundt temaet i masteroppgåva, anten det er via ein uoffisiell samtale, kvalitative intervju eller svar på spørjeundersøking. Dei har vist meg respekt, og eg har vist dei respekt. Underteikna har anonymisert alle personar slik at ingen kan bli spora opp. Dette ved å ikkje ta opp informasjon om personalia på opptak. Dei transkriberte intervju er dermed anonyme. Alle intervju er lagra trygt og vil bli sletta av underteikna innan utgangen av 2014. Det er ikkje lagra namn eller anna personleg informasjon på data. Samtykkeskjema med underskrift er ikkje tilgjengelig for andre enn underteikna. Sidan nokon informantar eg har møtt gjennom kvalitative intervju kan identifiserast om eg tek med verv og/eller stilling, har eg valt å skrive informantskjema utan å detaljere dette.

For gjennomføring av spørjeundersøking, har eg hatt nøkkelpersonar i kvart politidistrikt. Desse har sendt ut spørjeskjemaet til sine tilsette i politiet og medlemmer i dei frivillige redningsorganisasjonane. Dei som har svara, har fylgt ein link for å finne undersøkinga og har ikkje oppgjeve personalia under utfylling. Dermed veit verken eg eller andre involverte i undersøkinga kven som har delteke.

Sjølv om eg har gjort det eg har kunna for anonymisering både i gjennomføring av intervju, undersøking og i utføring av teksten i oppgåva, kan likevel nokon informantar vera kjende for andre. Dette kan oppstå via samsnakk. På eit politikontor veit ein fort kven som har gjennomført intervju viss ein spør. Det kan også tenkjast at dei frivillige i nokon av dei organisasjonane som er tatt med i studiet, har snakka saman om studiet. Eg har møtt mange med interesse for temaet, og eg vil og anta at det dermed vert samsnakk innan gruppa rundt dette.

Då eg gjennomførte den vegleiande meldeplikttesten til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD), viste den at studiet ikkje trengde meldast inn.

Informantar har hatt høve til å trekkje seg frå gjennomføring av kvalitativt intervju og kvantitativ spørjeundersøking. Alle gjennomførte dei kvalitative intervju, og fleire av dei gav gode tilbakemeldingar og uttrykk for at det er eit viktig og spennande tema dette studiet omhandlar. Gjennom den kvantitative undersøkinga er det som kjent nokon som har avbrote undersøkinga. Dette kan vere av ulike grunnar, både med avbrot i heimen eller på jobben, eller at ein ikkje ynskter bruka tid på undersøkinga av ulike årsaker. Eg fekk eitt innspel frå ei som med feiltaking hadde avbrote undersøkinga. Det kan tenkjast at dette også har hendt med fleire.

5.0 Analysekapittel:

I dette kapittelet vert funna frå empirien kartlagt og sett i lys av problemstillinga. Fyrst gjennom kapittel for kvalitativ analyse, deretter ser vi på den kvantitative analysen.

5.1 Kvalitativ analyse:

Gjennom dei åtte intervjuja som vart gjennomført, vart det innhenta eit stort empirigrunnlag. Alle funna er ikkje tatt med. Det er lagt fokus på dei funna som har vist seg å gje størst utslag som fremjande og hemmande faktorar. Dei funna det ikkje vart spurd om, men som mange, eller samtlege av informantane tok opp som viktige faktorar, er også teke med. Eg har også teke med nokon av dei funna som har avdekkja nye element, som vidare har medført tilpassingar i utarbeidinga av den kvantitative surveyen. I teksten vert det referert til informantane ved nummereringa 1 til 8¹³.

Dette studiet vektlegg båe aktørane, politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane, i like stor grad. Likevel ser eg at ein del av svara, samt det fokuset informantane har gitt i intervjuja, er mynta på dei frivillige redningsorganisasjonane. Begge partar snakka mykje om korleis politiet kunne samarbeide betre med dei frivillige redningsorganisasjonane, og lite i motsatt retning. Dette kan ha med at alle informantane var opptatt av at dei frivillige redningsorganisasjonane er ein del av ryggmargen i den norske redningstenesta.

politiet seier: ”det er frivillige, punktum. Uten frivillige stopper Norge og redningsetaten, så enkelt er det (informant nr. 3).

Tidlig i analysearbeidet såg underteikna klare hovudlinjer, samt ulikt tidsaspekt på dei ulike temaa. Difor er funna kategorisert og sett opp etter Kruke (2013) sin sirkulæremodell av krisefasar. Her ser vi på dei ulike kategoriane i førfasen, underfasen og etterfasen av ein redningsaksjon.

5.1.1 Førfasen av ei redningsaksjon:

Nettverksbygging:

Informantane er samstemte i at kjennskap fører med seg enklare gjennomføring av samvirke under ein redningsaksjon. Det vert sagt at det er enklare å vende seg til, og spørje menneske som ein har kjennskap til i forkant av ein redningsaksjon. Samtidig som kjennskap lettar på stemninga, særskilt under aksjonar som strekker seg over lang tid.

andre året på politihøgskolen då er vi ute i praksis, der erfarte eg det at det å bli kjent med (...) andre samarbeidspartnere (...) det er sånn som man kan dra nytte av når det først skjer en hendelse enten det er av alvorlig karakter eller mindre alvorlig karakter, det har

¹³ Sjå tabell nr. 7 for oversikt over informantane sitt nummer og sitt verv og/eller stilling.

litt med at du er på fornavn med de som du samarbeider med då, det synes eg er viktig (informant nr. 8).

Korleis kjennskapen var mellom aktørane var varierende. Frå å vera på fornamn med kvarandre, til ingen kjennskap til kvarandre. Det kjennskap dei hadde til kvarandre var i hovudsak via nettverksbygging under sjølve redningsaksjonar, men og via felles øvingar som kan skje mellom 1 – 4 gongar i året. Det er tydelig at mange ynskjer meir nettverksbygging, særskilt informantane som er frå dei frivillige redningsorganisasjonane, men og politiet.

Så det er veldig lite, eller for å snu det litt, det er veldig mye som kunne vært mye bedre i fht dette med å møtes utenom aksjoner i det heile tatt (informant nr. 5).

I Rogaland politidistrikt tok samtlege informantar opp at dei gjennomfører ein felles pizzakveld ein gong i året. Denne kvelden gjer fagleg påfyll, ein evaluerer eventuelt vanskelege redningsaksjonar og har det sosialt saman. Alle frivillige er invitert samt nokon frå politiet. Hundeførarane seier dei saknar invitasjon til dette arrangementet sidan dei og er ein del av samvirke rundt ein redningsaksjon.

Ein informant vektlegg at det å ha ein representant frå dei frivillige som er tilsett sentralt i politietaten er av stor verdi og fører til god nettverkbygging. Andre informantar påpeiker at når slike høver fungerer er det effektivt, men det kan og skje at den informasjonen og nettverksbygginga som kunne vore interessant for resten av dei frivillige stoppar ved dette leddet.

Informantane meiner at det som gjer det vanskelig for gjennomføring av nettverksbygging er mangel av to ressursar: tid og pengar. Det visar seg at når politiet har høve, på dagtid, så er dei frivillige opptatt i sitt private arbeid. Når dei frivillige har høve, på kveldstid, har politibetent enten fri eller dei er på vakt. Informantane oppgav fleire grunnar til vanskar for politiet med møter i deira fritid. Eksempel var ynskje om å ha fri når ein har fri, eller få betalt eller avspasering for tida ein brukar utover arbeidstid. Ein anna variabel som vart nemnt, er informasjonsstopp. Det vil seia at innbydinga eller planlegginga kan skje med eksempelvis leiar, og deretter gløymer, eller unngår leiar å sende informasjon vidare til dei han er leiar for. Dermed får ikkje dei i politiet som ynskjer å bruke fritida på å møte dei frivillige, eller dei frivillige som har fri eller kan ta seg fri på dagtid, høve til å vera med på eit eventuelt arrangement med den andre aktøren.

Tidleg varsling:

Informantar seier at tidleg varsling legg eit godt grunnlag for samvirke vidare under ein redningsaksjon. Ein kjem tidligare i gang med planlegginga av aksjonen, ein kan spare tid, kjem raskare i kontakt med den andre aktøren, slepp å bruke dobbel tid på innføring i problemstillinga og byrjar då ofte aksjonen med dei rette ressursane.

I Rogaland politidistrikt har dei merka ei betring innan tidleg varsling, noko dei frivillige som eg har snakka med verdset.

Me blir jo bare tidligere og tidligere utkalt, og på aksjonene nå blir me som oftest med ein gong me blir utkalt då så er det omtrent snu og gå heim igjen då når me kommer fram då for då har de gjort funn, men som eg seier ”det er bedre å ver ute ein gong for mye istedenfor ein gong for lite” (informant nr. 4).

I Sogn og Fjordane politidistrikt seier informantane at dei endå kan bli mykje flinkare til dette.

(...) politiet må tenke meir nyansert. Altså enten har de full mobilisering eller så er det ingenting. Viss vi hadde fått beskjed om det så kunne vi hatt den nærmaste hundeføreren beredt for eksempel (...) Ingen problem med å snu pga funn (informant nr. 5).

Tidleg varsling er ein fremjande faktor som gjev betre samvirke og ein meir effektiv gjennomført reningsaksjon. Det kjem fram at mangel på tidleg varsling kan påverke negativt både i forhold til effektiviteten i redningsaksjonen, og i samvirket.

Planlegging:

(...) altså det som går på leiting og redning meiner eg i alle fall lokalt her at der det er (...) desidert mest å henta er på planlegging, ja det meiner eg (informant nr. 1).

Alle informantane nemner planlegging som ein faktor som påverkar samvirket, sjølv om dette ikkje vart konkret spurd om i intervjuguiden. Når informantane snakkar om god planlegging mellom aktørane er det ofte referert til planlegginga som skjer mellom innsatsleiar og fagleiar, og eventuelt andre i KO. Dei refererer til planlegging som ein alfa og omega-faktor for godt samvirke, og god gjennomføring, under ein redningsaksjon. Det vert og vektlagt at bruk av planlegging i forkant av ein redningsaksjon gjev ei tidseffektiv handtering av aksjonen. Når dei frivillige redningsorganisasjonane kjem i kontakt med politiet og byrjar å planlegge med dei tidlig, kan dei tidlig varsle og førebu sine medlemmer ut i frå den informasjonen dei har. Vidare kan ein bruke transporttida til staden for redningsaksjonen til å innhente

informasjon og planlegge gjennomføringa. Planlegging legg til rette for bruk av rette ressursar til rett tid i prosessen.

Ja for me hadde ein aksjon og det var vel i fjor høst der me fyrst begynte mitt på dagen (...) fant me bilen i åtte tida på kvelden. (...) skulle politiet bruke politihundene sine først då, men det gjekk jo ein time før dei kom (...) me stod jo 50 mann der klar til å gå ut i søk og me stod der egentlig bare å klorte, og så ser du politihunden kom og gikk ut og så ser du liksom bare mørket kommer etterpå (informant nr. 4).

Nokon informantar visar til positive ved at innsatsleiar og fagleiar har brukt same bil til staden, men ein kan og bruka nødnettet. Slik kan dei allereie i bilen starte planleggingsfasen. I Sogn og Fjordane har dei frivillige redningsorganisasjonane ein beredskapskoffert med pc, skriver, modem osv. Denne kofferten kan dei ta i bruk med ein gong dei får varsling. Den som har kofferten kan jobbe heime, medan fagleiar kjører ut til staden, til KO.

Øvingar:

Øvingar er ein faktor som hang høgt for nærast samtlege av informantane. Alle var einige om at øvingar kan gje godt læringsutbytte, og at ein vert kjent med den andre aktøren sine ressursar og kompetanse under ei øving. Det som er viktig er at det vert gjennomført nok øvingar med rett øvingsform.

Kor mange fellesøvingar som vert gjennomført i året, varierar frå 1 til 4 stykk. I Rogaland har dei ein frå dei frivillige redningsorganisasjonane med i politiet sitt øvingsutval¹⁴. Dette er positivt og gjer at dei frivillige vert invitert inn til rundt tre øvingar i året. I tillegg kan dei vera med på småøvingar, men disse skjer ofte i arbeidstid, og vi ser igjen at tidsfaktoren gjer at deltaking ikkje, eller sjeldan lar seg gjennomføra. Informant nr 4 fortel og at hans lag ofte inviterar politiet til øvingar. Det er her vanskelig å vite om dei som har motivasjon eller tid, får denne informasjonen. Det blir stilt spørsmål om informasjonen stoppar ved ledd før eksempelvis hundeførarane. I Sogn og Fjordane politidistrikt vert det skissert eit anna bilete av øvingsfokuset. Det vert halde mellom ein og to øvingar årleg via øvingsutvalet. Vidare fortel dei to informantane som er frå dei frivillige redningsaksjonane at dei ofte inviterar politiet til øvingar, utan særleg gode utfall.

Vi gjennomfører ein til to store øvelsar i året (...) inviterer politiet (...) og da står de å ser på, dei klarar ikkje å ta ein rolle inn i dette her som aktive så dei sender ofte noen politistudentar (informant nr. 5).

¹⁴ Øvingsutvalet i Rogaland politidistrikt består av politiet, helse, brann, forsvaret, sivilforsvaret, fylkesmannen og FORF. Øvingsutvalet sitt formål er å gjennomføra øvingar og bidra til å vidareutvikla samvirke mellom naudetatane og andre redningsaktørar (Rogaland politidistrikt, 2014).

Informant nr 6 fortel at han inviterer til to store fellesøvingar i året. Her vert nabokorps og politiet invitert. Dei har den siste tida hatt generelt dårleg oppmøte, og somme gonger har ein avlyst øvinga grunna det manglande oppmøtet.

Informant nummer 8 som og kjem frå dette politidistriktet, seier om øvingar:

sett opp i mot frivillig organisasjonar som du spør om så kan eg ikke komme på at eg har hatt noen øvelser med de altså. Det er reelle situasjonar der folk har vert savnet av forskjellige årsaker altså det er jo ofte då de blir kallet inn. Så eg må si at eg har ikke så mye erfaring med øvelser (informant nr. 8).

Det kjem fram at øvingsforma har stor påverknad på kva ein lærer under ei øving. Eit par informantar fortel at under storøvingar forsvinn fokuset på dei og over på det store bilete. Når ein ikkje får fokus og tilbakemelding på det ein gjer, kjennes øvinga noko unødvendig. Det kjem og fram at store øvingar kan vera uoversiktlege og inneha mange faktorar for forbetring. Alle er samde om at store fellesøvingar er viktig med jamne mellomrom, men ein del av informantane frontar bruken av tabeltop øvingar og småøvingar. Dei meiner det kan vera fremjande for samvirke at eksempelvis KO har småøvingar saman osv.

Øvingar vert og ofte opplevd som fantasidokument. Det vil seia at ei øving ikkje vert opplevd som reell sidan ein ofte byrjar i feil rekkefylje med urealistisk store styrker.

det er litt som å hoppe inn i ei bok i kapitel fira, (...) viss ein ikkje får med innledninga det sliter me alltid på øvelsar (...) ja for det er vondt for ein ung politimann å bli møtt av 100 frivillige og KO-vogner og alle som vet kva de bør gjer (...) så bruker me altfor mye tid på å komme igang i staden for å trene på at me kommer først, så kommer folkehjelpen og Røde Kors og så bruker me tid på å bygge det opp, og så trener me på kommunikasjon og dialog og så får du ein positiv opplevelse og så vil alle se at vi får ein pyramide som fungerer og da er det ein suksessfaktor (informant nr. 2).

5.1.2 Underfasen av ein redningsaksjon:

Leiing

Leiing er eit av dei temaene informantane snakka mest om, men og då ofte med ganske forsiktige ord. Likevel kom det fram i lyset ulike meiningar etterkvart som samtalen gjekk fram. Alle hadde meiningar om at leiarstilen påverkar samvirke under ein redningsaksjon. Dei skisserer eit bilete der det tidvis er mismatch mellom leiarrollene. Dette kan skje av ulike årsaker, men fleire skisserer eksempel der fagleiar er autoritær og tar leiinga over redningsaksjonen, eller innsatsleiar gjer ansvaret over til fagleiar.

Noken gonge er det litt tilfeldig (...) med kven som er leidar for politiet, måten søket blir organisert på og kem so tar ledelsen frå dei frivillige, (...) og viss du då har ein leidar frå politiet som kanskje ikkje er så komfortabel med det og du har ein som er veldig sterke der i

frå så er det sjølv om politimannen er leder formelt sett så blir kanskje noken gonger ein frå dei frivillige kanskje litt for mykje leidar, og det er forsovidt ikkje gale i seg sjølv men det er veldig dumt for me ser at me mister ein del opplysninger, spesielt på det som går på etterretning (informant nr. 1).

(...) ”dette er det dokker som kan dette og dokker må bare sei til meg viss det er noke eg skal gjer” og det har eg opplevd flere gonger at de kommer og seier (informant nr. 4)

Vidare vert det lagt fram at ein treng ein lydhør leiar som er open for innspel. Dette fordrar samvirke i stor grad. Dette gjeld både frå innsatsleiar og fagleiar si side. Det kjem fram at det er enklare både for dei som er i KO, men og dei som går ute i søk, å gje tilbakemeldingar viss fagleiar og innsatsleiar høyrer på kva som vert sagt. Likevel treng ein ein leiar som ikkje lar seg overkøyre over innspel og meiningar frå dei andre som er med i redningsaksjonane. Leiaren må vera trygg, og tøff nok til å ta dei vanskelige avgjeringane. Her nemnar og nokon av informantane at dette kan vera problematisk sidan innsatsleiar er den som har leiarrolla medan fagleiar i eindel tilfeller er den som har mest erfaring og kunnskap til å kunne ta dei vanskelige avgjeringane. Dette visar til at ein treng nært samvirke mellom disse ledda under ein redningsaksjon.

(...) gjør det som vi blir enige om og har de selv vært med på ideen så veit eg eg får ut 100% enn når eg kjøre noe som de ikkje er enige om, det tror eg gjelder alt (..) så fagledar, han er med meg heile tida han (informant nr. 2).

KO:

KO er det koordineringspunktet som redningsaksjonen vert leia i frå. Fleire informantar seier at ein fremjande faktor for godt samvirke mellom aktørane, er å ha eit godt KO. I KO må det vera plass til både dei frå politiet og dei frå dei frivillige redningsorganisasjonane. Det må vera plass til eit kart, og til sambandet. Når alle ressursane som skal sitja i KO er samla, vil dette gjera arbeidet med informasjonsflyt mellom aktørane enklare. Her vert det påpeika at dette gjeld særskilt i forhold til at fagleiar treng å vera i KO med politiet, slik at han kan gje informasjonen vidare til dei andre frivillige. Eit anna moment som kjem fram er at dei frivillige ofte er dei som kan kartverk best, og som dermed veit best kor ein kan leita og ikkje. Det kjem fram at det her er ei misforhold der nokon av dei frivillige redningsorganisasjonane har KO-vogn, godt kartverk, teknisk utstyr osv medan politiet ikkje har noko av dette. Dermed kjem innsatsleiar inn og leiar redningsaksjonen med dei frivillige sitt utstyr. Dette er i

og for seg ok, men eit par av informantane påpeiker at du allereie der kan legge til rette for at fagleiar tar leiarrolla. Dei eg snakkar med i politiet ynskjer betre og oppgradert utstyr. Felles KO gjer at ein spara tid, ein har lettare for godt samarbeid mellom dei ulike aktørane og ein kan enklare fylgje dei ulike stadia i redningsaksjonen når alle er samla ved ein stad.

5.1.3 Etterfasen av ein redningsaksjon

Læring:

Det kjem fram at læring er ein viktig faktor både for gjennomføring av komande redningsaksjonar, men og for samvirke under sjølve aksjonen. Eit par av informantane vektlegg at ein ikkje berre må ha fokus på læring etter ein redningsaksjon, men også bruke førfasen og etterfasen for læring og implementering av nye tiltak.

Det er fleire læringsarenaar som vert tatt opp, disse blir her delt inn i kategoriane; grunnopplæring og kurs, erfaringslæring, debrief, og evaluering.

Grunnopplæring og kurs:

Grunnopplæring og kurs er viktig for at mannskapet i dei frivillige redningsorganisasjonane skal ha den opplæringa dei treng for å utøve sin rolle under ein aksjon. Ein treng og nok opplærte personar i dei ulike rollane, slik at ein alltid har ressursar å hente inn. Dette er tidvis vanskeleg. Her kan økonomiske midlar, motivasjon hjå medlemmane og tilgang på opplæringsressursar spela inn.

Det går litt i berg -og dalbaner eigentlig noen gonger er det vanskelig å få med folk på kurs mens andre gonger dette bare folk inn (informant nr 4).

Det vert og tatt opp at politiet med fordel kan ha meir opplæring om redningsaksjonar og gjennomføring av søk gjennom deira utdanning.

Fleire informantar visar til at felles kurs, der ein vert kjent med kvarandre sine ressursar, er ein fremjande faktor for samvirke under ein redningsaksjon. Om ein ikkje får samla inn alle, eller om kurset sin tematikk ikkje er like interessant for begge aktørane, vert det nemnt at ein måte å lære om den andre aktøren på, er å invitere fagleiar, innsatsleiar eller andre til å holde eit innlegg. I Sogn og Fjordane politidistrikt visar informant nr 6 til eit bra eksempel der Røde Kors vert brukt til å halda fyrstehjelpskurs til politistudentane som er i praksis i fylket. Han seier politistudentane slik tidlig knyter kjennskap til dei frivillige redningsorganisasjonane og ser kva ressursar dei kan inneha.

Erfaringslæring:

Informantane påpeikar at erfaringslæring er ein viktig faktor for å kunne gjennomføre gode redningsaksjonar. Det vert påpeikt at ved å ta lære av tidligare redningsaksjonar og å endra utføringa, kan det føre til ei likare og betre handtering av redningsaksjonar. Dette kan og legge betre til rette for godt samvirke. Frå politiet vert det påpeikt at læring er svært viktig, dette sidan dei frivillige ofte kan litt meir enn politiet om utføring av redningsaksjon

Debriefing:

Det vart ikkje spurd direkte om debriefing i intervjuguiden. Likevel var dette eit tema som kom hyppig opp. Informantane fortel meg om stor viktighet av debriefing rett etter ein redningsaksjon. Her skal alle aktørar vera samla og saman gå gjennom aksjonen. Det vert vektlagt for samvirke at alle sine synspunkt kjem fram. Informantane meiner og ein kan lære mykje ved ei god debriefing. Ein kan få innblikk i den andre aktøren sin oppfatting av aksjonen, og ein kan saman finne forbedringspotensiale til neste redningsaksjon. Vidare vert det nemnt at det er fint å kunne ”ventilere” inntrykka før ein reiser kvar til sitt.

Evaluering:

Dei vert påpeikt at evaluering har ein stor læringsgevinst og ein kan saman leggja plan for eventuell endring av det som ikkje fungerer optimalt, - eller vidareføring av det som fungerer godt. Eit par informantar meiner at det ved spesielle aksjonar vil vera ein fremjande faktor med evaluering ein dag eller to i etterkant av aksjonen. Fleire informantar meiner likevel at ein må kunne evaluere hyppigare, då både når aksjonen har gått bra, men og når ein ser forbedringspotensiale. Det visar seg at både politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane tidvis gjennomfører evaluering i etterkant av ein redningsaksjon, men det er svært sjeldan dei har felles evaluering. Fleire informantar meiner at felles evaluering vil ha stor påverknad på komande redningsaksjonar og samvirke i disse. Det visar seg at tidsaspektet også her spelar inn for moglegheita til felles gjennomføring av evaluering.

viss at det er ein heilt spesiell hendelse, ehm og då er det stortsett eg som har tatt initiativ til å prøve å få folk inn ein dag eller to etterpå for å diskutere (...) problemet då er at på dagtid kan politi og på kvelden kan de frivillige og då skal politiet på overtid og så det der er eit samansurium kvar gong me prøver å få det til (informant nr. 3).

Gjennom denne analysen ser vi at det utpeikar seg nokon kategoriar som innehar mykje funn rundt fremjande og hemmande faktorar for samvirket. Tabellen under visar dei fem kategoriane som får hovudvekt i drøftingskapitlet.

Tabell nr. 7 Hovudfunn i den kvalitative analysen.

Fase:	Kategori:
Førfasen	Nettverksbygging
	Planlegging
	Øvingar
Underfasen	Leiing
Etterfasen	Læring (debriefing og evaluering)

5.2 Kvantitativ analyse:

Det er fleire måtar å analysere kvantitative data på. I dette studiet er det ynskjeleg å kartleggja korleis utvalet vektlegg dei ulike faktorane som fremjande eller hemmande for samvirke mellom aktørane. Det vart spurd 17 spørsmål, med fleire underspørsmål, i surveyen. Dermed vart datasettet stort¹⁵. Alle svara har ikkje vorte teke med i analysen. I dette kapitelet vert det lagt fram ei analyse av empirien som er grunnlag for den vidare kartlegginga av funna empirien gjer. Dei analysar og funn som har gitt stor forklaringsverdi og/eller innspel til dei kvalitative funna er tatt med vidare i studiet. Dette kapitelet ser ikkje kvalitative funn og kvantitative funn opp mot kvarandre. Dei ulike analysekapitela presenterar kvar sitt studie før vi i drøftingskapitelet vil sjå empirien samla.

Liste over ord/uttrykk sin betydning:

Mean = aritmetisk gjennomsnitt. Dette er ein av tre måtar å måle sentraltendensen. Her legg ein saman alle verdiane i fordelinga for så å dele det på antal verdier. Dei to andre måla på sentraltendens er *median* (halvparten av verdiane ligg under medianen, halvparten over) og *modus* (den verdien som førekjem hyppigast) (Grenness, 2012).

Std.Dev. = standardavvik. "Standardavviket er et mål på hvor langt de enkelte verdiene i en fordeling gjennomsnittelig ligger fra det aritmetiske gjennomsnittet for hele fordelinga"

(Grenness, 2012). Høgt standardavvik visar til høg spreining i materialet og vice versa.

N = størrelsen av utvalet som har svara på det gitte spørsmålet. Total *N* i dette studiet er 204.

Eksempel: *N* er 193 av 204.

Valid prosent = den gyldige prosenten: utvalet som svarar på det gitte spørsmålet er den

¹⁵ Vedlegg nr 7 visar ei oversikt over frekvenstabellar, histogram, og pai diagram over alle spørsmåla som var med i surveyen, samt ei forklaring på korleis analysen er utført i SPSS.

gyldige prosentten, her ser ein vekk i frå den prosentdelen som er *missing* frå den totale N og ikkje har svara på spørsmålet.

Tabell nr. 8 Svaralternativa i matrisespørsmåla.

1.	”ikke i det hele tatt”
2.	”i liten grad”
3.	”i noen grad”
4.	”i stor grad”
5.	”i svært stor grad”

Disse vil bli nemnt med tal vidare i analysekapitelet.

I dette kvantitative studiet er det 204 informantar som har starta surveyen. Ikkje alle har svara på undersøkinga, og nokon har svara på delar av den. Ved fyrste spørsmål var N 193 av 204 og ved siste spørsmål var N 130 av 204. I løpet av studiet har dermed 32 % av dei 204 deltakarane falt av. Grunna ulike antal som har svara på dei ulike spørsmåla er det lagt ved N til det aktuelle spørsmålet i framstillinga under.

5.2.1 Deskriptiv statistikk over utvalet:

Før vi ser på funna er det fint å få oversikt over deltakarane. Her ser vi at N er 193 av 204 deltakarar, som er spreidd slik:

Tabell nr. 9 Utvalet sin organisasjonstilhøyring.

	Antal personar pr organisasjon	Valid Prosent per organisasjon
Politiet	49	25.4
Røde Kors	87	45.1
Norsk Folkehjelp	16	8.3
Norske Redningshunder	21	10.9
Roverne	11	5.7
Andre	9	4.7
Total	193	100.0
Missing	11	
Total N	204	

Tre politidistrikt var tatt med i studiet. I tabellen under ser vi utvalet sin geografiske fordeling.

Tabell nr. 10 Utvalet si geografiske fordeling.

	Antal personar pr politidistrikt	Valid Prosent pr politidistrikt
Rogaland	112	58.9
Sogn og Fjordane	43	22.6
Sunnmøre	35	18.4
Total	190	100.0
Missing	14	
Total N	204	

Utvalet har ei forholdsvis jamn spreiring frå 50 – 1 års tilsettingstid/medlemstid. Nokon tidsverdiar peikar seg ut som noko større enn resten, disse er: 4-5 år, 10 år, 15 år, 20 år og 25 år. Det å ha eit utval som har så varierende tidsaspekt er spennande, og eg opplever at dette er med på å gje meir validitet.

For å få oversikt over kva erfaring utvalet har med redningsaksjonar er det spurd om kor mange aksjonar dei har vore med på. Her har svaret stor spreiring frå 0 – 300 redningsaksjonar, andre skriver at dei har delteke i ”mange hundre”. Vidare vart det spurd om kor mange redningsaksjonar vedkomande har delteke på so langt i år. Dette på bakgrunn av at informantar i frå Rogaland nemnte i det kvalitative studiet at det har vore fleire aksjonar i januar 2014 enn tidligare. Dei påpeikte at dette kan vise ei endring, enten med tidlig varsling eller hyppigheita av redningsaksjonar. Her svarar 82 stykk at dei ikkje har delteke i redningsaksjonar i 2014. 60 stykk fordeler seg mellom 1 – 4 redningsaksjonar, og dei resterande 21 stykk har delteke i mellom 5 og 11 redningsaksjonar innan slutten av mars/byrjinga av april 2014.

5.2.2 Deskriptiv statistikk over faktorar som kan påverke samvirke:


I den kvalitative analysen vart det utarbeida ei tidslinje for funna. For å gjere det meir oversiktleg i den kvantitative analysen vert denne tidslinja brukt som utgangspunkt for analyse og funn kartlegging. Oppsettet vert dermed slik; nasjonale retningslinjer, førfasen av ein redningsaksjon, underfasen i ein redningsaksjon, og etterfasen av ein redningsaksjon.

I analysen vil eg visa til N, standardavviket og det aritmetiske gjennomsnittet. Når det er oppgitt tal i prosent er det tatt utgangspunkt i den valide prosenten. Det vil og bli lagt ved illustrerande grafikk ved interessante funn, og/eller der det kan bidra til å gjera funnet meir tydeleg.

Nasjonale retningslinjer:

N er 141 av 204, standardavviket .807 og det aritmetiske gjennomsnittet 3.82.

Fremmede faktorer: I hvilken grad vil disse faktorene fremme samvirke mellom de frivillige redningsorganisasjonene og politiet under en redningsaksjon? - Bruk av nasjonale retningslinjer/felles retningslinjer for søk



Modell nr. 6 Felles retningslinjer som fremjande faktor.

Her ser ein at heile utvalet meiner at bruk av nasjonale retningslinjer har ei fremjande påverknad på samvirke under ein redningsaksjon. Det er eit spennande funn at nær 70% av utvalet synest dette har stor eller svært stor innverknad på samvirket. Når spørsmålet er snudd og ein er ute etter å finna om ulike retningslinjer hemmar samvirke ser ein at det aritmetiske gjennomsnittet og pai-diagrammet er veldig likt verdiane over (vedlegg nr. 7).

5.2.3 Førfasen av ei redningsaksjon:

Nettverksbygging:

Spørsmål rundt nettverksbygging har fått ein ganske stor plass i surveyen. Det er spurd eit matrisespørsmål der ein får kartlagt kva arenaer som vert brukt for nettverksbygging¹⁶.

Deretter er det spurd eit opent spørsmål der utvalet sjølv kan liste opp eventuelle arenaar dei brukar til nettverkbygging. Til sist er det spurd om ein etablert fellesarena for nettverksbygging er ein fremjande faktor for samvirket, og om mangel på det er hemmande

¹⁶ Matrisespørsmålet lyder: "I hvilken grad bruker dere disse ulike arenaene for å bygge nettverk/bekjentskap mellom de to aktørene?" med underspørsmål: redningsaksjoner, felles øvelser, felles sosiale arrangement, felles kurs/opplæring, bruk av andre aktører sin kompetanse t.d. ved kurs, sosiale arrangement på privat arena

for samvirket. Funna etter matrisespørsmålet vert her vist i ein tabell ved å sjå på N, standardavviket(std.dev), det aritmetiske gjennomsnittet(mean), og den valide prosenten på utvalet si svarfordeling, i ein tabell der dei ulike arenaane det er spurd om vert tatt med. Vidare skal me sjå på kva andre arenaer som er brukt for nettverksbygging, og til slutt skal me sjå på pai-diagram over korleis utvalet har kartlagt nettverkbygging som ein påverkande faktor for samvirket.


Tabell nr. 11 Arenaar brukt for nettverksbygging.

Arena:	N, std.dev., mean:	Valid prosent:
Redningsaksjonar	N: 160 av 204 Std.dev.: .971 Mean: 3,53	1: 3,1% 2: 9,4% 3: 34,4% 4: 37,5% 5: 15,6%
Felles øvingar	N: 160 av 204 Std.dev.: 1,01 Mean: 3,13	1: 5,6% 2: 20% 3: 38,1% 4: 28,1% 5: 8,1%
Felles sosiale arrangement	N: 156 av 204 Std.dev.: 1.165 Mean: 2,33	1: 27,6% 2: 35,9% 3: 17,9% 4: 10,3% 5: 3,9%
Felles kurs/opplæring	N: 154 av 204 Std.dev.: 1.017 Mean: 2,62	1: 13% 2: 35,7% 3: 29,9% 4: 18,8% 5: 2,6%
Bruk av andre aktørar sin kompetanse t.d. ved kurs	N: 158 av 204 Std.dev.: .919 Mean: 2,71	1: 8,9% 2: 30,4% 3: 45,6% 4: 11,4% 5: 3,8%
Sosiale arrangement på privat arena	N: 155 av 204 Std.dev.: 1 Mean: 2	1: 36,8% 2: 34,8% 3: 20% 4: 6,5% 5: 1,9%

Utvalet viste til fleire andre arenaer som er brukt til å byggje nettverk. Her er det tatt med hovudkategoriane for disse:

- Arrangement og konsertar
- Beredskapsvakter på fjellet, og i vintersesongen
- Inviterer annan aktør til å vera observatør eller delaktig på interne øvingar og arrangement.
- Evaluering etter redningsaksjon.
- FORF møter
- Møter rundt planlegging og evaluering av felles øvingar
- Årleg oppsummeringsmøte hjå HRS
- Arbeidsstad t.d. tilsett i politiet, medlem i Norsk folkehjelp.
- Fast treningsdag i gymnastikksal der alle kan delta.
- Felles facebook-gruppe for planlegging av turar.

Pai-diagrammet under visar tydeleg at utvalet meiner at ein etablert felles arena for nettverksbygging er ein fremjande faktor for samvirke mellom aktørane. Her er N 138 av 204, standardavviket .776 og det aritmetiske gjennomsnittet 3,93.




Modell nr. 7 Etablert felles arena som fremjande faktor.

På spørsmålet om ingen felles arena for nettverksbygging kan vera ein hemmande faktor for samvirket, var det aritmetiske gjennomsnittet noko lågare, på 3,77.

Tidleg varsling

Underteikna har fått fleire innspel om at tidleg varsling til dei frivillige redningsorganisasjonane om at ein redningsaksjonar var på gang, påverkar det vidare samvirke mellom dei to aktørane. På dette spørsmålet er N 140 av 204, standardavviket .812 og det aritmetiske gjennomsnittet er heile 4,21.

Fremmende faktorer: I hvilken grad vil disse faktorene fremme samvirket mellom de frivillige redningsorganisasjonene og politiet under en redningsaksjon?–Tidlig varsling




Modell nr. 8 Tidlig varsling som fremjande faktor.

Vidare ser vi at utvalet meiner at mangel på tidlig varsling kan hemma samvirket. Det interessante her er at det aritmetiske gjennomsnittet er ein del lågare enn på variabelen over, med 3,93. N er og ulik med 131 av 204, og standardavviket noko høgare med .954.

Planlegging:

Planlegging i førfasen kan moglegevis ha påverknad på samvirke før og under ein redningsaksjon. Dermed vart det i den kvantitative surveyen spurd om kva grad god innhenting av informasjon i forkant av aksjonen kunne påverka samvirket. Spørsmålet har N 141 av 204, standardavviket .81 og det aritmetiske gjennomsnittet er 4.04.

Fremmede faktorer: I hvilken grad vil disse faktorene fremme samvirket mellom de frivillige redningsorganisasjonene og politiet under en redningsaksjon?—God innhenting av informasjon før igangsetting av aksjonen




Modell nr. 9 Informasjonsinnhenting før aksjon som fremjande faktor.

Spørsmålet om det kan vera hemmande for samvirke visar eit aritmetisk gjennomsnitt på 4.05.

Her er det dermed svært likt resultat, forskjellen er at svaralternativa er litt ulikt fordelt og N er noko mindre, med 132 av 204, i spørsmålet det er spurd om manglane

informasjonsinnhenting som ein fremjande faktor. Vidare vart det spurd om kva grad planlegging mellom aktørane i KO før redningsaksjonen (søket) startar kan fremma, eller hemma, samvirke mellom aktørane. Her er N 141 av 204, standardavviket .768 og det aritmetiske gjennomsnittet 4,05.

Fremmede faktorer: I hvilken grad vil disse faktorene fremme samvirket mellom de frivillige redningsorganisasjonene og politiet under en redningsaksjon?—Planlegging mellom aktørane i KO, før en starter søk



Modell nr. 10 Planlegging mellom aktørane i KO som fremjande faktor.

Mens ingen planlegging mellom aktørane før start av redningsaksjon (søk) visar N på 132 av 204, standardavviket er .881 og det aritmetiske gjennomsnittet 4,1.

Øvingar:

Øvingar kan utførast på fleire måtar, på fleire nivå og med ulike hyppigheit. Her skal vi sjå kva læringsutbytte utvalet oppgjev at dei får frå store øvingar og mindre øvingar. Det vert skissert kor mange øvingar utvalet oppgjer at dei har i løpet av eit år. Vidare skal vi sjå korleis felles øvingar kan fremma samvirket, og lite felles øvingar kan hemma samvirket.

”Har du læringsutbytte:”


Tabell nr. 12 Læringsutbytte av stor øvingar og mindre øvingar.

Stor øvelse	N: 156 av 204 Std.dev.: .905 Mean: 3,7	1: 0% 2: 9% 3: 33,3% 4: 36,5% 5: 21,2%
Mindre øvelse, eksempelvis øvingar for aktørane i KO	N: 155 av 204 Std.dev.: .898 Mean: 3,83	1: 0% 2: 11% 3: 17,4% 4: 49,7% 5: 21,9%

Kor mange felles øvingar det er arrangert i løpet av eit år varierar frå 0 – 5 øvingar. Ein tabell, i vedlegg nr. 7, visar fordelinga. Nokon nemner at dei ikkje har delteke på nokon felles øvingar, nokon nemnar at felles øvingar er sjeldne og gjev lite utbytte, mens andre påpeikar at dei synest det er synd når ein ikkje klarar å arrangere årlege felles øvingar.

På spørsmålet om felles øvingar kan fremja samvirke er fordelinga slik: N er 141 av 204, standardavviket .837 og det aritmetiske gjennomsnittet 4,11. Dette visar at mange meiner at øvingar er viktig for samvirket.

Fremmende faktorer: I hvilken grad vil disse faktorene fremme samvirket mellom de frivillige redningsorganisasjonene og politiet under en redningsaksjon?–Felles øvelser



Modell nr. 11 Felles øvingar som fremjande faktor.

Her igjen er tala for den hemmande faktoren noko lågare enn den fremjande faktoren. På spørsmålet om lite gjennomføring av felles øvingar kan hemma samvirke ser vi N på 132 av 204, standardavviket er .816 og det aritmetiske gjennomsnittet 3,89.

5.2.4 Underfasen av ei redningsaksjon:

Leing:

Leing kan vera ein viktig faktor for samvirket, og vart difor via ganske stor plass i surveyen. Gjennom ulike spørsmål var målet å kartlegge kva tillit utvalet har til innsatsleiar frå politiet og fagleiar frå dei frivillige redningsorganisasjonane. Vidare vart det kartlagt kva grad innsatsleiar og fagleiar har av ulike kvalitetar, og til slutt har det vorte tatt med eit par spørsmål rundt leing i dei siste matrisespørsmåla rundt kva faktorar som fremjar og hemmar samvirket.

”Se for deg en typisk redningsaksjon, hvor stor tillit har du til: ”

Tabell nr. 13 Funn rundt tillit til innsatsleiar og fagleiar.

Innsatsleiar frå politiet:	N: 160 av 204 Std.dev.: .719 Mean: 4,07	1: 0 % 2: 3,1% 3: 13,2% 4: 57,5% 5: 26,3%
Fagleiar frå dei frivillige redningsorganisasjonane:	N: 160 av 204 Std.dev.: .634 Mean: 4,11	1: 0% 2: 0,6% 3: 13,1% 4: 60,6% 5: 25,6%

Resultatet på dette spørsmålet visar at tilliten er forholdsvis stor. Likevel har mellom 13-16 % av utvalet svara alternativ 2 eller 3. Tilliten til fagleiar frå dei frivillige

redningsorganisasjonane er ørlite høgare aritmetisk gjennomsnitt enn tilliten til innsatsleiar frå politiet

”Se for deg en typisk redningsaksjon, møter du da en innsatsleder fra politiet som er:”

Tabell nr. 14 Funn rundt leiingsevna til innsatsleiar og fagleiar.

Underspørsmål:	Innsatsleiar:	Valid prosent	Fagleiar:	Valid prosent
Lydhør	N: 145 Std.dev.: .796 Mean: 3,71	1: 0,7% 2: 3,4% 3: 29% 4: 57,9% 5: 9%	N: 145 Std.dev.: .684 Mean: 3,72	1: 0% 2: 4,1% 3: 29% 4: 57,9% 5: 9%
Trygg i sin rolle:	N: 145 Std.dev.: .681 Mean: 3,66	1: 0% 2: 3,4% 3: 35,9% 4: 52,4% 5: 8,3%	N: 145 Std.dev.: .629 Mean: 3,72	1: 0% 2: 1,4% 3: 33,1% 4: 57,2% 5: 8,3%
Erfaren med redningsaksjonar:	N: 145 Std.dev.: .72 Mean: 3,4	1: 0% 2: 6,8% 3: 52,7% 4: 33,6% 5: 6,8%	N: 146, Std.dev.: .692 Mean: 3,82	1: 0% 2: 2,1% 3: 38,1% 4: 55,5% 5: 14,4%
Klar og tydelig i sitt budskap:	N: 145 Std.dev.: .694 Mean: 3,58	1: 0% 2: 4,8% 3: 39,3% 4: 49% 5: 6,9%	N: 146 Std.dev.: .687 Mean: 3,62	1: 0% 2: 4,1% 3: 37,7% 4: 50,7% 5: 7,5%
Flink til å gi informasjon:	N: 145 Std.dev.: .708 Mean: 3,48	1: 0,7% 2: 5,5% 3: 43,4% 4: 45,5% 5: 4,8%	N: 146 Std.dev.: .733 Mean: 3,57	1: 0% 2: 6,2% 3: 39% 4: 46,6% 5: 8,2%
Tar de vanskelige avgjørelsene:	N: 145 Std.dev.: .737 Mean: 3,71	1: 0,7% 2: 3,5% 3: 31,3% 4: 53,5% 5: 11,1%	N: 145 Std.dev.: .784 Mean: 3,39	1: 0,7% 2: 11% 3: 42,1% 4: 40,7% 5: 5,5%
Flink til å samarbeide:	N: 144 Std.dev.: .692 Mean: 3,81	1: 0,7% 2: 1,4% 3: 27,1% 4: 58,3% 5: 12,5%	N: 146 Std.dev.: .693 Mean: 3,75	1: 0% 2: 3,4% 3: 29,5% 4: 56,2% 5: 11%


Funna her visar at det aritmetiske gjennomsnittet ligg mellom ”i nokon grad” og ”i stor grad”.

Vi ser frå svara til dei fyrste variablane at fagleiar har det høgast gjennomsnittet, medan innsatsleiar har det høgaste gjennomsnittet på; å ta dei vanskelige avgjeringane, og å vera flink til å samarbeide.

Det vart spurd om kva grad ein erfaren innsatsleiar/fagleiar vil fremme samvirke mellom aktørane. N er 141 av 204, standardavviket på .736 og det aritmetiske gjennomsnittet 4,27%.

Dette er det høgaste gjennomsnittet i den kvantitative analysen, og litt under halvparten av utvalet har svara alternativ 5.

Fremmende faktorer: I hvilken grad vil disse faktorene fremme samvirket mellom de frivillige redningsorganisasjonene og politiet under en redningsaksjon?–Erfaren innsatsleder/fagleder




Modell nr. 12 Erfaren innsatsleiar/fagleiar som fremjande faktor.

På spørsmålet om uerfaren innsatsleiar/fagleiar kan hemma samvirke er N 131 av 204, standardavviket .915 og det aritmetiske gjennomsnittet er ein del lavar enn det førre spørsmålet, med sine 4.04.

Svar på om lydhør innsatsleiar/fagleiar vil vera ein fremjande faktor for samvirke vert vist i pai-diagrammet under. N er 138 av 204, standardavviket .685 og det aritmetiske gjennomsnittet 4,2% Dette funnet visar eit høgt gjennomsnitt, samt at ingen i utvalet har svara alternativ 1 eller 2. Dette spørsmålet har ikkje oppfølgingsspørsmål der ein ser på den hemmande faktoren av leiarar som ikkje er lydhøyre.

Fremmende faktorer: I hvilken grad vil disse faktorene fremme samvirket mellom de frivillige redningsorganisasjonene og politiet under en redningsaksjon?–Lydhør innsatsleder/fagleider




Modell nr. 13 Lydhør innsatsleiar/fagleiar som fremjande faktor.

5.2.5 Etterfasen av ei redningsaksjon:

Læring:

N er 132, standardavviket .854 og det aritmetiske gjennomsnittet 4,06.


Hemmende faktorer: I hvilken grad vil disse faktorene hemme samvirket mellom de frivillige redningsorganisasjonene og politiet under en redningsaksjon?–Lite fokus på læring



Modell nr. 14 Lite læringsfokus som hemmande faktor.


Debriefing:

N 157 av 204, standardavviket .952 og det aritmetiske gjennomsnittet er 3,75.



Modell nr. 15 Gjennomføring av debriefing.

Felles debriefing etter ein redningsaksjon vart og vektlagt som ein fremjande faktor for samvirket. N er 141 av 204, standardavviket .797 og det aritmetiske gjennomsnittet 4,12.



Modell nr. 16 Debriefing som ein fremjande faktor.

Ingen debriefing etter ein redningsaksjon vert kartlagt som ei noko mindre hemmande faktor.

N er 131, standardavviket .985 og det aritmetiske gjennomsnittet 3,73.

Gjennom den kvantitative analysen er det mange og spennende funn. Dei viktigaste funna vert tatt med vidare og kopla opp mot teori og dei kvalitative funna i drøftingskapitlet.

6.0 Drøfting

Problemstillinga til dette studiet stiller spørsmål om kva faktorar som kan fremja eller hemma samvirke rundt redningsaksjonar, mellom aktørane politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane. For å kunne ta stilling til, og vidare svara på problemstillinga, vil eg i dette kapitelet gjere ei drøfting. Eg skal drøfta ved å kopla teorien opp i mot både dei kvalitative og dei kvantitative funna som vart valde å ta med vidare frå analysekapitelet. Kruke sin sirkulæremodell av krisefasar vert brukt i drøftingskapittelet. Dermed skal vi sjå på ulike faktorar som kan påverka samvirke under førfasen, underfasen og etterfasen av ein redningsaksjon. Avslutningsvis vil drøftinga ha ein del II. I del II vert nokon hovudfunn sett opp mot andre undersøkingar sine funn. Vidare vert det presentert personlege refleksjonar og moglege endringsforslag.

Det var mange faktorar som kunne vorte teke med i drøftinga. Dei faktorane som er teke med er gjort på bakgrunn av kva undertekna har vekta ut frå dei kvalitative og kvantitative funna. Tabellen under visar kva faktorar det vert drøfta rundt, og kva fase dei vert drøfta under.

Tabell nr. 15 Fasar og faktorar som vert drøfta.

Fase:	Kategori:
Førfasen	Nettverksbygging Planlegging (informasjonsinnhenting og tidlig varsling)
	Øvingar
Underfasen	Leing
Etterfasen	Læring (debriefing og evaluering)

6.1 Førfasen

Funna visar at nettverksbygging, planlegging og øvingar er sentrale element i førfasen. Både nettverksbygging og øvingar kunne og vorte nemnt i etterfasen av ein redningsaksjon, samstundes som nettverksbygging og oftast skjer under ei redningsaksjon. Likevel er nettverksbygging nemnt i førfasen sidan denne faktoren legg grunnlag for kjennskap og sjølv samvirke under ein redningsaksjon. Øvingar er og teke med i førfasen. Dette sidan det ein lærer av øvingar, vil ha påverknad på samvirke rundt ein redningsaksjon.

6.1.1 Nettverksbygging

6.1.1.1 Nettverksbygging som suksessfaktor:

Både kvalitative og kvantitative funn visar klart at nettverksbygging er ein suksessfaktor, ein fremjande faktor, for samvirke mellom aktørane. Dette kan me hevda sidan kjennskap til kvarandre lettar samarbeidet. Ein veit betre kva ressursar den andre parten innehar og kan

dermed utføre ein meir effektiv redningsaksjon enn om ein ikkje har denne kjennskapen til kvarandre. Vidare viste analysekapitelet at kjennskap førar til at ein enklare går i dialog med kvarandre og torer å spørje og gje innspel.

6.1.1.2 Manglande arena for nettverksbygging er ein hemmande faktor:

Trass i at nettverksbygging er ein faktor som fremjar samvirke rundt ein redningsaksjon, viser funna at nettverksbygging får lite merksemd.

(...) for dårleg, savner den uformelle kaffikoppen, men veit ikkje kor eg kan møte dei ein gong (informant nr 2).

Både kvalitative og kvantitative funn visar oss at det meste av nettverksbygginga skjer under ein redningsaksjon, og under felles øvingar.

Me har lite nettverksbygging, den nettverksbygginga me har er at me møtes på reelle oppdrag altså aksjonar, sånn blir eg kjent med de frivillige og sånn blir de kjent med meg. Så har me noken her og som har litt sånt møter og sånt då på litt.. nivået øve meg då ehm (...) veit ikkje ka dei gjør (informant nr. 1).

Likevel visar kvantitative funn at rundt 12 % opplever ingen, eller lite nettverksbygging under ein redningsaksjon, og heile 26% opplever ingen, eller lite nettverksbygging under felles øvingar. Dermed ser vi at dei arenaane som vart vektlagt som gode arenaar for nettverksbygging ikkje naudsynlegvis fungerer som ein slik arena for alle dei involverte.

6.1.1.3 Arenaar som kan føre til meir nettverksbygging:

Funna viste at innhenting av den andre aktøren sin kompetanse kan føre med seg nettverksbygging. Eksempelvis kan dette vera at ein frå dei frivillige redningsorganisasjonane held innlegg til politiet om eksempelvis søk i snøskred osv. Funn visar likevel at denne arenaen for nettverksbygging vert brukt relativt lite. Ved å her snu trenden og byrje å innhente kvarandre sin kompetanse oftare, kan ein dermed få ein effektiv arena for nettverksbygging. Dette gjeld og bruk av felles sosiale arrangement. Slike kan vera ein enkel og effektiv måte å oppnå nettverksbygging mellom aktørane.

Oppsummert er nettverksbygging ei fremjande faktor for samvirke rundt redningsaksjonar mellom politiet og frivillige redningsorganisasjonar.

så eg veit jo litt kva de står for og kor flinke de er. Det betyr at me lettare kan komme i gang med det som betyr noe.. (informant nr. 2).

Viss ikkje nettverksbygging skjer, vil dette derimot føre til at samvirke ikkje er så effektivt som det kunne vore med betre kjennskap til den andre aktøren. Det er få arenaer for nettverksbygging. Det kan vera interessant å studera fagteori opp mot funna rundt nettverksbygging ved ein seinare anledning.

6.1.2 Planlegging

6.1.2.1 Planlegging, ein alfa og omega-faktor for godt samvirke:

Vi veit og i frå teorien at fleire teoretikarar ser på førebuing, og derigjennom planlegging, som ein viktig suksessfaktor for krisehandtering (Perry og Lindell, 2003, Boin et al., 2005, Fimreite et al., 2011, Kruke, 2012) . Det visar seg at teorien her stemmer godt med funna studiet gjer. Gjennom dei kvalitative intervjua kom det fram at nærast samtlege meinte at planlegging er ein alfa og omega-faktor for godt samvirke under ein redningsaksjon.

(...) så viss det er politiet som er først (...) eller de frivillige så har dei og lyst å begynne å leite med ein gong, (...) min personlige mening er at vi kunne spart enormt mykje og leita veldig mykje meir effektivt viss ein enkelte gongar hadde hatt litt meir is i magen og heller kanskje venta eit kvarter eller den halv timen før ein setter i gang med eit søk for å då planlegga søket betre enn det som vert gjort i dag (informant nr. 1).

6.1.2.2 Informasjonsinnhenting og informasjonsdeling ein suksessfaktor for samvirke:

Kvantitative funn visar at manglande innhenting av informasjon er ein hemmande faktor for samvirke, med eit aritmetisk gjennomsnitt på 4.05. Teorien bekreftar viktigheita av innhenting av informasjon via Perry og Lindell (2003) sitt fyrste punkt i retningslinjer for kriseplanlegging. Vidare ser Njå og Sommer (2010) informasjonsinnhenting og informasjonsprosessering som det fyrste punktet etter at ein redningsaksjon er varsla. I ein del av dei kvalitative intervjua vart det og påpeika at det er viktig at dei frivillige redningsorganisasjonane får den informasjonen som politiet innehar. Informasjonen bør dei få så tidleg som mogleg, slik at dei kan ta del i planlegginga, samt varsle sine medlemmer så tidleg som mogleg.

(...) det som har vert litt tema er at vi ønsker å vite litt mer i starten, altså under utkallelse (informant nr. 5).

Funn har vist at det er ein varierende praksis rundt informering frå politiet til dei frivillige redningsorganisasjonane. Både dei kvalitative intervjua, og Njå og Sommer (2010) påpeikar at ein ved å få rett informasjon tidleg i prosessen kan førebu seg for det ein møter på skadestaden. Dette gjer at ein kan kome raskare i gang med redningsaksjonen når ein kjem til staden. Perry og Lindell (2003) ser i punkt fem av sine retningslinjer at det er viktig å gje tilstrekkeleg informasjon til dei delaktige aktørane. Gjennom dette ser vi at teori og funn er samstemte. Vi ser det i forhold til at ein treng rett informasjon tidleg i prosessen av ei redningsaksjon. Vidare kan dette leggje til rette for eit godt samvirke mellom aktørane.

6.1.2.3 God planlegging fører til rett bruk av ressursane og vice versa:

(...) altså viss det er mange som går å leiter der så vil hunden berre finna de som går å leiter
(...) så viss ein klarer å ha oversikten over kem som kommer og kortid dei kommer, så kan du

sette i gang med de som har komt utan å ødlegge for de som komme eit kvarter eller ein halvtime etterpå (informant nr. 1).

Kvalitative funn visar at tidleg igangsetting av planlegging, og god planlegging, kan vera ein fremjande faktor for samvirke. Eksempelvis har 70% av utvalet svara alternativ 4 eller 5 på spørsmålet om planlegging mellom aktørane i KO er ein fremjande faktor. Ved tidleg igangsetting av planlegging kan ein planlegge slik at ein brukar rette ressursar til rett tid i redningsaksjonen. Dette fører vidare til betre samvirke ved at dei ulike ressursane kjenner sin plass og sine oppgåver. Perry bekreftar dette (2004) ved at han hevdar at planar strukturerer deltakarane sine handlingar. Njå og Sommer på si side(2010) bekreftar det ved å bruke fase "en route", slik at deltakarane veit kva dei skal gjera når dei kjem til staden.

Eksempelet frå analysekapitelet, side 62, visar tydeleg at dårleg planlegging kan føre til dårleg bruk av ressursar. Kanskje ein og kan seie at det kan føra til ein lite effektiv redningsaksjon.

6.1.2.4 Tidleg varsling og innhenting av nok ressursar som ein fremjande faktor for planlegging og samvirke:

Funn visar at det er betre å varsle ein redningsaksjon tidleg, for så å eventuelt avblåse den.

Dette grunna at ein då kjem tidligare i gang med planlegging, og det legg gode rammer for vidare samvirke i redningsaksjonen. Ein anna suksessfaktor er innhenting av nok ressursar.

Det er noko av dette Njå og Sommer (2010) skildrar i "size up" fasen der ein vurderer situasjonen, planlegg og organiserar ressursane ut frå eventuell eskalering av situasjonen. Ein kan her hevde at det er enklare å planlegge for ei hending som kan eskalere viss ein har varsla og innhenta dei aktuelle ressursane. Det motsette er at ein ser at ein kjem til å trenga fleire ressursar, og må innhenta dei medan situasjonen allereie har eskalert.

6.1.2.5 Planlegging som ein prosess:

Som Perry og Lindell (2003) påpeikar så er det og viktig å huske at planlegging er ein prosess. Ein må fylje med på endring i situasjonen og endre planen viss det trengst. Trass i at ein lagar gode planar er det viktig å tenke nytt og å fylgje med på utviklinga til situasjonen. Nokon av dei kvalitative informantane var veldig opptatt av akkurat dette. Det er viktig å ikkje sjå seg blind på situasjonen og å låse seg til ein plan. Her var jamnleg nullstilling av søk ein suksessfaktor for å sjå situasjonen på ny.

Her er det drøfta kva som må til for at planlegginga skal vera ein suksessfaktor for samvirke. Det som ikkje er drøfta er dette: - for at dette skal bli ein suksessfaktor må ein gjennomføra planlegging. Funn viser at aktørane ikkje alltid er like gode på planlegging. Kanskje politiet planlegg for seg sjølv, men det er ikkje sikkert dei frivillige redningsorganisasjonane er godt

nok informerte om planen, eller vice versa. Dermed må fyrste bod vera å planlegga, og inkludera den andre parten til samvirke rundt planlegging.

Oppsummert ser vi at teoretikarar og informantar er samstemde om at planlegging er ein viktig faktor, som er med på å fremje samvirke rundt ein redningsaksjon. Teorien og kvalitativ informasjon er og samstemt om at god planlegging i forkant av igangsetting av ein redningsaksjon førar til rett bruk av dei rette ressursane. Samstundes er suksessfaktorar å varsle tidleg og innhente nok ressursar som ein kan planlegge redningsaksjonen rundt. Vidare må ein sjå planlegging som ein kontinuerlig prosess.

6.1.3 Øvingar

Både fagteorien og funna viser at øvingar kan bidra til god førebuing til ein aktuell redningsaksjon. Det kjem og fram at øvingar er med på å fremje samvirket. Som vi har drøfta over kan øvingar og vera ein arena for nettverksbygging mellom aktørane. Dermed kan vi anslå at øvingar kan vera ein fremjande faktor for samvirket. NOU 2001: 31 står det at det vert halde for få katastrofeøvingar. Vidare har vi funn som visar at øvingar skjer frå alt mellom 0 – 5 gongar i året.

(...) kan eg ikke komme på at eg har hatt noen øvelser med de altså (informant nr. 8).

Det kvantitative studiet visar og at mangel på felles øvingar er ein hemmande faktor for samvirke mellom aktørane.

6.1.3.1 Småøvingar sett opp mot storøvingar:

Funna, samt teoretikarane Fimreite et al. (2011) og Perry (2004) er likestemte, om at øvingar kan gje læringsutbytte. Teorien påpeikar at det lønar seg å bruka rett øvingsform til rett formål. Både kvalitative og kvantitative funn vektlegg begge at storøvingar kan ha eit godt læringsutbytte, men småøvingar kan ha større læringsutbytte. Vidare viste NOU 2001: 31 til at øvingar rundt enkeltfunksjonar ikkje treng å vera særleg krevjande.

I dei mindre øvingane er det ikkje naudsynt å vera så mange tilstede. Dette kan føre til at dei som er i øvinga vert betre kjende enn kva ein vert ved ein storøving. Dette er ikkje like tidkrevjande og ressurskrevjande som storøvingar, og den enkelte vil få meir merksemd. Slik eg ser det kan dette føre med seg nettverksbygging som ein sideeffekt.

6.1.3.2 Aktørane inviterar kvarandre til øvingar, men møter ulike hinder som stoggar deltaking:

Kvalitative funn viste fleire eksempel på at den eine aktøren, eksempelvis dei frivillige redningsorganisasjonane inviterer den politiet med på øving.

Nei altså vi savner det litt då.. ehm vi prøver å lage øvelsar der vi inviterer dei men det er sjeldan dei (politiet) er med (informant nr. 6).

Ofta lar ikkje deltaking seg gjera av ulike hindringar. Den hindringa som oftast vart nemnt er tidsaspektet. Dette samsvarar med NOU 2001: 31 som og påpeika at det ulike tidsaspektet gjer det problematisk med felles øvingar.

Tidsaspektet vart og tatt opp som ein årsak til at nettverksbygging og evaluering vert neglisjert, og vert gjennomført mindre enn kva det kunne vorte gjort. Informant nr. 7, frå politiet, sa om øvingar og det hindrande tidsaspektet:

eg syns det e veldig matnyttig. Det som er utfordringa det er jo å kanskje få plass til nokk øvelsar (...) du har jo operasjonssentralen og du har det vanlige som rullar og går, så det er jo en utfordring. så sjøl om en har en stor øvelse så kan ikke alle være med på den.. folk må på nattevakt og folk må på kveldsvakt å det blir jo en utfordring (informant nr. 7).

6.2 Underfasen

I underfasen, den direkte redningsaksjonen, var det fleire sentrale funn rundt leiing. Eg vil her drøfte korleis ulike forhold rundt leiarrolla, og leiarstilen, kan påverka samvirke mellom aktørane.

6.2.1. Ein trygg og lydhør leiar fremjar samvirke:

Funn visar at ein lydhør leiar opnar for at dei andre gjer tilbakemeldingar og synspunkt. Dette førar vidare til samspel og samvirke. Dette kan ein sette i samanheng med den leiingstilen som Larsson et al., (2003) skildrar som utviklande leiarskap. Denne leiarstilen, med merksemd frå leiaren, fører til kreativitet og deltaking frå dei andre aktørane. Både kvalitative og kvantitative funn visar at leiarane i dei fleste tilfeller er lydhøyre.

Vidare visar kvalitative funn at ein leiar bør kunne høyra på dei andre aktørane, men leiaren må likevel vera trygg i sin rolle. Ein trygg leiar lar seg ikkje overkøyre av dei andre sine innspel. Dette vart vektlagt som viktig for samvirke og utføringa av redningsaksjonen.

For å kunne ha samvirke under ein redningsaksjon, kan ein anta at ein viktig føresetnad er at leiaren er flink til å samarbeida. Kvantitative funn bekreftar at både innsatsleiar og fagleiar er flinke til samarbeid under ein redningsaksjon. Over 70% av utvalet svarar alternativ 4 eller 5 rundt innsatsleiar sin evne til samarbeid, medan 67 % svarar alternativ 4 eller 5 rundt fagleiar si evne til å samarbeide.

6.2.2 Ein leiar må kunne ta avgjerder:

Vidare vart det kartlagt at ein del av det å vera ein trygg leiar var det at leiaren kunne ta dei vanskelege avgjerdene når det trengtes. Om avgjerdstaking har vi vorte kjende med Rosenthal et al. (2001) som visar til at leiaren er den som tar avgjerdene, ofte under tidspress. Vidare viste Rosenthal et al. (2001) til at det er viktig med rett person i rett stilling. Her kan vi kopla

dette funnet opp mot planlegging. Kvalitative funn viste oss at det ikkje alltid er like sjølvsgatt kven som endar som leiar.

Noken gonge er det litt tilfeldig (...) med kven som er leidar for politiet, måten søket blir organisert på og kven so tar ledelsen frå dei frivillige (informant nr. 1)

Somme stadar har dei grunna settingar som sitatet over visar, laga vaktplanar for dei frivillige redningsorganisasjonane. Dette er ofte vaktplanar der dei som er skikka til å vera fagleiar, rullerar på å vera i beredskap når det vert varsla ein redningsaksjon. Ved slike rammer veit ein kven som møter som fagleiar. Dette kan skapa tryggleik i organisasjonen. Tryggleik rundt det Weick (1993) presenterte som organisasjonsstruktur. Alle i organisasjonen veit her kven som er fagleiaren, og den som har den rolla, er vurdert som skikka til det.

6.2.3 Mismatch av leiarrolla:

Funna skisserte oss eit bilete som visar at det tidvis er mismatch (likar ikkje dette ordet! Misforhold er betre) i leiarrolla. Ei mismatch der fagleiar frå dei frivillige redningsorganisasjonane vert gitt, eller tar, leiarrolla frå innsatsleiar frå politiet.

(...) det samarbeidet der er bra og det er fordi dei frivillige kan mykje om det og har god erfaring som politimannen skal benytte seg av.. men det må aldri vera tvil om at det er politiet som skal leda det (informant nr. 1).

Som kjent er det innsatsleiar frå politiet som har det overordna ansvaret. Kvifor vert det tidvis slik? At leiarrolla vert gitt vekk, eller tatt vekk, frå innsatsleiar. Kanskje kan det vera ei naturleg fylje av at dei frivillige fagleiarane i ein skilde høve har lengre erfaring, og meir øving rundt redningsaksjonar, enn kva innsatsleiar mogelegvis har. Vidare er medlemmane i dei frivillige redningsorganisasjonane nettopp det: dei er frivillige. Dei har sjølve valt å stille i arbeid med redningsaksjonar, og dei er dermed ofte motiverte. Samstundes har dei god trening for utøving av ulike typar redningsaksjonar. Politiet har og opplæring, men informantar påpeikte at dette ofte er i mindre skala enn det dei frivillige har. Kanskje desse faktorane kan vera med til å påverka at fagleiar nokon gongar tar leiingsansvaret som egentlig er innsatsleiar si rolle. Larsson et al. (2003) skildrar leiarstilen ikkje-leiarskap. I denne leiarstila er leiar fråverande, og tar ikkje det ansvaret han egentlig har. Ein kan tenkja seg at det er denne leiarstilen innsatsleiar går inn i, når fagleiar overtek leiarrolla. Vi skal ikkje gløyme at denne situasjonen er prega både av at innsatsleiar gjev i frå seg si leiarrolle, men og det at fagleiar tidvis tar leiarrolla.

viss det komme ein politimann som kanskje ikkje er vant til det så føler kanskje fagleider då at de må ivareta alt og det tar de gjerne veit du og da miste politiet kontroll, ofte går det bra det og for dei frivillige er flinke men det er noko med når det treng ressurser og nulle ut (informant nr. 2).

Ein kan vidare stille seg spørsmål om mismatch av leiarrolla kan påverke organisasjonsstrukturen. Kanskje er det slik i samvirke mellom dei frivillige redningsorganisasjonane, som det var i eksempelet frå Man Gulch. Når leiarrolla ikkje er heilt etablert så er ikkje organisasjonsstrukturen heller godt etablert. Kanskje dette vidare kan påverke utføringa av ein redningsaksjon og samvirke mellom aktørane under utføringa av aksjonen? Om det er slik kan det vera interessant å forske vidare på. Uansett kan vi anta at ein etablert leiar er ein viktig faktor for samvirke mellom aktørane.

Oppsummert ser vi at det er viktig at leiar er trygg og lydhør. Han må kunne ta avgjerdene når det trengst. Leiaren må og ta sin rolle, ikkje delegere leiaransvaret til andre slik at det vert mismatch i leiarrolla. Funna visar at både fagleiar og innsatsleiar er flinke til å samarbeide. Dette kan visa at leiinga er motivert for samvirke, ein må berre tilretteleggja for det.

6.3. Etterfasen

I etterfasen var det funnet læring, og under det debriefing og evaluering, som utpeikte seg som viktige funn. Ein skal hugsa at modellen som er brukt i denne drøftinga er ein sirkulærprosess. Dette betyr at det som skjer i etterfasen skal vera med på å gjera førfasen meir robust neste gong. Dermed vil etterfasen vera med på å førebu godt samvirke i neste redningsaksjon. Med det kan vi og hevde at øvingar og nettverksbygging (som er drøfta i førfasen) og er viktige faktorar i etterfasen.

6.3.1 Læring

Kruke (2013) er opptatt av å bruke etterfasen av ei hending til å oppnå læring. Funn visar at læring kan påverke gjennomføringa, og samvirke rundt den komande redningsaksjon.

6.3.1.1 Debriefing

Debriefing kan brukas både som utløpskanal for inntrykk, og som læringsarena. Her vert debriefing drøfta som læringsarena. Debriefing er ein læringsform som er stadig meir brukt. Likevel visar funn at ein ikkje alltid brukar denne læringsforma. Fleire informantar påpeikar at dei saknar bruk av debriefing dei gongane det ikkje vert nytta. Her vart tidsaspektet igjen tatt opp som ein mogleg årsak til at debriefing kan utebli. Ein tar seg rett og slett ikkje tid til det etter redningsaksjonen er avslutta. Funn vektlegg nokon av dei punkta som Kruke (2013) listar opp som goder ved bruk av debriefing. Debriefing er for det første effektivt. Det er effektivt som læringsarena, som førebuing til neste redningsaksjon, som forsterking av gruppesamhaldet og som ein ventileringskanal. Ut frå dette kan ein seie at debriefing påverkar til betre samvirke og slik er ein fremjande faktor for vidare samvirke mellom aktørane.

Via funna kan ein oppfatta debriefing som ein effektiv, kostnadsfri og relativt lite tidskrevjande arena for læring og vidare samvirke.

6.3.1.2 Evaluering

Kruke (2012) visar til det viktige i å ha kritisk refleksjon, og evaluere etter ei hending. Dette bekreftar funna i dette studiet.

Eg synest me kan evaluere sammen eg har endå ikkje vert på ein evaluering sammen med de så det ville jo vore lett å øke den biten gå frå null til vertfall ein (informant nr. 2).

Vidare peikar funna at faktoren som vi har påpeika fleire gongar, nemleg tidsaspektet, er ein brems for gjennomføring av felles evalueringar i etterkant av ei redningsaksjon.

(...) det er det med tidsfaktoren att du gjerne har vore ute fleire dagar og brukt mye tid på det, og då er det ikkje lett å gå heim og sei ”eg skal på møte i dag og, for me skal gå gjennom litt” (informant nr. 4).

Oppsummert er debriefing ein fremjande faktor for samvirke. Ein faktor ein bør vektlegga, og utøva, etter kvar einskild redningsaksjon. Evaluering er og ein viktig faktor for læring og vidare samvirke mellom aktørane rundt ein redningsaksjon. Ein må difor avsette tid til det og evaluere både det som er bra, og det som er mindre bra. Læring skjer gjennom både ris og ros.

6.4 Drøfting del to:

I denne delen ynskjer eg fyrst å reflektere over den metodiske utføringa av dette studiet.

Vidare ynskjer eg å sjå nærare på korleis nokon av hovudfunna i dette studiet er i forhold til andre funn, her frå FORF (2010) sin rapport frå ei spørjeundersøking om dei frivillige sin representasjon i LRS, Ronge (2014) sin artikkel om frivillige som øver på Finse, og Gjerv kommisjonen sin rapport, NOU 2012: 14. I dette underkapitlet vert og mine tankar noko meir framtrudande enn tidligare i denne masteroppgåva. I underkapitel 6.4.3 vert det presentert eit mogleg prøveprosjekt for å betre samvirke.

6.4.1 Refleksjonar rundt det metodiske rammeverket:

Her vil eg reflektere over korleis eg har brukt det metodiske rammeverket denne oppgåva beror på, og kva dette har bidrege til. I metodekapitlet presenterte eg at studie skulle gjennomførast med trianguleringsmetode. Det kvalitative studiet vart utført som eit eksplorerande studie sidan eg ynskte å finna ut meir om temaet. Eg ynskte og å finna ny teori ut frå innhenting av empiri. Funna i det kvantitative studiet vart belyst ved bruk av deskriptiv statistikk, for å beskrive det generelle.

Eg byrja med å utføre det kvalitative studiet. Dei kvalitative funna var mange og gav meg mykje informasjon, slik at eg enklare kunne danne den kvantitative surveyen i etterkant. Slik føler eg at det kvalitative studiet verka slik eg ynskte. Eg ser likevel at eg i den kvalitative intervjuguiden gjekk noko breitt ut. Dette var fordi eg lite visste om kva faktorar som var fremjande eller hemmande. Eg innhenta dermed svært mykje informasjon, men gjekk lite i djupna på dei ulike temaa som vart tatt opp. Skulle dette studiet berre vore eit kvalitativt studie hadde eg trengt å gå djupare i nokon tema. Hadde eg brukt færre tema og gått djupare, kunne og studiet vorte meir eksplorativt. Slik studiet vart utført har eg kartlagt mange funn, og studiet innehar element av eksplorative funn.

Underteikna opplevde at det å ha heile åtte intervju i den kvalitative undersøkinga gav breidde og auka truverda ved at fleire informantar viste til dei same faktorane. Dette gjeld og det kvantitative studiet som hadde svært høg deltaking. Dette, samt fleire tilbakemeldingar og engasjement frå enkeltmenneske, visar at det er interesse rundt temaet samvirke.

Den kvantitative surveyen inneheldt spørsmål om mange faktorar som kunne fremja og hemma samvirke. Eg hadde kanskje ikkje trengt å famna så breitt, og kartleggje så mykje i surveyen. Likevel har det vore svært interessant å jobba med analyse av så mange funn. Med mange funn opplevdes det og enklare å sjå tydeleg kva funn som var mest relevante. Eg synes den deduktive tilnærminga rundt funna har fungert godt. Vidare opplever eg at modellar og tabellar får funna tydelig fram.

Dei kvalitative intervju har gjeve innsikt, medan den kvantitative surveyen har gjeve generaliserbare tal. Sjølv synes eg tilnærminga med trianguleringsmetode har fungert godt. Triangulering har gjeve denne masteroppgåva ein heilskap og eit truverde. Denne oppgåva har ikkje fått ei stor djupne, men den har ei stor breidde og visar stor grad av samstemte funn. Ved å kartlegge breitt har eg fått god innsikt i samvirke mellom politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane. Eg har og fått innsikt i kva som bør bli vektlagt for å betre samvirke. Det er og tydeleg for underteikna at mange av desse tema eignar seg godt for vidare forskning.

6.4.2 Andre studiar funn og refleksjonar rundt nokon hovudfunn:

Eindel funn i dette studiet har samsvart med fagteori, og kjelder som FORF (2010), Ronge (2014) og NOU 2012: 14. Det er spennande å sjå at funn samstemmer. Dette visar oss at særskilt nokon funn har stor utbreiing og fokus både i utvalet i denne oppgåva, men og blant

LRS representantar frå FORF, og medlem som var på øving på Finse då Ronge var med og observerte. Vidare synes underteikna det er spennande at funn frå andre kjelder i dette studiet, kjem opp att som viktige funn. Dette kan visa at kjente funn som treng tiltak, kanskje ikkje er handtert og framleis treng å haldast fokus på. Altså får vi fram det viktige og fokusområde ved at denne undersøkinga, med så stor breidde, samsvarar med tidlegare funn.

Trass i at nokon av funna er identiske med tidligare funn, og kanskje ikkje overraskande ut frå fagteori, skal ein ikkje gløyme at dette studiet og har vist til nye, spennande funn. Her kan mellom anna nemnast mismatch av leiarrolla, og funnet som visar at småøvingar kan vera vel så effektive som storøvingar.

Her skal eg sjå på korleis funn frå FORF (2010), Ronge (2014) og NOU 2012: 14 stiller seg til ulike faktorar i førfasen, underfasen og etterfasen.

Førfasen:

Funn frå FORF (2010) si undersøking visar og at det er få årlege samlingar for FORF.

Halvparten av utvalet oppgjer at det vert gjennomført årlege samlingar. Det er eit mål om at disse samlingane skal auke i hyppigheit (FORF, 2010). Her er det snakk om samlingar der dei frivillige redningsorganisasjonane møter kvarandre. Likevel gjer dette ei peikepinn på frekvensen av møter og nettverksbygging.

Slik underteikna ser det er nettverksbygging mellom politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane eit forsømt område. Arenaer for nettverksbygging treng å bli brukt i større grad. Kanskje bør ein etablera nye arenaar for nettverksbygging? Nettverksbygging er grunnleggande for det vidare samvirke rundt ein redningsaksjon, og bør av denne grunn få endå meir fokus.

Tidligare i analysekapitlet og drøftingskapitlet har vi sett på fleire faktorar som påverkar planlegginga. Ein faktor som ikkje er særleg vektlagt i dette studiet men som FORF (2010) viser til, er det faktum at politiet ikkje alltid vel å bruke dei frivillige organisasjonane sine ressursar under redningsaksjonar. FORF (2010) si undersøking visar at 39,5% av utvalet innan dei siste tolv månadane hadde opplevd at det vart gjennomført aksjonar utan at dei frivillige redningsorganisasjonane vart brukt. Vidare seier same prosent at dei frivillige og opplever at dei vert brukt på feil måte når dei er med i ein redningsaksjon (FORF, 2010). Her kan ein trekke inn funn frå dette studiet rundt både det viktige i å planlegge redningsaksjonen godt, men og funnet om at ein treng betre nettverksbygging. I undersøkinga til FORF (2010)

har 26,2% av utvalet svara at politiet berre av og til varslar frivillige på eit tidleg tidspunkt. Vidare har dette studiet vist at Rogaland politidistrikt merkar stor auke på utkalling til redningsaksjonar og ei betring av tidlig varsling.

Underfasen:

”En aksjon er avhengig av at noen vet hvilket mannskap som er hvor, hvem som kan stille raskest opp og hvilket utstyr som er tilgjengelig” (Ronge, 2014). Denne formuleringa set krav til at leiaren kjenner ressursane som er til rådighet. Vidare krev det at han planlegg slik at bruk av ressursane vert effektivt. Vidare skriv Ronge (2014) om at leiarane som var med i øvinga kunne få krasse tilbakemeldingar etter øvinga på Finse. Tilbakemeldingar som: ”(...) «dette er ikke lederskap» eller «her var du vel ute å sykle et øyeblikk?» (...)” (Ronge, 2014). I same artikkelen kjem det fram at ikkje alle eignar seg til leiaroppgåver og logistikkarbeid (Ronge, 2014). Dette bekreftar både fagteori og funna i dette studiet. Dette faktum vert og nemnt i NOU 2012: 14.

Øvingar der ein kan teste leiareigenskapane til deltakarane er dermed svært gunstig. På same måte som felles evaluering av øvinga etterpå er svært nyttig. I sitatet over ser vi at deltakarane i gjennomgangen etter øvinga, som Ronge (2014) observerte, har sett på både dei gode og mindre gode handteringane som vart gjort.

Vidare visar funn frå FORF (2010) at representantane har mykje erfaring og betydeleg leiarutdanning. Likevel manglar disse representantane opplæring i si rolle, LRS representant rolla. Dei etterspør og meir opplæring rundt viktige oppgåver i redningstenesta. Kanskje ein her kan trekke inn bruk av felles kurs, småøvingar i motsetning til storøvingar, og felles evaluering? Alle disse er arenaer for læring. Og dette er arenaer som gjennom dette studiet har vorte nemnte som suksessfaktorar for samvirke.

Etterfasen:

NOU 2012: 14 har avslutningsvis eit kapittel om læring. Her ser dei på det viktige i å læra av tidligare hendingar og øvingar.

Godt forberedte øvelser, kan fungere som en dynamisk form for tilsyn. Etter øvelsen har aktørene praktisk erfaringer som gir en dypere innsikt i utfordringer og endringsbehov.

Fundamentet for evnen til å håndtere kriser legges derfor i forberedelsene: planer, trening, øvelser, samhandling og tenkesett (NOU 2012: 14, s. 19).

Vidare konkluderer og NOU 2012: 14 med at det vert halde for få øvingar, og at ein ikkje tar lærdom av dei gjennomførte øvingane. NOU 2012: 14 kjem det fram at stabssjef frå Nordre Buskerud politidistrikt har påpeika at det er vanskelig å finne rom for øvingar og trening. Øvingar vert fort ofte dyre, og det finst lite midlar på budsjettet til slikt. Dette er årsakene til at dette politidistriktet gjennomførte eit minimumsnivå av øvingar. FORF (2010) visar eit utval på 56% som fortel at øvingar via FORF ikkje har vorte gjennomført dei siste tolv månadane. Og 31% oppgjer at det i det same tidsrommet ikkje er arrangert øvingar i regi av LRS (FORF, 2010). Dermed kan vi slå fast at det trengst felles øvingar mellom aktørane, og fleire øvingar pr år, enn kva som er gjennomført no.

Tidsfaktoren:

Tidsfaktoren har i dette studiet vist seg å vera ein hemmande faktor for samvirke. Nokon av informantane i det kvalitative studiet nemnte moglege endringar som kan hjelpe for å jamne ut tidsfaktoren. Etter gjennomføring av dette studiet støttar underteikna at det bør skje ei endring. Tidsfaktoren må verta handtert på ein måte slik at den ikkje hindrar for godt samvirke.

Samarbeid:

”Representantene vurderer samarbeidet med FORF organisasjonene lokalt fra svært godt til middels godt. Vi oppfatter dette som positivt, samtidig som det nok er behov for å iverksette tiltak for at det skal bli enda bedre” (FORF, 2010, s. 2). Dette viser at dei frivillige redningsorganisasjonane har motivasjon for samarbeid seg imellom. Vi har i første del av drøftinga sett at leiarane og er motiverte for samarbeid. Dette er eit godt grunnlag og gjer at underteikna har tru på at samvirke mellom disse to aktørane kan verta betre. Dei kjeldene som skildrar den norske redningstenesta, visar alle til at dei frivillige er ein viktig ressurs. Fleire kallar dei frivillige for ein berebjelke i den norske redningstenesta. Som nemnt innleiingsvis gav Gjørsv-kommisjonen politiet konstruktiv kritikk, medan dei frivillige fekk skryt og fokus i etterkant av 22 juli 2011¹⁷. Noko av kritikken Gjørsv-kommisjonen gjev politiet går på at dei ikkje klarte koordinera og samhandla godt nok. Dette er eit tydelig eksempel på at aktørane som skal samvirke, bør ha betre kjennskap til kvarandre. Underteikna opplever at det dermed trengst betre tilrettelegging for utøving av dei fremjande faktorane for godt samvirke.

Samvirke er tross alt nedfelt som prinsipp for den norske redningstenesta.

¹⁷ Dei frivillige redningsorganisasjonane som bistod, både i Oslo og ved Utøya, denne dagen og tida etter var Norsk folkehjelp, Røde Kors og Norske redningshunder.

Likevel skal ein ikkje gløyme at dette er to svært ulike organisasjonar, som skal møtas og saman handtera arbeidet rundt ein redningsaksjon. Med ulik bakgrunn, ulik opplæring, og ulike tidsrammer – og ikkje minst ulik kultur. Hjå dei frivillige redningsorganisasjonane er dørene opne for alle. Politiet har lang tradisjon for å ta ansvar og vera den dominerande part i store aksjonar. Det er ikkje alltid lett å gå inn i konstruktive samarbeid med frivillige organisasjonar med ein slik historisk ryggsekk.

Med slike påverkande faktorar kan det vera noko naivt å tru at eit samvirke mellom politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane med små grep kan endre seg til det betre. Likevel ser vi at endringar er etterspurd. Informantane ynskjer å gjennomføre debriefing etter kvar redningsaksjon. Dei ynskjer øvingar, men og øvingar med rett øvingsform. Dei ynskjer nettverksbygging. Slik underteikna oppfattar informantane botnar dette i at begge aktørane ynskjer å gjennomføra ein redningsaksjonar så godt som mogleg, og begge aktørar ser at dei treng kvarandre for å oppnå det beste resultatet. Underteikna meiner ut frå dette at det, uansett utfall, er verdt å gjera dei grepa som må til for å henta fram dei fremjande faktorane for samvirke.

6.4.3 Prøveprosjekt:

Det er fleire faktorar ein kan forska vidare på. Det kunne eksempelvis vore interessant å få eit djupare innblikk i mismatchen rundt leiarrolla. Eller forskning på korleis ein kan tilretteleggje for at aktørane enklare kan bruke felles arenaer, utan å verta hindra av tidsfaktoren eller andre hindrande faktorar.

Underteikna foreslår gjennomføring av eit prøveprosjekt som forlenging av dette studiet, i staden for vidare forskning. Dette sidan fleire av funna er tydelige og treng tiltak.

Forslaget er å gjennomføra prøveprosjektet:

- I eitt, eller to politidistrikt.
- Over ein tidsperiode på eitt, eller to år.
- Prosjektet treng ein klar plan, gjennomføringa må evaluerast og det må leggjas fram ein rapport som visar resultatet prosjektet har gjett.

Gjennomføring, evaluering og rapport rundt resultatata, bør ei nemnd med medlem både frå dei frivillige redningsorganisasjonane og politiet samarbeide om. Eit forslag er å ha med ein innsatsleiar, ein fagleiar, ein tilsett i politiet, ein politistudent, og eitt eller to medlem frå dei frivillige, disse frå ulike redningsorganisasjonar. Denne nemnda bør ha jamnlege møte gjennom prøveperioden. Underteikna foreslår at medlemma i nemnda bør få tilrettelegging.

Eksempelvis bør politiet få avsett tid til samvirke, eller få avspasering til møter, viss disse vert avhalde på ettermiddagstid. Medan frivillige eksempelvis kan få økonomisk kompensasjon for den tida dei brukar på samvirke utover redningsaksjonar.

I dette prosjektet kan ein inkludere fleire prosjektområde. Eg meiner aktørane saman bør setje seg ned og danne planen med bakgrunn i dette studiet, og dei områda i samvirke, som dei sjølv opplever treng betring. Her vil eg føreslå to prosjekt som kan gå parallelt. Eg meiner begge prosjektområda vil vera hensiktsmessige for samvirke.

Her har eg fokusert på å bruke studietida til politiet til å gjera dei betre kjende med ein redningsaksjon og dei frivillige redningsorganisasjonane. Slik vert dei betre rusta til å møte samvirke under ein redningsaksjon når dei kjem ut i arbeid. Vidare ser eg på nokon områder eg ynskjer skal jobbas vidare med blant dei aktørane frå politiet og dei frivillige redningsorganisasjonane, som allereie er involverte, i samvirke rundt ein redningsaksjon.

Prøveprosjekt for politistudentar og medlem frå frivillige redningsorganisasjonar:

- Bruk politiutdanninga til å bygge nettverk mellom aktørane, og kunnskap om handtering av ein redningsaksjon. Dette kan gjerast via undervisning og bruk av medlemmer frå frivillige redningsorganisasjonar. Desse kan halda innlegg om redningsaksjonar, suksessfaktorar og kva ressursar dei frivillige redningsorganisasjonane kan bidra med.
- I denne opplæringsseansen bør ein ærleg legge vekt på kva som fungerer godt, kva ein forventar av den andre aktøren, og kva som kan verta betre. Ta og opp temaet leiing, kanskje dette kan påverke til mindre mismatch av leiarrolla.
- Lag øvingar, eksempelvis ein tabeltop-øving der ein deler inn i grupper, etterfølgd av ein storøving. Aktørane er tenkt å vera politistudentar og medlemmer frå ulike frivillige redningsorganisasjonar. Her føreslår og underteikna å inkludere sivilforsvaret, som er ein aktør ein ofte møter under ein redningsaksjon. Vidare kan det vera positivt å ta med tilsette i politiet.
- Ha debriefing samla rett etter øvinga.
- Ha felles evaluering i etterkant av øvinga.

- Ved UIT Norges arktiske universitet har fjerde års medisinstudentar, saman med andre aktørar, helde ein storøving kvart år, med god suksess. Dette kan vera ein modell som ein kan hente innspel frå når ein utviklar øving til dette prøveprosjektet.

Prøveprosjekt for tilsette i politiet og medlem i dei frivillige redningsorganisasjonane:

Her vil eg legge fram nokon område eg ynskjer nemnda skal planlegge og gjennomføre minimum ein gong i løpet av prøvetida:

- Tabeltop-øving, særskilt for aktørane i KO.
- Felles samling med nettverksbygging som agenda for samlinga.
- Felles evaluering etter (minimum) ein redningsaksjon.
- Alltid gjennomføre felles debriefing ved ein redningsaksjon.

Eventuelt kan felles opplæring av ”nasjonale retningslinjer for redningstjenesten, søk etter savnet person på land”, vera ein suksessfaktor som kan vurderas i dette prøveprosjektet.

Det er tenkt at dette prøveprosjektet skal leggje til rette for å lage ein modell, eller retningslinjer, for vidareføring av suksessfaktorar for samvirke. Det bør og vurderas om nokon element treng å bli lovpålagte. Grunnen til at underteikna nemnar lovpålegging er at det som er pålagt via lov ofte er dei områda som får mest merksemd.

7.0 Konklusjon:

Problemstillinga dette studiet skal svara på er: *”Kva faktorar fremjar og hemmar samvirke rundt redningsaksjonar mellom politiet og frivillige redningsorganisasjonar?”*

Gjennom dette studiet er fleire faktorar som kan påverka samvirke i både fremjande og/eller hemmande retning kartlagt. Det er tydelig at alle dei arenaene som fører til nettverkbygging, og kjennskap til den andre aktøren, er ein fremjande faktor for vidare samvirke. Her kan vi liste opp arenaene nettverksbygging, øvingar, debriefing og evaluering. Ein viktig faktor som førar til at disse arenaene vert brukt lite, eller aldri, er tidsfaktoren.

Øvingar er ein fremjande faktor både for læringsutbytte og vidare samvirke under ein redningsaksjon. Dette krev at ein brukar rett øvingsform til rett øvingsformål. Her oppfordrar underteikna aktørane til å tenkje nytt rundt øvingsplanlegging. Eksempelvis ved å ha fleire felles småøvingar, som funksjonell-øving eller tabeltop-øving.

Studiet kartlegg og at samvirke vert fremja av god planlegging og tidleg varsling av redningsaksjonen. Vidare må planlegginga kome i gang tidleg og vera eit samvirke mellom aktørane. Dette legg grunnlag for det vidare samvirke under redningsaksjonen.

Samvirke vert og fremja ved god leiing. Bruk av leiarstilen, utviklande leiarskap, fremjar samvirke, medan bruk av leiarstilen, ikkje-leiarskap, hemmar samvirke. Dermed er mismatch av leiarrolla, ein hemmande faktor for samvirket, og mogelegvis for organisasjonsstrukturen mellom aktørane.

God bruk av læringsarenaer, som debriefing, og felles evaluering, i etterfasen av ei redningsaksjon, skapar ein robust førfase, og fremjar vidare samvirke mellom aktørane. Som vi ser kan bruk av alle disse arenaene vera ein fremjande faktor for samvirke rundt redningsaksjonar mellom politiet og frivillige redningsorganisasjonar. Dette gjeld når disse arenaene vert brukt. Studiet visar tydeleg at ein har stort forbettringspotensiale for å oppnå god bruk av alle disse arenaene. Informant nr. 5 uttalte om nettverksbygging:

Så det er veldig lite (...), med andre ord - mye kunne vert mye bedre i forhold til dette med å møtes utenom aksjoner.

8.0 Kjeldeliste

Argyris, C. og Schön, D., 1974. *Theory in practice. Increasing professional effectiveness*. San Francisco: Jossey – Bass Publishers

Aven, T. 2010. *Misconceptions of Risk*. New York, Wiley.

Blaikie, N. 2010. *Designing Social Research*. Cambridge: Polity Press

Boin, A., Hart, P. 't., Stern E. og Sundelius B. 2005. *The Politics of Crisis Management – Public Leadership Under Pressure*. Cambridge: Cambridge University Press.

Filstad, C. 2010. *Organisasjonslæring – fra kunnskap til kompetanse*. Bergen: Fagbokforlaget

Det kgl. Justis – og beredskapsdepartementet. 2011-2012. *Meld. St. 29 (2011-2012) Melding til stortinget Samfunnssikkerhet*. Tilgjengelig ved:

<<http://www.finanstilsynet.no/Global/Temasider/IT-tilsyn/Samfunnssikkerhet.pdf>> [lest 05 november 2013].

Det kgl. justis – og politidepartementet. 1999. *Den norske redningstjeneste*. Oslo: Justis- og politidepartementet, Rednings og beredskapsavdelingen

Det kgl. Justis- og politidepartementet. 2007. *Stortingsmelding nr 22 (07-08) Samfunnssikkerhet – veien til et mindre sårbart samfunn*. Oslo: Justis- og politidepartementet.

Fimreite, A. L., Lango, P., Lægreid, P. og Rykkja, L. H. 2011. *ORGANISERING, SAMFUNNSSIKKERHET OG KRISEHÅNDTERING*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

Flin, R., O'Connor, P. og Crichton, M. 2008. *Safety at the sharp end: a guide to non-technical skills*. Aldershot: Ashgate.

FORF. 2010. *RAPPORT: Frivilliges representant til lokal redningsssentral Rapport fra en landsomfattende spørreundersøkelse som kartlegger status og utfordringer i forbindelse med frivillige organisasjoners representasjon til lokal redningsssentral (LRS)*. Tilgjengelig ved: <[file:///Users/Eknes/Downloads/Rapport%20fra%20sp%C3%B8rreunders%C3%B8kelse%20om%20frivilliges%20representasjon%20i%20LRS%20\(1\).pdf](file:///Users/Eknes/Downloads/Rapport%20fra%20sp%C3%B8rreunders%C3%B8kelse%20om%20frivilliges%20representasjon%20i%20LRS%20(1).pdf)> [lest 10 november 2013].

Furnham, A. 2005. *The psychology of behaviour at work: the individual in the organization*. Hove: Psychology Press.

Helsloot, I. og Ruitenbergh A. 2004. Citizen Response to Disasters: a Survey of Literature and Some Practical Implications. *JOURNAL OF CONTINGENCIES AND CRISIS MANAGEMENT*, 12(3).

Jacobsen, D. I. 2005. *Hvordan gjennomføre undersøkelser? Innføring i vitenskapelig metode*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Johannessen, A., Tuft P. A. og Christoffersen L. *INTRODUKSJON TIL SAMFUNNSSVITENSKAPELIG METODE*. 2010. Oslo: Abstrakt forlag AS

Kolb, D. A. 1984. *Experiential learning : experience as the source of learning and development*. Upper Saddle River: Englewood Cliffs, N.J.

Kruke, B. I. 2012. *NOTAT: 7/12 SAMFUNNSSIKKERHET OG KRISEHÅNDTERING: RELEVANS FOR 22. JULI 2011*. Paper presentert til 22. Juli kommisjonen 13. mars 2012. Universitetet i Stavanger.

Kulø, O., Tronstad, S., Gladsø, O. og Halvorsen, J. 2007. *What if – hva om ingen gjorde noe? Status, utfordringer og tiltak for den frivillige redningstjenesten*. Oslo: Justis- og politidepartementet.

Larsson, G., Carlstedt, L., Andersson, L., Danielsson, E. og Johansson, A. 2003. A comprehensive system for leader evaluation and development. *Leadership & Organization Development Journal*, 24(1), s.16-25.

Nasjonalt Redningsfaglig Råd. 2013. *NASJONALE RETNINGSLINJER FOR REDNINGSTJENESTEN SØK ETTER SAVNET PERSON PÅ LAND (HØYRING)*. Tilgjengelig ved: < http://www.forf.no/?_id=96&H%F8ringsuttalelser > [lest 23 juni 2014].

Njå O. og Sommer, M. 2010. *Evaluering av øvelsesopplegg i forbindelse med snøskredredning i Rogaland 2010 Perspektiv på ledelse og skredredning*. Stavanger: Rapport nr. 22, Universitetet i Stavanger

NOU 2001: 31. 2000. *Når ulykken er ute – Om organisering av operativ ledelse – og beredskapsressurser*. Oslo: Statens forvaltningstjeneste Informasjonsforvaltningen

NOU 2012:14. 2012. *Rapport fra 22- juli-kommisjonen*. Oslo: Departementenes servicesenter Informasjonsforvaltning

Ronge, L. 2014. PÅ KURS MED DEM SOM SKAL HJELPE OSS Hjelpemannskap. Frivillige. Redningstjenesten. Du hører disse ordene når noen har gått seg vill eller er tatt av skred. Men hvem er de? Hvem kommer når noe rammer deg eller meg? (e-journal) tilgjengelig ved: Nettsida harvest.as < <http://harvest.as/artikkel/pa-kurs-med-rode-kors-hjelpekorpset> > [lest 14 april 2014].

Rosenthal, U., Boin, R. A. og Comfort, L. K. 2001. *MANAGING CRISES Threats, Dilemmas, Opportunities*. U.S.A: CHARLES C THOMAS - PUBLISHER, LTD. Springfield. Illionnes.

